

Tøffe gutar og søte jenter?

Om forholdet mellom foreldre og barn
i norrøn middelalder



Margaret Emdal

Masteravhandling i Nordisk viking- og middelalderkultur
Universitetet i Oslo

Hausten 2008

Forord

Etter ei litt kronglete ferd har denne oppgåva endeleg nådd havn, og eg vil nytte høvet til å takke alle som på ymse vis har ytt støtte og hjelp. Ei særskild stor takk vil eg rette til veiledaren min, Bjørn Bandlien, for all tålmod, hjelp, gode råd og rettleiing som har vore heilt avgjerande for å kome i mål. Vidare vil eg takke Jón Viðar Sigurðsson fordi at han sette meg på idéen å arbeide med dette temaet, og dessutan for verdfulle råd på vegen. Takk til Tim Bolton og Christian Keller for hjelp til å kome i gang med arbeidet. Og sist, men ikkje minst, ei stor takk til lærarar og medstudentar som har gjort middelalderstudiet til lærerike og interessante år.

Bildet på tittelarket er frå eit engelsk psalter frå tidleg 1200-tal som truleg har tilhøyrt dronning Margrete Skulesdotter. Kupferstichkabinett, Berlin

Innhald:

Forord	i
Innhald	ii

1. Kapittel: Innleiing, problemstilling og målsetjing

1.1. Innleiing	1
1.2. Forskningshistorie	3
1.2.1. Sagaforskning og diskursen rundt islendingesogene	3
1.2.2. Samandrag og konklusjon	6
1.2.3. Forskning på kjønn, slekt og ære	6
1.2.4. Forskning på barndom	9
1.3. Kjelder	15
1.3.1. Islendingesogene	15
1.3.2. Samtidsogene: Sturlunga saga og Byskupa sögur	17
1.3.3. Lovene: Grágás	20
1.3.4. Historiske verk	20
1.4. Problemstilling og målsetjing	21
1.5. Metode	22
1.6. Samandrag og konklusjon	23

2. Kapittel: Forhold mellom foreldre og barn i Íslendingasögur

2.1. Gutar	24
2.1.1. Forhold mellom fedre og søner	24
2.1.2. Forhold mellom begge foreldre og søner	30
2.1.3. Forhold mellom mødre og søner	34
2.2. Jenter	36
2.2.1. Forhold mellom fedre og døtre	36
2.2.2. Forhold mellom mødre og døtre	40
2.3. Fostring	41
2.3.1. Fosterforeldre og gutar	41
2.3.2. Fosterforeldre og jenter	46
2.4. Samandrag	48

2.5. Konklusjon gutar og jenter i Íslendinga saga	50
3. Kapittel: Forhold mellom foreldre og barn i Sturlunga saga	
3.1. Gutar	55
3.1.1. Forhold mellom fedre og søner	55
3.1.2. Forhold mellom mødre og søner	57
3.2. Jenter	59
3.2.1. Forhold mellom fedre og døtre	60
3.2.2. Forhold mellom begg foreldre og døtre	60
3.2.3. Forhold mellom mødre og døtre	60
3.3. Fostring	62
3.3.1. Fosterforeldre og gutar	65
3.3.2. Fosterforeldre og jenter	65
3.4. Samandrag	65
3.5. Konklusjon	67
4. Kapittel: Foreldre og barn i Biskupa sögur	
4.1. Barndom i kristen kontekst	71
4.2. Jarteikn	74
4.3. Samandrag og konklusjon	77
5. Kapittel: Konklusjonar	82
Bibliografi	86

KAPITTEL 1

Innleiing, problemstilling

1.1. Innleiing

Det er lett å ta det for gitt at barndom slik vi opplever den i vår tids kultur er slik den skal vere, vi meiner at den er naturleg og universell. Ut i frå vår posisjon i historia er det ikkje så lett å sjå er at den er prega av vår tids ideal og eit resultat av prosessar som har gått over tid. Det er det Ellen Schrupf kallar "universalisering" av barndom.¹ Vår oppfatning av barndom vert heva over tid og stad, men samtidig vert den vert prega av nokre "blinde punkt" som vi ikkje reflekterer over fordi vi tar dei for gitt. Men berre i løpet av dei siste femti åra har barns kvardag endra seg mykje. Tilhøva har gått frå autoritære forhold med heimeverande mødre og fråverande fedre, til fri oppseding og oppvekst i regi av offentleg omsorg og barnehagar. Det viser at oppveksttilhøva for barn ikkje er ein konstant faktor, men kulturelt og historisk betinga. Ved å gå tilbake i historia kan vi avdekke nokre av desse "blinde punkta". Vi vil då sjå at barndom har arta seg på mange ulike vis. Barndomshistorie vil óg gi eit verkty til å forstå korleis barnet er historisk og kulturelt skapt. Men barnet er ikkje berre kulturelt skapt, det er viktig å forstå barnets natur innanfor den historiske og kulturelle konteksten.²

Eg vil i denne oppgåva ta for meg barnet i norrøn middelalder, kva faktorar det var som avgjorde barns oppvekstvilkår og kva forhold dei hadde til foreldra sine. Er det i det heile mogleg å nytte historiske kjelder til å finne svar på desse spørsmåla? Og i så fall, kva kan barns oppvekstvilkår fortelje om samfunnet generelt?

Korleis definerer vi begrepet barndom, og kvar gjekk grensa mellom barn og vaksen i det norrøne samfunnet? Ordet "barn" er norrønt frå "barn" og kjem frå verbet "å bera", eigentleg "den som er boren".³ Det er viktig å skille mellom begrepa "barn" og "barndom". Barnet er det konkrete individet. Om barndomen har det hovudsakleg vore to oppfatningar gjennom tidene.⁴ Den eine gir barnet ein sosial funksjonell bestemmelse og seier at barnet er eit økonomisk ansvarleg og sosialt integrert individ. Den andre oppfatninga bestemmer barnet ut i frå biologi og realitetar som kan målast vitskapeleg, som alder, fysiologi og modning.

Går vi til lovsamlinga frå den islandske fristatstida, *Grágás*, fekk barn rettar alt i 7 årsalderen: gutar fekk lov til å døype barn i eit naudfall, om barnet var sjukt og ingen andre

¹ Schrupf 2007: 8

² Schrupf 2007: 10

³ Zoega 2004: 43

⁴ Schrupf 2007: 10

kunne tilkallast.⁵ Endå yngre gutar kunne utføre dåp om dei kunne Pater Noster og Credo. Men jentene måtte vente til dei var over 12 år for å kunne døype i naudfall. Det verkar som at dei unge fekk ei meir ansvarleg rolle i samfunnet ved 12-årsalderen, då dei fekk visse rettar. Men i fylgje *Grágás* er myndighetalderen for alle 16 år. Då vart dei strafferettsleg ansvarleg (Vígslodi, kap. 297 xxxv.), son eller dotter kunne råde over arv (Festa-þátr, kap. 118 i) og den som hadde eit fosterbarn måtte sørge for det til det var 16 vetrar gamalt (Ómaga-balkr, kap. 103 xxi). I denne oppgåva er det det kjenslemessige forholdet mellom foreldre og barn som er tema, og då spelar ikkje alderen ei så stor rolle. Forholdet mellom foreldre og barn sluttar ikkje om personane vert eldre. Mange kjelder fortel om foreldre og barna deira etter at dei er vaksne. Eg vil difor ikkje operere med ei klar aldersmessig avgrensning for barn.

Eg vil starte med å sjå på dei samfunnsmessige omstende og endringar på Island i tida frå landnámet og fram til landet vart lagt under norsk herredøme. Så vil eg ta for meg forskningshistorien og kjeldene som oppgåva byggjer på.

Samfunn og politikk

Det islandske landnámet starta kring 870, då dei fyrste vikingane busette seg på Island.⁶ I *Landnámabók* skriv Ári Þórgilsson at landnámsperioden varer til ca. år 930: ”*Svá segja fróðir menn, at landit yrði albyggt á sex tígum vetra, svá at eigi hefir síðan orðit fjölbyggðra. Þá lifðu enn margir landnámsmenn ok synir þeira.*”⁷ Nyare forskning tyder på at landet fyrst var ”albyggt” litt seinare, omkring år 950.⁸ Vi kallar perioden frå år 930, då *Alþingi* (Alltinget) vart etablert på Þingvellir, og fram til 1262/64 for ”fristatstida”.⁹ Perioden 930-1030/50, landnámstida, vert ofte kalla ”saga öld” (sagatid).

Barn i fristatstida vaks opp på gardar som kunne gi bustad til mange menneske. Desse hushaldningane inneheldt: kjernefamilie, eldre og yngre slektningar, tenarar og trælur.¹⁰ Truleg var det 20-25 individ på ein gard. Termen ”familie” eksisterte ikkje i det norrøne språket, i staden nytta dei termen ”fjölskylda”, som den gong sto for ”nokon ein har plikt til å forsørge; ei gjerning som ikkje må forsømast”.¹¹ Dei store primærgardane vart gradvis delt opp i mindre gardar fram til ut på 1200-talet.

⁵ Grágás, *Kristinna laga þátr*, kap. 5, s. 5

⁶ Sigurðsson, Gjerland, Losnegård 2005: 117

⁷ Lnd: Fimmti lhoti, 15. kapituli

⁸ Sigurðsson, Gjerland, Losnegård 2005: 144

⁹ Sigurðsson 1999: 9

¹⁰ Lnd, fyrsti hlutti: 404 menn og 11 kvinner er nevnt som landnámamenn, Ingólfr vert rekna som fyrstemann. Truleg var det omlag 10 000 landnámamenn på Island på 900-talet.

¹¹ Sigurðsson, Gjerland, Losnegård 2005: 126

Landet vart delt i 4 fjerdingar frå om lag 965: Norðlendingafjórðungr, Sunnlendingafjórðungr, Austfirðingafjórðungr og Vestfirðingafjórðungr.¹² Frå starten av hadde goðar frå kvar fjerding til saman 48 *goðorð* på Alltinget. Det førstatlege samfunnet var dominert av hushalda og gardane som rivaliserte om makt. Hushaldet og det lokale fellesskapet vart meir viktig for folk enn slekta, som ofte budde langt borte.¹³ Mannen var leiaren på garden og hadde plikt til å forsvare hushaldet sitt. I dette samfunnet vart æra eit viktig begrep.

Frå årtusenendet skjedde det endringar i dei politiske og religiøse forholda på Island. Makta i landet som hadde vore delt på mange høvdingar kom gradvis på hendene til stadig færre menn. Truleg vart det ikkje oppretta fleire *goðorð* etter år 1000, eller seinast rundt år 1100.¹⁴ I år 999/1000 vart kristendommen vedtatt som statsreligion. Siste delen av fristatstida, frå 1220 og utover, vert også kalla "Sturlunga öld". Dette var ein uroleg og nærmast borgarkrigsliknande periode prega av maktkampar, vald og tortur.¹⁵ I 1262/64 vart Island ein del av kongeriket Noreg, det fekk ein ny konstitusjon og høvdingstyret forsvann.

1.2. Forskningshistorie

Eg vil i denne bolken sjå på dei forskningsretningane som oppgåva sorterer under: forskninga og diskusjonen rundt islendingesogene, forskning på kjønnsroller og forskning på barndom. Dei såkalte samtidssogene, som består av kompilasjonane *Sturlunga saga* og *Biskupa sögur*, vert som namnet seier rekna som samtidshistorie og det er lite usemje om kjeldeverdien. Når det gjeld islendingesogene er det fleire moment som gjer dei omstridde som historisk kjeldemateriale. Den store avstanden i tid frå dei aktuelle hendingane skal ha funne stad og til sogene vart nedskrivne skaper tvil om sanningsgehalten, og det heftar usemje om kor vidt vi kan godta teorien om oral overlevering, og i så fall korleis prosessen kan ha foregått. Sjølve transkripsjonen av islendingesogene er også vanskeleg å datere. Eit forsøk på å klassifisere dei kronologisk på ei liste i tidsrommet mellom 1200 og 1400-talet er omstridd.

1.2.1. Sagaforskning og diskursen om islendingesogene

Forskning på sagalitteraturen tok til på 1600-talet og sagamaterialet og vart frå starten av sett på som delar av ein historisk tradisjon. Forskarane meinte at dei inneheldt ei historisk sanning frå landnåmstid og at hendingane i sogene var *beretningar* om forfedrene og den tida hendingane skal ha skjedd (frå ca. 800-talet og framover).¹⁶ Den såkalla *friprosateorien*

¹² Sigurðsson, Gjerland, Losnegård 2005: 130

¹³ Sigurðsson, Gjerland, Losnegård 2005: 156

¹⁴ Sigurðsson, Gjerland, Losnegård 2005: 150

¹⁵ Sigurðsson 1999: 71

¹⁶ Ólason 1987: 37

differensierte ikkje mellom ulike sjangerar. Dei meinte at islendingesogene hadde opphav i muntlege historier som hadde vorte oralt overført frå generasjon til generasjon inntil dei vart nedskrivne på pergament på 1200-talet.¹⁷

Frå fyrste delen av 1900-talet sette forskarar eit kritisk lys på friprosateorien. Moderne kjeldekritikk ville ikkje godta at islendingesogene hadde overlevd frå 170 og opptil 400 år som muntleg beretning. Ei gruppe forskarar som kalla seg ”den islandske skulen”, med Sigurður Nordal i spissen, hevda på 1950-talet at islendingesogene var reine forfattarverk, dikta og nedskrivne på 1200-talet.¹⁸ Desse *bokprosaistane* meinte at islendingesogene var rein fiksjon og ubrukelege som historisk kjeldemateriale.¹⁹ Dei heldt derimot islendingesogene for litteratur av beste merke, og sette Njáll på nivå med Oedipus eller Cassandra.²⁰

Bokprosaistane fekk gjennomslag og i ein periode vart det nærmast ikkje vart forska på islendingesogene. Fyrst på 1970-talet kom ein ny generasjon forskarar som igjen tok til å interessere seg for islendingesogene som historisk kjeldemateriale. Forskarnane delte seg i to retningar: *historisk antropologi* og *litterær antropologi*. William Ian Miller er representant for den historiske antropologien. Han nyttar islendingesogene som *kjelder* til historie, og meiner at situasjonar og menneske vi møter i sogene fortel om den tida dei skal ha skjedd: frå vikingtid og fram til slutten på fristatstida. Miller tek utgangspunkt i retts- og sosialhistorie og meiner at ein kan slutte til enkelte sider ved det norrøne samfunnet som normer, feider, politisk praksis og slektskapsstrukturar ved å analysere enkelthandlingar i sagaene. Miller meiner at islendingesagaene er betre eigna som historisk kjelde enn dei normative kjeldene fordi dei har ei realistisk form, dei inneheld plots frå familielivet og kunne godt ha hendt.²¹ Lovene er meir problematiske fordi ein ikkje veit korleis dei vart praktisert i det verkelege livet.²²

Preben Meulengracht Sørensen representerer den andre forskningsretninga, *den litterære antropologien*. Han ser på islendingesogene som *levningar* til 1200-talet. Med det meiner han at sogene ikkje fortel om sjølve hendinga, men om hendinga slik den arta seg i forfattarens auge. Meulengracht Sørensen skuldar Miller for å unngå psykologiske og etiske vurderingar i sagaanalysene sine.²³ Han klarer å definere målet for feiden, men det går galt når han forsøker å gi intrigen ei rasjonalistisk forklaring. Meulengracht Sørensen skuldar óg ”den islandske skulen” for å sette likheitsteikn mellom fiksjon og litteratur, medan litteratur

¹⁷ Nordal 1957:11

¹⁸ Byock 1988: 28. Begrepet ”bokprosa” vart fyrst brukt av Andreas Heusler om dei som har meir tru på det skrevne enn på det orale opphav i sagaene.

¹⁹ Nordal 1957:13

²⁰ Nordal 1957:33

²¹ Miller 1990: 45

²² Miller 1990: 44

²³ Meulengracht Sørensen 2000:145

vert sett opp som ei motsetning til historie.²⁴ På den måten vert historie framstilt som røynd, medan litteratur representerer fiksjon og fantasi; dette er ein anakronistisk dikotomi slik han ser det. For Meulengracht Sørensen består sagastudiet av to disiplinær: filologi og historie. Han meiner at begge aspekta må vere med når ein analyserer islendingesoger.²⁵ Han ser ikkje konvensjonell kjeldekritikk som relevant når det gjeld tolkning av materiale frå norrøn tid. Men tekst frå fortida må tolkast før den kan brukast av oss i vår tid; den må tidfestast og plasserast som tekst i historien, og vi må forsøke å forestille oss korleis publikum oppfatta teksten i si samtid.²⁶ For den litterære analysa er det ikkje viktig om teksten er sann etter vår tids vurdering. Hovudsaka er at teksten vart halden for sanning i si tid.

Miller og Meulengracht Sørensen åpna opp for ein ny æra innan sagaforskning. Frå 1970-talet og utover har det kome til forskarar med eigne innfallsvinklar. Hanne Monclair nyttar sogene som *levningar* når ho forskar på ein ideologi for varebytte og gåvekultur. Ho legg særlig vekt på at teksten må presenterast som del av ein kontekst, då vi ellers kan få eit statisk bilde av sogene, som om dei representerer eit tidlaust *saga society*.²⁷ Monclair er ein av fleire som går inn for å fjerne sjangerbetegnelse som skil mellom samtidssoger og islendingesoger. Ho meiner at det i utgangspunktet ikkje var ein "sjanger" som danna skille mellom diktning og sanning. Begrepa oppsto som eit resultat av striden i forbindelse med islandsk og norsk nasjonalisme på 1900-talet, og den burde vere eit tilbakelagt stadium.²⁸

M. I. Steblin-Kamensky er også kritisk til skillet mellom samtidssoger og islendingesoger. Han er tilhengar av *non identity*-hypotesen, som hevdar at dei norrøne islendingane tenkte forskjellig og mindre rasjonelt enn oss, og at dei difor ikkje var i stand til å skille mellom tekst og kontekst.²⁹

Torfi H. Tulinius ser på alle soger som eit heilt korpus, uansett sjanger, og legg vekt på at fornaldersogene må vere med.³⁰ Dei har ofte vore avskrivne som rein fiksjon og eventyr, men dei representerer ein link til dei europeiske riddersogene som kom til Norden på 1200-talet. For islendingane, som for folk på kontinentet representerte genealogien og helteforteljningane i nokre av islendingesogene og fornaldersogene ein måte å distingvere seg på.³¹ Tulinius foreslår at sjangerbetegnelse for samtidssoger, fornaldersoger og

²⁴ Meulengracht Sørensen 1989: "Den norrøne litteratur og virkeligheden", s. 136

²⁵ Meulengracht Sørensen 2000:142

²⁶ Meulengracht Sørensen 1989:141

²⁷ Monclair 2003:12

²⁸ Monclair 2003:25

²⁹ Steblin-Kamensky 1975: "Some Considerations on Approaches to Medieval Literature", *Medieval Scandinavia* s. 187-191

³⁰ Tulinius 2000:244

³¹ Tulinius 2000:248

islendingesoger vert erstatta med eit generisk system som organiserer dei i høve til 5 prinsipp: genealogi, geografi, religion, det overnaturlige og sosial status.³²

Jón Viðar Sigurðsson nyttar islendingesoger som *beretning* når han forskar i politisk kultur, og trur dei vil verte meir og meir viktige i den framtidige debatten om fristatssamfunnet.³³ Han er kritisk til levningaspektet, og meiner det ikkje løyser problemet, i alle tilfelle står det att mange ting som må drøftast. Sigurðsson ser på samtidsogene som det primære kjeldegrunnlaget til islandske samfunnsforhold i perioden ca. 1120-1300, sjølv om dei heller ikkje kan lesast utan kritikk. Samfunnsforholda vert framstilt på forskjellig vis i islendingesagaene og i samtidssagaene og han finn det difor uheldig om dei forskjellige sagasjangerane vert brukt om einannan utan at lesaren vert gjort merksam på det.

Eit vidare spørsmål Sigurðsson meiner er viktig når vi diskuterer islendingesogene er graden av *kontinuitet* i samfunnet.³⁴ Om kontinuiteten var lav mellom tidleg 900-tal og seint 1200-tal er ikkje islendingesogene ei god kjelde til historie. Men dersom det var høg kontinuitet, slik han forestillar seg det var på mange område, kan islendingesogene vere gode kjelder. Det gjeld særleg for område som slektskapssystem, konfliktløysing og for kva som var godtatt og ikkje godtatt oppførsel, størrelsen på hushaldningane, om generøsitet og vennenester. Han meiner at sosiale endringar viste seg særleg i høve til introduksjonen av kristendommen og den politiske utviklinga.

Bjørn Bandlien meiner at islendingesogene kan fortelje mykje om normer og ideal knytt til kjønnsroller, religiøse mentaliteter og verdsbilde.³⁵ Ved å nytte sagalitteraturen som levning i mentalitetshistorisk forskning meiner han det er mogleg å avdekke forestillingsunivers i middelalderen. Gjennom diakrone analyser i mentalitets- og kulturhistoriske problemstillingar kan islendingesogene også gi eit bilde av korleis tankar og forestillingar endra seg i takt med nye samfunnsinstitusjonar, ideal og normer.

1.2.3. Forskning på kjønnsroller, slekt og ære

Fram til 1900-talet dominerte kjønnteorien som vert kalla ”ettkjønnsmodellen”, som går ut i frå at menn og kvinner har lik anatomi, men med ulikt eller motsett arrangerte kjønnsdelar. På ein verdiskala vart den aktive og handlekraftige mannen plassert på toppen og den passive kvinna nederst. ”Tokjønnsmodellen” vart lansert tidleg på 1900-talet, den hevdar at menn og kvinner har fundamentalt forskjellig biologi.³⁶ På 1960- og 1970-talet konstaterte psykologar

³² Tulinius 2000:252

³³ Sigurðsson 2005:131

³⁴ Sigurðsson 1999: 28

³⁵ Bandlien 2001:259

³⁶ Moi 1998:28

at kjønnsidentiteten ikkje alltid samsvarar med dei medfødde genitaliene, og dei tok til å dele kjønnsbegrepet i to kategoriar. ”Sex” vert då brukt som ein biologisk og medisinsk kategori, medan ”gender” står for den sosiale, kulturelle og psykologiske kategorien. Dette begrepsapparatet vert nytta av historikarar og arkeologar. Kvinneforskning vart ein del av historiefaget på 1970-talet, både internasjonalt og i norrøn samanheng. Sidan 1990-talet har synet på kjønn og kjønnsidentitet vorte meir differensiert.³⁷ Genderbegrepet vert kritisert for å vere kunstig og kroppslaust; forskarar som Thomas Laqueur og Judith Butler meiner det er ahistorisk å skille mellom biologisk og sosialt kjønn.³⁸

Sidan 1980-talet har også den islandske sagalitteraturen vore gjenstand for kjønnsforskning, og i fyrste omgang var det kvinnene som var forskningsobjektet. Anna Sigurðardóttir var mellom dei fyrste som skreiv ned sagakvinnenes historie.³⁹ Jenny M. Jochens konstaterte at kvinnene i islendigesogene var meir handlekraftige og dominerande enn kvinnene på kontinentet.⁴⁰ Ho har særleg interessert seg for kvinnene som egga menn til hevndrap, men konkluderte med at bildet av dei norrøne heltinnene er feil, og skapt på 1200-talet av kristne menn for å setje den heidenske fortida i eit dårleg lys.⁴¹ Carol J. Clover tok fram eittkjønnsteorien for å forklare den norrøne kjønnsproblematikken.⁴² Som begrep for ”det maskuline prinsipp” sette ho *hvatr* (hard, kvass), den feminine motsatsen var *blauðr* (mjuk). Clover diskuterte kor vidt norrøne menn kunne tillate seg å verte for *blauðr* utan å miste ære, og motsett, om det var positivt eller negativt for kvinner å vere *hvatr*.⁴³

I dei siste åra har fleire forskarar teke for seg norrøne kjønnsroller og mentalitet, og debatten har vorte utvida til også å omfatte menn, barn og slektskap. Bjørn Bandlien har forska i kjærleikens kår og ekteskap mellom islendingar i fristatstida, og om korleis dei endra oppfatningar om samliv og forelskelse i løpet av middelalderen.⁴⁴ Særleg i perioden frå 1150 til 1250 kom det nye historier og forestillingar frå utlandet som endra folks forventningar og idéar om ekteskap og kjønnsroller.⁴⁵ Bandlien har også teke for seg vikingmannens rolle i fristaten og korleis han vart påverka av religiøse og politiske endringar. Her forsøker han å definere idéane om det å vere mann, korleis maskulinitet vart forma og kvar grensene gjekk mellom maskulint og feminint i det norrøne samfunnet.⁴⁶

³⁷ Moi 1998:67

³⁸ Laqueur 1987 og

³⁹ Sigurðardóttir 1985: ”Vinna kvenna á Islandi í 1100 ár”

⁴⁰ Jochens 1986: ”The Medieval Icelandic Heroine: Fact or Fiction?”, s. 39

⁴¹ Jochens 1886: 49

⁴² Clover 1993: ”Regardless of Sex”

⁴³ Clover 1993:381

⁴⁴ Bandlien 2001: ”Å finne den rette. Kjærlighet, individ og samfunn i norrøn middelalder”, s. 259

⁴⁵ Bandlien 2001:260

⁴⁶ Bandlien 2005: 2

Jón Viðar Sigurðsson har hatt fleire innfallsvinklar til det norrøne mennesket, som homoseksualitet og forskning på slektskap. Han konkluderer med at slektskapssystemet på Island var *bilateralt* i fristatstida: kvar person hadde ei gruppe slekt frå både mors- og farssida. Slektsgruppene overlappa kvarandre og danna eit nett av slektsgrupper der kvart ledd hadde sin eigen funksjon. Berre ektefødde sysken var med i same slektsgruppa. Dette gjorde det mogleg å fylgje forskjellige slektsledd bakover i tid. Fristatssamfunnet hadde også patrilineære trekk, berre søner førte ætta vidare. Eit teikn på det var bruken av patronym i personnamn. Slekta står ikkje særleg sterkt i bilaterale samfunn, det gjer at kjernefamilien står sterkt. Det svake slektskapsbegrepet og uklare høve utanfor kjernefamilien fører til sterkare vekt på venskaps- og nabosamvirke. Sigurðsson meinar at auka fokus på kvinne- og kjønnsforskning og sosialhistorie har ført til ”å bringe ny viten inn i diskusjonen om det islandske fristatssamfunnet og korrigere gamle vrangforestillinger”.⁴⁷ Forskinga har tatt ei antropologisk vending som sette ætta og utvikling/klassifikasjon av slektskapssystemet i fokus.⁴⁸

Æresdiskursen

Ære er eit begrep og ein norm for menneskets verdi i samfunnet. Dei fleste forskarar er samd i at æra spela ei stor rolle i det norrøne fristatssamfunnet. Diskusjonen har dreia seg om kor vidt alle samfunnslag hadde same form for ære og i like stor grad, og om kvinner hadde eiga ære. Sverre Bagge meinar det fanst ei lov for stormannen, og ei anna for trælen, høg og lav vart ikkje dømt etter same kriterier.⁴⁹ Trælen hadde inga ære og heller ikkje rett til å setje seg opp i mot herren. Forsøk på det ville berre gjere han endå meir forakteleg. Ein fri mann hadde derimot ei eiga ære; grensa gjekk mellom fri og ufri.⁵⁰ Den frie mannen kunne auke æra si om han pleia venskapsbanda til gilde menn med gåver og gjestebod.

Jón Viðar Sigurðsson gir tilslutning til ein idé om at æra var todelt.⁵¹ Den sosiale ære gjaldt for samfunnstoppar og menn som konkurrerte på den sosiale rangstigen. Hierarkisk ære vart delt ut av kongen til menn som utmerka seg i hirden eller i krig. Denne typen ære vart ikkje overført til heimesfæren. For bøndene i lokalsamfunnet, som for kvinnene, gjaldt den ordinære æren, og den kunne kvar og ein tilegne seg. Men i praksis var dei nok meir opptatt av å skaffe levebrød til seg og sine enn i å konkurrere om ære, i fylgje Sigurðsson.

⁴⁷ Sigurðsson 2005:124

⁴⁸ Sigurðsson 2005:125

⁴⁹ Bagge 1998: 65

⁵⁰ Bagge 1998: 66

⁵¹ Sigurðsson 2005:115, etter Helgi Thorlálsson (2001 b): ”Virtir menn og vel metnir”, ss 20-21

Preben Meulengracht Sørensen meiner at både gutar og jenter til ein viss grad kom til verda med den status og ære som hørde familien og ætta til.⁵² Men seinare måtte dei arbeide for æra si, og æresbegrepet arta seg på forskjellig vis for dei to kjønna. Unge menn spela ei aktiv rolle i samfunnet og skaffa seg ære ved å slåss og å skaffe seg rikdom. Unge kvinner var mest ærbare som passive. Gifte koner tok del i mennenes ære, deira oppgåve var det å passe på menns og søners ære.

1.2.4. Forskning på barndom

I vest-europeisk middelalder

Den franske historikaren Philippe Ariès fekk æra av å setje middelalderbarnet på forskningsagendaen då han i 1960 hevda at idéen om barndom ikkje hadde eksistert i den kristne middelalderen.⁵³ Ariès henta inspirasjon til idéane sine i middelalderens bildekunst, som fyrst tok til å framstille barn på 1200-talet.⁵⁴ Han tenkjer seg at foreldra i middelalderen lot vere å binde seg for sterkt kjenslemessig til barna fordi at så mange av dei døyde eller forsvann. Barnet vart ikkje halde for å vere eit ferdig individ med same personlege eigenskapane som ein vaksen.⁵⁵ Fyrst mot slutten av middelalderen tok dette synet på barn ttil å endre seg, ettersom leveutsiktene for dei små då vart betre. "Barndom" vart fyrst vart eit begrep på 1500- og 1600-talet.

Ariès' negative syn på middelalderens barndom fekk støtte på 1960- og 1970-talet av mellom anna Lawrence Stone.⁵⁶ Endå sterkare gjekk Lloyd de Mause ut og hevda at barnets historie er "eit mareritt som vi berre nyleg har teke til å vakne opp frå".⁵⁷ Jo lenger bakover i historien vi går, dess verre blir nivået på omsyn til barn, og større sjansen for misbruk, skriv han. "Barn vart drept, kasta ut av heimen, slått, terrorisert og utsett for seksuelle misbruk".⁵⁸ Dei vaksne trudde at dei var fulle av ondskap og difor trengte tukt og projiserte sine egne redsler og problem på barnet, difor vart barn gitt bort til fostring eller som tenarar til kloster eller rike familiar.⁵⁹

Frå 1980-talet kom det ei rekke bøker som protesterte mot dei negative teoriane til Ariès. Linda Pollock finn ikkje støtte i kjeldene for at foreldre i middelalderen var likegyldige til om barna deira døyde og utsett for grusomme ting.⁶⁰ Det finst trekk ved menneskeleg

⁵² Meulengracht Sørensen 1995: 246

⁵³ Ariès 1962: 33. På originalspråk 1960: "L'Enfant et la vie familiale sous l'ancien régime" by Librairie Plon, Paris.

⁵⁴ Ariès 1962: 34

⁵⁵ Ariès 1962: 39

⁵⁶ Lawrence 1979:254

⁵⁷ Mause 1974: "The Evolution of Childhood", s. 1, i eiga omsetjing frå engelsk

⁵⁸ Mause 1974: 6

⁵⁹ Mause 1974: 51

⁶⁰ Pollock 1987: "A Lasting Relationship. Parent and Children over Three Centuries", s. 12

erfaring som ikkje endrar seg over tid: følelsar som kjærleik, sorg og sinne er universelle i alle samfunn og kulturar. Ut i frå denne konteksten kan vi sjå endringar, kontinuitet og variasjonar i måten barn har vore behandla på i kvart samfunn.⁶¹

Middelalderhistorikarane Barbara A. Hanawalt og Shulamit Shahar tok også avstand frå Stone og Ariès.⁶² Dei er samde i at barndommen var eit begrep i middelalderen, og at foreldre investerte i både materielle og emosjonelle ressurser i barna sine. Dei viser til antikkens lærde og middelalderens skolastikarar som delte barndommen i distinkte periodar med faste kjenneteikn.⁶³ Hanawalt studerer livsløpa til personar i middelalderens London frbarn til vaksen alder og ser etter forholdet mellom natur og omsorg, om det er biologien eller kulturen som er best ivaretatt. Begge delar er viktige for barn i oppvekst.⁶⁴ Shahar er opptatt av dei kulturelle og dei biologiske faktorane. Dei endrar seg over tid, og det same gjer foreldrerolla og synet på barn, oppseding og opplæring.⁶⁵ Ho nemner andre faktorar som avgjer utviklinga: økonomi, materiell kultur, medisinsk kunnskap og hygienisk standard, politisk og sosial struktur, tru og verdisystem. Barnet vil alltid vere avhengig av omsorg og pleie opp til ein viss alder for å overleve, og derfor er ein stor del av oppsedingprosessen bestemt av biologiske prosessar. Dette er del av den kulturelle tilstanden i eit samfunn, ingen ville overleve utan ein tradisjon for barneomsorg og oppseding. Shahar meiner dette er uerstattelige og universelle element i kvart samfunn, og dei ser Ariès bort i frå! Når barn døde var det eit resultat av manglande medisinsk kunnskap, og ikkje manglande emosjonelt engasjement.⁶⁶

Ei rekkje bøker tar for seg barn i samband med familieforhold og ekteskap, som Jack Goody og Michael M. Sheehan. Goody forskar på giftemål mellom slektningar, fostring og adopsjon i skotsk historie og middelalderdrama.⁶⁷ Sheehan brukar Chaucers "The Wife of Bath and Her Four Sisters" som kjelde når han forskar på familien i rettshistorien, det kristne ekteskapet, fødsel og barndom.⁶⁸ Jacqueline Murray peikar på at familiar i middelalderen ikkje hadde same fokus på kjernefamilien som vi har i moderne tid.⁶⁹ Familiane før omfatta mange fleire medlemmer; t.d. hadde biskopen i sitt hushald tenarar, klerkar, krigarar og eit stort antal slektningar. Handverkaren var avhengig av innsatsen til både tenarar og lærlingar, forutan eigne born og kone, foreldreause, vaksne ugifte slektningar og gamle foreldre. Dette

⁶¹ Pollock 1987: 13

⁶² Hanawalt 1993: "The Ties that Bound. Peasant Families in Medieval England" i 1986 og "Growing Up in Medieval London, the Experience of Childhood in History", Shahar 1990: "Childhood in the Middle Ages"

⁶³ Hanawalt 1993: 8, Shahar 1990: 1

⁶⁴ Hanawalt 1993: 9

⁶⁵ Shahar 1990: 1

⁶⁶ Shahar 1990: 2

⁶⁷ Goody 1983: 68

⁶⁸ Sheehan 1996: "Marriage, Family, and Law in Medieval Europe"

⁶⁹ Murray 2001: 415

betyr ikkje at banda mellom foreldre og barn ikkje eksisterte, dei kunne vere både intense og fulle av følelsar. Foreldre tok ansvar for barna slik barna seinare tok seg av aldrande foreldre.

Andre bøker handlar om barns levekår. Michael Orme har skreive ei bok om barndom i middelalderens England.⁷⁰ Han har samla mange prov på at barna både vart sett og ivaretatt på mange vis. Det vart feira når dei kom til verda, det vart arrangert kulturelle aktivitetar for barn, og det vanka leiketøy, spel og litteratur. Orme viser at også barn i middelalderen hadde eit sjølvstendig liv, dei leika og samlast utan foreldreoppsyn, og fann på ting dei ikkje hadde lov til. Barna tok naturlegvis også del i livet til dei vaksne, på godt og vondt.⁷¹ Dei måtte tilpasse seg tisdsskjema, religion og undervisning. På enkelte område vart barn handsama meir som vaksne: 12 år gamle, og endå yngre, vart dei gifta bort eller sendt i kloster.⁷² Om det verkar som om det var eit skifte i synet på barndom på 1500- og 1600-talet kan grunnen vere mangel på skriftlege kjelder frå middelalderen. Colin Heywood ser på idéen om barndom som ein sosial konstruksjon, avhengig av tid og stad. Interessa for barn har endra seg med tidene, og kvart samfunn har hatt konkurrerende oppfatningar om barn. Vi må heller sjå etter viktige vendepunkt i samfunnet, og finne ut korleis desse verka inn på skiftande materielle og kulturelle vilkår. Idéar som ”uskuld” og ”sårbarhet” er ikkje ei fundamental sanning.⁷³

Norrøn barndom

I boka "Fortølling og ære", i kapitlet om ”Mænds og kvinders ære”, tar Preben Meulengracht Sørensen for seg barndom i islendingesogene.⁷⁴ Han meiner at når sogene skildra mannens barndom var det ofte for å framheve dei trekk ved guten som ville gi han ry og ære i vaksen alder. Han peikar også på at representantane for dei to kjønna - gut og jente, kvinne og mann - hadde komplementære roller å leve opp til.⁷⁵ Dei fekk ulike kulturelle oppgåver, guten var den aktive og utadvendte, han kunne vinne eller tape ære på å vise prestasjonar, konkurrere og å skaffe seg eigedom. Jenta hadde ei kulturelt passiv rolle, ho måtte halde seg i heimen utan å ta aktivt del i samfunnet om ikkje æra hennar skulle verte krenka. Med giftemålet vart desse posisjonane endra for både kvinner og menn.⁷⁶ Då var det ikkje lenger mannens fremste rolle å konkurrere og skaffe eigedom, men å ta vare på den ære og eigedom han til då hadde samla. For den gifte kvinna endra óg rolla seg, no var ikkje passivitet ein dyd lenger. Med ekteskapet

⁷⁰ Orme 2001: ”Medieval Children”, s. 5

⁷¹ Orme 2001: 8

⁷² Orme 2001: 9

⁷³ Heywood 2001: ”Barndom”, s. 30

⁷⁴ Meulengracht Sørensen 1993: 216

⁷⁵ Meulengracht Sørensen 1993: 228

⁷⁶ Meulengracht Sørensen 1995: 247

fekk ho eigen innflytelse over familiens ære.⁷⁷ Ved å påvirke mannen kunne ho no bidra til å auke familiens ære, og ho fekk ansvar for at mannen ikkje sette æra si over styr.

Som eit resultat av teorien om det komplementære forholdet mellom kjønna har Meulengracht Sørensen også utleia ein teori om at dei kulturelle rollene til foreldre og born ordnar seg i *fire grunnposisjonar*:⁷⁸ Den aktive guten og den passive jenta vert vaksne og får motsette krav i høve til ære: den unge mannen går frå konkurranse og prestisje til respektabel ro i vaksen alder. Den unge kvinna går frå respektabel passivitet til aktivt å kontrollere mannens ære. Av desse fire grunnposisjonane er det den unge mannen og den modne kvinna som skaper dynamikk og uro og set æra på spel. Den etablerte husbonden forsøker å halde fast maktbalanse og fred, den unge jenta har ingen innflytelse. Dette gjer at vi i islendingesogene finn dei sterkaste og mest harmoniske relasjonane mellom mor og son, og mellom far og dotter. Mor vil då støtte sonen og hans forsøk på å skaffe seg prestisje og framgang, medan far vil ynskje å etablere fredelege allianser med dottera og andre familier.

Else Mundal har i ein artikkel frå 1985 skrive om "Barneutbering".⁷⁹ Her tar ho for seg ein skikk som vi finn omtalt i enkelte soger, og som det dessutan er omtalt i dei eldste norske lovsamlingane.⁸⁰ I artikkelen "Forholdet mellom born og foreldre i det norrøne kjeldematerialet" tar ho for seg kjelder som kan kaste lys over forholdet mellom barn og foreldre.⁸¹ Ho skriv at granskning av barnets stilling i det norrøne samfunnet kan opne for ei betre forståing av samfunnet i det heile. Mundal tar utgangspunkt i skikken med fostring fordi den var ein sentral del av barndommen i det norrøne samfunnet.⁸² Litteraturen, både soger og lover, gir mange opplysningar om fostringssystemet, og Mundal trur at det er stor grunn til å feste lit til desse kjeldene. Ellers meiner ho at kan skildringa av barn i litteraturen ofte kan vere underordna litterære funksjonar og lover som vi må ta omsyn til.⁸³ Motiva kan verke standardiserte og likne ei form. Til dømes peikar ho på barneskildringar som fungerer som frampeik til personens liv som vaksen.⁸⁴ Likevel meiner ho at sjølve situasjonen kan vere realistisk og fortelje noko om korleis barndom arta seg.

Sverre Bagge har i boka "Mennesket i middelalderens Norge. Tanker, tro og holdninger 1000-1300" med eit kapittel om barn. Han ser moment i den norrøne kulturen som kan tyde på eit negativt syn på barn. Til dømes tyder det norrøne ordet for "trælkvinn", *ambótt*, truleg

⁷⁷ Meulengracht Sørensen 1995: 236

⁷⁸ Meulengracht Sørensen 1993: 248

⁷⁹ Mundal 1985: 122

⁸⁰ Mundal 1985: 123

⁸¹ Mundal 1988: 9

⁸² Mundal 1988: 14

⁸³ Mundal 1988: 13

⁸⁴ Mundal 1988: 14

også "amme" eller "barnejente".⁸⁵ Pass av barn hadde dessutan lav status og var overlatt til dei lavaste på rangstigen, trælane. Det kan heller ikkje vere tilfeldig at det er skriva så lite om barn, det meste av det som står i sagaene har til hensikt å fortelle om personen som vaksen. Bagge meiner det var vel på dette området som med den romantiske kjærleiken: store individuelle forskjellar, ikkje alle ser barna sine som små englar, og i alle fall ikkje alltid! Sverre Bagge peikar også på den bilaterale slektsstrukturen, det at menneska hadde to forskjellige slektsamanhengar, ein eigen for kvar av foreldra.⁸⁶ Det gjorde at når ei kvinne gjekk inn i ekteskapet kunne ho få problem fordi ho ikkje hadde nokon naturleg allierte i den nye familien. Men gjennom barna sine, og særleg gjennom sønene, vart ho integrert i den nye familien. Denne problemstillinga er kjent både frå Europa og andre land. Det same er kjennsgjeringa om eit nært forhold mellom mor og son. Sonen kan knyte seg sterkare til mor enn til far fordi at han står i eit konkurranseforhold til faren. Det gjer at han kan velge å ta parti med mora i konflikt med faren.

Nokre hovudfag- og masteroppgåver ved norske universitet har hatt barn som tema. Hjørdis J. Grove skreiv hovudfagsoppgåve om barns sosiale kår.⁸⁷ Nic Percivall tok i hovudfagsoppgåva si frå 2000 for seg forholdet mellom far og son, og korleis islandske høvdingar førte arven vidare til sønene sine.⁸⁸ Ho konkluderte mellom anna med at den norrøne høvdingen var meir prega av affeksjonar når han bestemte kven av sønene som skulle arve høvdingdømmet enn det som var tilfelle hos aristokratar i Europa, der primo genitur vart praktisert.⁸⁹ Den norrøne høvdingen valde seg tidleg ut ein favorittson som han tykte var best egna til høvdingoppgåva, og han var ikkje alltid den eldste.⁹⁰ Denne utvalde sonen vart tidleg budd til tenesta som stormann med ekstra trening og opplæring. Percivall bygg vidare på far og son-temaet i doktoravhandlinga si der ho analyserer forhold mellom fedre og søner frå islandske høvdingfamiliar på 1100-1200-talet, og samanliknar dei med aristokratar i 1000- og 1100-talets Normandie.⁹¹ Her er konklusjonen at maskulinitet ofte var eit potensiale for konflikt mellom far og son. Maskulin identitet og status var eit aktuelt tema for far i fasen medan guten var i ferd med å bli vaksen. Faren havna ofte i ei rolle der han skulle forsørge og bere fram den unge, men også hindre guten i å utkonkurrere seg sjølv. Dette skapte behov for ei form for kontrakt som definerte dei sosiale og kulturelle rollene til far og son.⁹² Forhold

⁸⁵ Bagge 1998:27

⁸⁶ Bagge 1998:26

⁸⁷ Grove 1993: "Forholdet mellom born og foreldre i det norrøne kjeldematerialet"

⁸⁸ Percivall 2000: "Affection Tempered by Pragmatism? The Favouritism Practised by Icelandic Chieftains in the Selection of Heirs in the Twelfth and Thirteenth Centuries up to the End of the Commonwealth".

⁸⁹ Percivall 2000:1

⁹⁰ Percivall 2000:95

⁹¹ Percivall 2005: "Ideals, Masculinity and Inheritance: A Study of Father/Son Relationships Presented in the Narrative Sources of Iceland and Normandy in the Eleventh to the Thirteenth Century"

⁹² Percivall 2005: 243

mellom islandske fedre og søner var i meir prega av harmoni og lojalitet, medan sønene i Normandie i større grad måtte yte lojalitet mot far utan å kunne forvente seg tilsvarende lønn tilbake.⁹³

Arkeologane vart merksame på middelalderbarnet på 1980-talet. I 1989 argumenterer Grete Lillehammer for at barnet må bli eit forskningssubjekt, ikkje fordi at det tidlegare har hatt ein anonym posisjon, men fordi det vil gi eit viktig bidrag til den generelle sosialhistorien.⁹⁴ Ho meiner at vi ved å søke "barnets verden" vil vi kunne sette lys på måten kultur og tradisjonar har vorte overført frå generasjon til generasjon. Med "barneverda" meiner ho den kulturen som vert skapt ut i frå barns eige engasjement i samfunnet, den kulturen som vert overført frå vaksne til barn, og kulturen som vert overført frå barn til barn utan innverknad frå andre. Tre faktorar er viktige her: barns forhold til omverda, barns forhold til foreldre og forhold barn i mellom. Utfordringa vert å finne ut korleis ein oppdagar barneverda.⁹⁵ Innan arkeologien kan skjelettleivningar etter barn gi grunnlag for tolkning. Lillehammer etterlyser ellers meir fokus på barns leik, som i fylgje moderne vestlig syn er det mest karakteristiske uttrykket for barneverda.⁹⁶ Leiketøy kan sette lys på relasjonen mellom vaksen verd og barneverd. Sidan har arkeologen Sigrid Samset Mygland skrivt ei hovudoppgåve der ho undersøkte funn av leiker og barnesko frå Bryggen i Bergen.⁹⁷ Mygland konkluderer med at fleire av leikene kan relaterast til kjønnsroller, som dukker, båtar, våpen og hestar.⁹⁸ Meir enn to tredelar av desse kjønnsrelaterte gjenstandane er "guteleiker": miniatyrar av våpen, hestar og båtar. Dei speglar vaksne aktiviteter og er relatert til barn i dei eldste aldersgruppene, frå 5-6 års-alderen og oppover.

I 2008 har Liv Dommasnes og Melanie Wrigglesworth redigert artikkelsamlinga "Children, Identity and the Past" som tar for seg forskning på barn i fleire disiplinær, som arkeologi og kunsthistorie, historie, psykologi, pedagogikk og antropologi. Dei ser store kulturelle og regionale variasjonar i måten dei forskjellige og akademiske tradisjonane handsamar temaet på. Det er viktig å forstå kulturelle variasjonar i vår tid for å forstå fortida.

I boka si om barndomshistorie stiller Ellen Schrupf spørsmål om kor vidt vi har tilgang til barnet i historien.⁹⁹ Ho er opptatt av at vi må forstå barnet i eit kulturhistorisk perspektiv, med det meiner ho at vi ikkje kan nå barnet direkte. Vi må vere klar over at det mellom oss og fortida ligg kulturelle filter av notidas og fortidas oppfatningar om kva eit barn

⁹³ Percivall 2005: 244

⁹⁴ Lillehammer 1989: 90

⁹⁵ Lillehammer 1989:96

⁹⁶ Lillehammer 1989:94

⁹⁷ Mygland 2003: "Barn i byen. En arkeologisk analyse av gjenstandsmateriale knyttet til barn i Bergen, fra ca. 1100-1700"

⁹⁸ Mygland 2003: 46

⁹⁹ Schrupf 2007: 12

er. Ut i frå desse filter silar og formar vi historia. Samtidig er det gjennom desse idéane og oppfatningane av vi har tilgang til barnet i historien. Vi må sjå barnet som aktør og subjekt i den historiske utviklinga. Barnet er skapande, men óg skapt av dei strukturelle rammene som omgir barnet til ei kvar tid.¹⁰⁰ Historie er ein fortolkande vitskap, vi treng språklege filter for å få tilgang til fortida. I det vi erkjenner fortida får språket ei konstituerande rolle.

Barndomshistorikarane har delt seg i tre hovudretningar, som fortel historien i tre hovudforteljingar:¹⁰¹ den om *forfall*, den om *kontinuitet* og den om *framsteg*. Forfalls-retninga er kritisk til modernisering og hevdar at barna hadde det betre før. Forskarar som Shahar og Pollock meiner at samfunn før og no er grunnleggjande like, og at det har vore ein kontinuitet i utviklinga. Aries og de Mause høyrer til dei som meiner at historien har gjort framsteg. Dei meiner at barnet i fortida hadde det vondt, men at det så kom til eit brot i kontinuiteten og at deretter går stadig betre.

1.3. Kjelder

Som kjeldemateriale til denne oppgåva vil eg i hovudsak nytte eit utvalg av det islandske sagamaterialet. Sogene høyrer inn under dei to sjangerbetegnelse *Íslendinga sögur* og *samtíðssoger*, sistnevnte er eit samlenamn på sogene i kompilasjonane *Sturlunga saga* og *Biskupa sögur*. Av tidsomsyn har eg måtta begrense utvalet til nokre soger frå kvar sjanger. Eg meiner sogene dannar eit representativt utvalg, konklusjonane i denne oppgåva er basert på dette utvalet. Lovsamlinga *Grágás* vert nytta som referansemateriale.

Íslendingesogene

Mellom 35 og 40 forskjellige soger sorterer under kategorien *Íslendingasögur*.¹⁰² Dei vart transkriberte til pergament på 1200-talet, eller kanskje alt før 1200, etter muntlege soger.¹⁰³ Men íslendingesogene handlar om fortida, dei fortel om landnåmsperioden (ca. 870-930), nokre fortel om korleis folk levde i Noreg før dei utvandra. Og dei fortel om korleis folk levde på Island i perioden fram til midt på 1000-talet, "Saga öld" vert rekna ca. 930-1030/50. Skildringar om bondehovdingane og deira kamp om ære er ofte heroiske.¹⁰⁴ Land og styre vart delt mellom mange hovdingar, det gjorde at fristaten Island i denne fyrste perioden var eit egalitært samfunn. Nokre av sogene startar langt tilbake og fortel om landnåmet; om korleis dei fyrste settlarane forlet Noreg og busette seg på Island. Men eit tema som går att er

¹⁰⁰ Schrupf 2007: 13

¹⁰¹ Schrupf 2007: 14

¹⁰² Ólason 1993:333

¹⁰³ Byock 1988: 38,

¹⁰⁴ Ólason 1993:333

familiefeidene og striden om ære. Sogene er ofte personlege, dei gir eit blick inn i livet til enkeltpersonar og familiar, dei handlar om kjærleik, venskap og svik, og dei fortel om møtet med ein ny religion på ein direkte og særeigen måte.

Forfattarane som skreiv islendingesoger er ukjente, men må i fylgje Bjarne Fidjestøl ha kjent til den kontinentale litterære kulturen.¹⁰⁵ Sogene inneheld innslag frå ridderlitteraturen som kom til Skandinavia på 1200-talet.¹⁰⁶ Men i hovudsak danna sagaforfattarane sin eigen litterære sagatradisjon, der eit av måla var å ta vare på oralt overleverte minne om forfedrene. Eit anna mål kan ha vore å sikre at genealogien vart bevart for framtida. Sogene handlar om kjente personar, delar av stoffet kan vere autentisk og dei løyner mykje gamalt stoff. Men delar av sogene kan óg vere henta frå andre gamle kjelder, kanskje mangla dei nokre eigne opplysningar.¹⁰⁷ Sogene fekk nye endingar og slik vart nye kunstverk skapt ut i frå gamle soger. Dei eldste bevarte fragmenta av islendingesoger stammar frå 1250-talet. Det vart produsert avskrifter utover middelalderen og seinare

I denne oppgåva har eg brukt fylgjande islendingesoger:

Egíls saga Skalla-Grímssonar, ca. 1200 – 1230

Hallfreðar saga vandræðaskald, ca. 1200-1230

Pátr Þrándar ok Sigmundar eller *Færeyjinga saga*. Hendingane skriv seg frá starten av busetjinga og fram til ca. 1050.¹⁰⁸ Truleg ca. 1250. Delar av sagaen er med blandt kongesogene i *Fláteyjarbók*, men den har tidlegare eksistert som sjølvstendig saga.

Laxdæla saga, frå ca. 1230-1270

Gunnlaugs saga ormspungu, truleg forfatta kring 1270-1300-talet, om skalden Gunnlaug.

Brennu-Njáls saga, frå ca. 1270 – 1300

Hrafnkel saga freysgoði, frå ca. 1270-1300

Grettis saga Ásmundarsonar er truleg nedskriven på 1300-talet. Den handlar om den fredlause skalden Gretti og inneheld mange fantastiske og magiske scener.

Kórmaks saga, om skalden Kórmak som skal ha levd frå ca. 937 til 967.¹⁰⁹ Eldste manuskriptet finst i Mödruvalla-bók frå omkring midten av 1300-talet. Undset er ikkje sikker på om denne saga er basert på ei muntleg soge. Lik saga om Gretti har den mange trolldoms- og eventyrmotiv. Ofte er det sogene om einslege og barnlause menn som inneheld dei mest fantastiske scenene med magi og fantasi. Undset peikar på at sogene om ættfedrene oftast har

¹⁰⁵ Fidjestøl 1968:12, i forordet til *Laxdæla saga*

¹⁰⁶ Fidjestøl 1968:11

¹⁰⁷ Fidjestøl 1968: 9

¹⁰⁸ Grieg 1994: 354

¹⁰⁹ Undset 1923: "Forord"

meir preg av historisk pålitelighet, til dels fordi dei har bevart minnet om aktuelle hendelsar betre, dels fordi dei har meir sanndru menneskelskildringar.

Viga-Glúms saga. Eldste eksisterende manuskriptet finst i Mödruvalla-bók frá omkring midten av 1300-talet, men stykke av saga finst i ei anna skinnbok. Sagaen er rekna for å vere ein av dei eldste og neppe yngre enn tidlig på 1200-talet.¹¹⁰ Handlar om høvdingen Glum som budde i Eyjafjord og levde frå ca. 935 til 1003.¹¹¹ Sagaen er nøktern og utan fantastiske element. Glum ville vise seg som stormann, men han overestimerte kreftene sine. Overmøt gjorde at han mista garden sin og enda opp som fredlaus.

Bandamanna saga, eldste eksisterende manuskript i Mödruvalla-bók frá omkring midten av 1300-talet.¹¹² Finst i to versjonar og ein lengre. Handlar om handelsmannen Odd Ufeigsson som var på alltinget midt på 1050-talet.

Samtidssogene: Sturlunga saga og Biskupa sögur

Dei to kompilasjonane *Sturlunga saga* og *Biskupa sögur* går saman under samlenamnet *samtidssogene* fordi dei er samla på grunnlag av kjelder som vert rekna som samtidige.

Sturlunga saga

er ein kompilasjon av soger og vert rekna som einaste kjelde til islandsk historie i islandsk fristatstid.¹¹³ Den er ein kronikk over hendingar som fann stad på Island i tidsrommet 1117-1264.¹¹⁴ Kompilasjonen er truleg samla av lovmannen Þórðr Narfason (truleg d. 1308).¹¹⁵ Som kjelder har han nytta soger av ukjente forfattarar som levde samtidig eller rett etter at hendingane fann stad. Dei vert stort sett rekna som pålitelege. Berre ei av desse sogene, *Hrafns saga Sveinbjarnarsonar*, eksisterer i ein sjølvstendig versjon utanfor kompilasjonen. Gudrún Nordal meiner at ein ved å samanlikne dei to versjonane kan seie noko om intensjonen med *Sturlunga saga*. Den fortel om maktkampen mellom høvdingfamiliane som rivaliserte om makta på Island på 1100 og 1200-talet.¹¹⁶ Soga gir óg eit blick inn i den sosiale konteksten for hendingane, og den gir detaljerte skildringar om sentrale personar, som forfattarane *Snorri Sturluson* (d. 1179), *Óláfr Þórðarson* (d. 1259) og *Sturla Þórðarson* (1214-84).¹¹⁷ Når vi nyttar *Sturlunga saga* som *historia* er det viktig å ta omsyn til at *Sturlunga saga* vart laga med ein intensjon om å fremje ideologien og verdiane til herskarane,

¹¹⁰ Undset 1923: "Forord"

¹¹¹ Undset 1923: "Forord"

¹¹² Undset 1923: "Forord"

¹¹³ Nordal 2000: 222

¹¹⁴ Egilsdóttir 1993b: 616

¹¹⁵ Nordal 2000: 221

¹¹⁶ Nordal 2000: 229

¹¹⁷ Nordal 2000: 221

og at motivet var maktkamp mellom rivaliserande høvdingar.¹¹⁸ Vi kan gå ut i frå at realiteten i det islandske samfunnet ellers var meir komplekst enn det verket gir uttrykk for.

Sturlunga saga har namn etter høvdingeætta på garden Skarð, *Hvamm-Sturla* og sønene Þórðr, *Sighvatr* og *Snorri*.¹¹⁹ Den har óg gjeve namn til ein periode i Islands historie, ”Sturlunga öld”. Samlinga er bevart i to litt ulike eksemplar, *Króksfjarðarbók* (skriven 1360-1370) og *Reykjarfjarðarbók* (kanskje litt seinare).¹²⁰ Ingen av desse versjonane har bevart teksten i original form.

I denne oppgåva har eg nytta fylgjande soger:

Geirmundar táttr heljarskin er ei fornaldersog med handling som skriv seg frå tida før landnåmet, ca. 850-900.¹²¹ Fungerer som opphavssoge for familiane i Sturlunga saga. Fokuserer på kor viktig slektskap er og gir aristokratisk binding til ein norsk konge.¹²²

Borgils saga ok Hafliða fortel om feidene mellom dei to høvdingane som er nevnt i tittelen. Handlingane foregår i åra omkring 1117-1121.

Sturlu saga, om Hvamm-Sturla og sønene hans og konfliktene han hadde med andre høvdingar i perioden frå 1148 til 1183. Siste delen av saga tar for seg striden som gjorde at Sturla fekk både prestane og høvdingar mot seg.¹²³

Íslendinga saga er den lengste av sogene i Sturlunga saga. Det er den einaste som har ein kjent forfattar, Sturla Þórðarson (1214-1284) som var nevøen til Hvamm-Sturla.

Haukdæla þáttr er ein del av *Íslendinga saga* og fortel om genealogien og landnámshistoria til Haukdølene, og vart lagt til rett før Gizurr Þorvaldsson vart født.¹²⁴ Haukdæla þáttr fungerer i fylgje Guðrun Nordal som nøkkel til hendingane i Sturlunga saga, der Gizurr er den eigentlege helten.¹²⁵ Han er óg den einaste som vert presentert med eigen tått. Rivalen hans er Sturla Sighvatsson, dei to islendingane konkurrerer om å bli Hákon Hákonssons jarl då han blir konge i 1217.

Biskupa sögur

Biskopsogene vart nedskrivne frå ca. 1200 -1350 og fortel om dei fyrste islandske biskopane som levde frå ca. 1050 - 1300.¹²⁶ Sogene fungerer som hagiografi, men vert óg rekna som

¹¹⁸ Nordal 2000: 222

¹¹⁹ Egilsdóttir 1993b: 616. Navnet ”Sturlunga saga” fekk den først på 1700-talet.

¹²⁰ Egilsdóttir 1993b: 616

¹²¹ Kálund 1904: 1

¹²² Nordal 2000: 226

¹²³ Nordal 2000: 230

¹²⁴ Nordal 2000: 229

¹²⁵ Nordal 2000: 231

¹²⁶ Egilsdóttir 1993a: 45, Byock 1988: 35

samtidige kjelder til kyrkjehistorie.¹²⁷ Ei innvending mot biskopssogene er at dei er laga etter latinsk mønster og tilpassa kyrkja sine interesser om å spre eit bodskap.

Frå *Biskupa sögur* har eg nytta:

Þorláks saga biskups, A og B-utgåvene. Om biskop Þorlákr Þórhallsson ins helga som var biskop på Skálholt 1178-1193. Han vart erklært til Islands fyrste helgen på *Alþingi* i 1198 og konsektrert same året.¹²⁸ Samtidig vart óg fyrste mirakla hans opplest av biskop Páll Jónsson, dei dannar hovuddelen av den eldste *jarteina*-samlinga. Þorláks saga finst i tre versjonar, versjon A er forfatta på latin og vert kalla "in elzta". Den er truleg eldst av biskopssogene. Versjonane B og C er litt meir detaljerte enn A.

Jóns saga helga om Jón Ögmundarson, biskop på Hólar 1106-1121. Vart konsektrert helgen i 1200. Soga er forfatta på latin av munken Gunnlaugr Leifsson (d. 1218/19). Den eksisterer kun i tre islandske versjonar.¹²⁹

Páls saga biskups om Páll Jónsson som var biskop på Skálholt etter Þorlák (d 1211). Soga gir samtidig ei kontinuerleg historie om bispesetet Skálholt og om kyrkja.¹³⁰

Ísleifs þátr biskups om fyrste islandske biskop, vidd i Brimum (Bremen) og biskop på Skálholt 1056-1080. Er bevart i *Óláfs saga helga* i *Fláteyjarbók* (slutten av 1300-tal) og i eit manuskript frá 1400-talet.¹³¹

Árna saga biskups om Árni Þorláksson, fødd i 1237¹³², død i 1298. Yngste saga om biskopane på Skálholt, muligens forfatta omkring 1300 av slektning og etterkomar Árni Helgason.¹³³

Laurentíus saga biskups om Laurentius Kálfsson (d. 1331), den yngste av biskopssogene frá Hólar.¹³⁴ Vart skriven av Einarr Hafliðason (d. 1393).

Jarteikn

Jarteikna tilsvare "miraklet" i latinsk hagiografi. Mange av dei handlar om barn, og eg har i denne oppgåva nytta nokre av jarteikna til Þorlákr som finst i *Jarteinabók* og i *Þorláks saga biskups*, versjon B.¹³⁵ Tanken med mirakler var at helgenane hadde erfart ei så stor grad av pietet og reinheit at dei hadde overvunne syndene som høyrer til i den verdslege sfæra.¹³⁶ Dei hadde teke plass i himmelen og kunne tene som mellomledd mellom Gud og menneske. Den

¹²⁷ Egilsdóttir 1993a: 45

¹²⁸ Egilsdóttir 2002: V

¹²⁹ Egilsdóttir 1993a: 45

¹³⁰ Egilsdóttir 1993a: 45

¹³¹ Egilsdóttir 1993a: 45

¹³² Arn 1. kap. s. 3

¹³³ Egilsdóttir 1993a: 45

¹³⁴ Egilsdóttir 1993a: 45

¹³⁵ Egilsdóttir 2002: XLIV

¹³⁶ Weinstein 1982: 5

særlege kjærleiken til Gud sette helgenen i stand til å gi lækjedom og hjelp til menneske i naud, ved sjukdom og ulukker.

Lovene: Grágás

Eg har i denne oppgåva nytta den islandske lovsamlinga frå fristatstida, *Grágás* som referanse. Truleg vart lovene nytta i den islandske lögretta alt på 900-talet, og dei tok til med å skrive ned lovene på Breiðabolstaðir hos Háfliði Mátsson vinteren 1117-18.¹³⁷ Desse lovene vart aldri stadfesta, men var meir som ei privat lovsamling. Lovene i Grágás eksisterer framleis i to manuskript som er svært forskjellige, *Konungsbók* og *Staðarhólsbók*. Dei vart begge nedskrivne etter 1246, *Konungsbók*-versjonen er frå etter 1250-talet og *Staðarhólsbók* er frå ca. 1270.¹³⁸ Det er vanskeleg å vite kva lover som var med i eldste utgåva, og kva som kom til på 1100- og 1200-talet. Dei to utgåvene er ikkje heilt identiske. Lovmaterialet vert av dei fleste halde for å vere pålitelege kjelder, men bestemmelsane må óg tolkast.¹³⁹ Når lovene forbyr ei handling kan vi gå ut i frå at den handlinga var eller hadde vore praktisert, men dei seier ingen ting om kor vanleg og utbreidd denne handlinga var. Eg har nytta *Staðarhólsbók*-versjonen. Den er delt i 5 hovudkapittel som (mellom anna) seier fylgjande om barn:¹⁴⁰

1. Kristinna laga þáttr, kristenrettane, om barnedåp:

Alle menneske i landet skal verte kristna (s. 1). Kvalt barn som er fødd skal først til kyrkja fyrst råd og på den måte som er mogleg. Faren er ansvarleg for at barnet vert døypt, og om ikkje faren er der så har mora ansvaret. Er barnet så sjukt at det kan dø, og er det ikkje mogle å skaffe ein prest, skal ein ulærd mann døype barnet (s. 4). Ein far som døyper sitt sjuke barn skal skille seng med kona fyrst (s. 5). Gutar på 7 år kan døype om barnet er sjukt og ingen andre kan tilkallast (s. 5). Endå yngre gutar kan utføre dåp om dei kan Pater Noster og Credo. Både kvinner og menn over 12 år kan døype i naudfall.

2. Erfða þáttr, om arv. *Festa þáttr*, om ekteskap og skilsmisse (s. 155).

3. Ómaga-bálkr, om forhold mellom frender. I kap. 83 står det om forsørgelsesplikt (s. 103):

Ein mann pliktar fyrst å forsørge mor si, så far sin, så barna sine. Deretter syskena, dei han skal arva, dei han har arva, så løysingane han har gitt frelse til. Når far ikkje lever eller kan ta ansvar er mor ansvarleg for borna sine (s. 109). Om fostring (s. 106).

4. Festa-þáttr, om giftemål og eigedom (s. 118).

5. Vigslóði, strafferett for den som begår drap og skade på andre (s. 334).

¹³⁷ Sigurðsson 1999: 156

¹³⁸ Sigurðsson 1999: 18

¹³⁹ Mundal 1988: 12

¹⁴⁰ Grágás *Staðarhólsbók* (etter Vilhjálmur Finsen 1879), 1974

6. *Landabrigðis-þáttr*, om overføring av land (s. 155).

Historiske verk

Islendingabók av Arí froði Þorgilsson frá ca. 1130

Landnámabók er fyrste versjonen av historieverket til Arí froði Þorgilsson. Originalversjonen er tapt men den eksisterer i fleire kopiar frå 1200- og 1300-talet.

1.3. Problemstilling og målsetjing

Denne oppgåva skal handle om barnet i den islandske fristaten. Eg vil forsøke å finne ut korleis barn vart kulturelt forma gjennom relasjonar til foreldre og fosterfamilie, og har valt å fokusere på forholdet mellom foreldre og barn. Eg vil sjå på kjærleiken mellom mor, far og son, dotter: var det i det norrøne, islandske samfunnet ein norm at foreldre skulle elske barna sine, og kan vi ut i frå dei valde kjeldene sjå at dei norrøne foreldra viste omsorg for barna sine? Eit anna sentralt spørsmål er korleis dei norrøne foreldra stilte seg til disiplinering av barna, og korleis tukt og straff eventuelt vart utøvd. Eg vil óg sjå på korleis foreldre og barn fungerte saman i eit kjønnspektiv: var det ein forskjell på den merksemd jenter og gutar fekk frå mor og far, og kan vi sjå at ein av foreldra hadde preferanse på enten gutar eller jenter?

Det er vanskeleg å kome utanom skikken med fostring, fordi den var svært utbreidd. Kan vi sjå på den som eit teikn på manglande kjærleik mellom barn og biologiske foreldre? Korleis var forholdet mellom barn og fosterforeldre, og kvifor denne skikken var så utbreidd? Og korleis verka konstallasjonen biologiske foreldre, fosterforeldre og barn?

Denne oppgåva er basert på litteratur frå tre ulike sjangerar som har bakgrunn i tre forskjellige samfunnskontekstar. Dei tre kjeldegruppene utgjer kapittel 2, 3 og 4 i oppgåva. Eg ventar at desse tre kjeldegruppene vil syne ulike mønster i forholda mellom foreldre og barn. Dei ulike konklusjonane for kvar av kjeldegruppene vil peike på kvar og korleis endringar i samfunnet har funne stad. Eg vil prøve konklusjonane i kvart kapittel opp i mot to hypoteser for korleis eg trur haldningane til barn kan ha endra seg:

Hypotese 1: Eg ventar i denne undersøkinga å finne at forhold mellom foreldre og barn endra seg over tid som ei fylgje av sosiale og kulturelle endringar i samfunnsforholda.

Hypotese 2: Eg ventar i denne undersøkinga å finne at det innanfor same tid eksisterte forskjellige haldningar til barn på 1200-talets Island, men i forskjellige skikt av samfunnet.

Mitt mål med denne undersøkinga er å belyse eit felt som det foreløpig er forska lite på: barnets stilling i det norrøne samfunnet, og nærmare bestemt på barns forhold til foreldre og fosterforeldre i den islandske fristaten. Dermed vil eg gi eit bidrag til mentalitetshistorisk forskning på vikingtid og middelalder. I vidare forstand vil oppgåva gå inn som del av kjønns- og samfunnsforskninga. Eg trur at også forskning på barnets stilling i det norrøne samfunnet vil gi eit verdfullt bidrag til diskusjonen om norrøn middelalder.

1.4. Metode

Ut i frå kjeldene som er omtalt: *Íslendingasögur*, *Sturlunga saga* og *Biskupa sögur* vil eg hente ut episodar som skildrar kommunikasjon og forhold mellom foreldre og barn. Under kvar av dei tre hovudkategoriane ("Íslendingasögur", "Sturlunga saga" og "Biskupa sögur") vert episodane kategorisert i hovudbolkar for "jenter", "gutar" og "fostring". Desse vert igjen delt inn i underkategoriar for forhold mellom far og son, og i forhold mellom mor og son; og i forhold mellom far og dotter, og mellom mor og dotter. For fostringsforhold vert kategoriar nytta for fosterforeldre og søner, og for fosterforeldre og døtre. Ut i frå antal forekomster av skildringar innanfor kvar kategori vil eg freiste å seie noko om korleis forhold mellom foreldre og barn arta seg i eit kjønnsperspektiv; korleis mor, far, dotter og son levde saman. Eg meiner at tema og hendingar som vert omtalt innanfor dei ymse kategoriane vil fortelje noko om korleis dei respektive personane levde, og kva oppfatningar dei hadde. Lovsamlinga Grágás vert nytta som referansemateriale, saman med sekundærlitteratur.

Når det gjeld spørsmålet om kjeldeverdien til islendingesogene vil eg til ei mentalitetshistorisk oppgåve som denne nytte dei som *levningar til 1200-talet*. Det vi veit nokolunde sikkert om sogene er tidspunktet dei vart nedskrivne, og det er mest truleg at forfatternen ga personane den mentaliteten han sjølv var ein del av. Så får vi dessutan vite noko om korleis han såg på historien han skildra. Eg trur óg at det har vore ein rimeleg bra kontinuitet og at forfatternen gjennom islendingesogene gir oss eit bilde av hans fortid slik den var overlevert.

Og som svar på sjangerspørsmålet har eg i denne oppgåva valt å halde på ei inndeling som skil mellom islendingesoger og samtidssoger. Dei ymse sogene er laga ut i frå særskilde høve som eg meiner at det i ei mentalitetshistorisk oppgåve er naudsynt å ta omsyn til. Ein annan gong, og for eit anna tema kan dette vere mindre viktig. Eg held ellers med Tulinius når han deler sogene inn etter dei fem prinsippa *genealogi*, *geografi*, *religion*, *det overnaturlege* og *sosial status*.¹⁴¹

¹⁴¹ Tulinius 2000:252

1.5. Samandrag og konklusjon

Eg har valt å starte historiografien om forskning på barn med Aries fordi at han var den fyrste som kom til å skrive eit verk om barnet i middelalderen. Han representerer ei retning innan barndomshistorien som meiner at historien har gjort framsteg: at barnet har fått det betre framover mot moderne tid. Forskinga hans er knapt relevant for det norrøne området, og eg er ikkje samd med han i at ein kan trekke konklusjonar om barns liv på grunnlag av middelalderens kyrkjekunst. I europeisk målestokk har det sidan vorte forska ein god del på middelalderbarna. Mange forskarar, både i Europa og i Skandinavia, har gått i mot idéane til Ariés. Dei meiner at barnet i middelalderen hadde ein barndom, og at mange hadde det bra. Med det omfattande kjeldematerialet som det islandske sagamaterialet utgjer er det óg mogleg å forske på menneskets levekår i norrøn middelalder, og nokre få har tatt for seg tema om norrøn barndom før meg. Eg vil i denne oppgåva setje fokus på kjærleiken mellom barn og vaksne, og korleis familiens levekår utvikla seg på Island i fristatstida.

Meiningane har vore delte om, og korleis, dei ymse sogetypene kan nyttast i historisk forskning, og særleg har det vore strid om islendingesogene. Eg har for denne oppgåva valgt å fylgje forskningstradisjonen *litterær antropologi*, og eg vil sjå på islendingesogene som *levningar* frå 1200-talet.

KAPITTEL 2

Forhold mellom foreldre og barn i islendingesogene

Dette kapitlet skal handle om barnets vilkår i samfunnet slik det vert skildra i islendingesogene. Eit av hovudtema er feider om ære mellom bondehovdingane som delte på makta i eit egalitært samfunn. Kva kjenneteiknar forholdet mellom foreldre og barn i islendingesogene? Kan vi seie at dei hadde ein norm for kjærleik som sa at foreldre skulle elske barna sine? Og kan vi seie at foreldra viste omsorg for barna sine? Og kva seier islendingesogene om disiplinering av barn?

Eg vil òg teste innhaldet i islendingesogene i høve til hypotetisk-deduktiv metode for å finne ut korleis forhold mellom foreldre og barn endra seg over tid, og om det i samfunnet eksisterte fleire alternative oppfatningar parallellt i forskjellige delar av samfunnet. Hypotesene lyder: nr. 1): Eg ventar å finne at forhold mellom foreldre og barn i fristatens Island endra seg over tid som ei fylgje av sosiale og kulturelle endringar i samfunnsforholda. Og nr. 2): Eg ventar å finne at det eksisterte forskjellige haldningar til barn innanfor same tid, men i forskjellige skikt av samfunnet på 1200-talets Island.

2.1. Gutar

Denne bolken inneheld scener frå islendingesogene som handlar om forhold mellom gutar og fedre i islendingesogene. Eg tar og opp problematikken om fosterforhold: korleis var forholdet mellom gutar og fosterforeldre? Og mellom fosterforeldre og biologiske foreldre?

2.1.1. Forhold mellom fedre og søner

Far er streng

Grettis saga Ásmundarsonar

Ásmund hærulang var sonen til Þorgrim hærukoll og Þordis.¹⁴² Þorgrim var ein flink bonde som dreiv arbeidsfolket sitt hardt. Som barn og ung gut ville ikkje Ásmund gjere stort på garden, og forholdet mellom han og Þorgrim var kaldt. Då Ásmund var vaksen ville han reise til Noreg. Þorgrim ville ikkje gi han ferdagods, men det endte med at han fekk med seg nokre saker. I Noreg skaffa Ásmund seg meir gods, han var godt likt, lovknunnig og djerv.¹⁴³ Han traff Ragnhild og tok henne med til Island, dei bosette seg på farsgarden Bjarg.¹⁴⁴

¹⁴² GsÁ, kap. 13 (s. 33)

¹⁴³ GsÁ, s. 34

¹⁴⁴ GsÁ., kap. 14 (s. 35)

Þorgrim var streng mot sonen fordi Þorgrim tykte at Ásmund var lat. Han deltok ikkje i gardsarbeidet så mykje som faren ynskte. Som vaksen vart Ásmund omtalt som flink og ein dyktig arbeidskar.

Egils saga Skalla-Grímssonar

Skalla-Grím og Bera fekk svært mange barn, men dei eldste døydde tidleg.¹⁴⁵ Så fekk dei ein son som dei auste vatn på og kalla Þórólfr. Han var betre enn sine jamnaldrande i det meste; vakker, gladlynt og tidleg stor av vekst, og likna bestefaren Þórólfr Kveld-Úlfsson. Han var tidleg fullkomen i det meste og godt likt av alle. Mora og faren var svært glade i han.

Ein annan av sønene til Grímur og Bera fekk namnet Egill. Ein kunne tidleg sjå at han likna faren sin: han var svært stygg, og svart i håret. Tre år gamal var han like sterk som gutar på seks-sju år. God til å tale og flink med ord. Den våren Egill fylte tre år vart Skalla-Grím bedd i gjestebod hos svigerfaren Yngvar.¹⁴⁶ Han fekk ta med så mange han ville av familien sin, og det vart til at Bera, Þórólfr og nokre huskarar skulle vere med – dei var femten i alt. Egil sa til faren sin at han óg ville vere med: ”á ek þar slíkt kynni sem Þórólfr.” Men Skalla-Grím ville ikkje la han fare: ”Ekki skaltu fara,” [...] ”því at þú kant ekki fyrir þér at vera í fjólmenni, ðar er drykkjur eru miklar, er þú þykkir ekki góðr vidskiptis, at þú sér ódrukkinn.” – Etter at dei andre var reist sette Egil seg på hesten sin og reid etter. Han var med på festen og det enda bra.

Else Mundal ser på denne hendinga som eit typisk døme på barneskildringar som har ein litterær funksjon. Ho meiner at scena med den tre-årige Egil fungerer som frampeik til hans vaksne liv.

Gunnlaugs saga ormsþungu

Gunnlaug ormsþungu er 12 år gamal då han bestemmer seg for at han vil reise ut i verda og sjå korleis sedene er i andre land.¹⁴⁷ Faren til Gunnlaug, Illugi svartí Hallkelsson, vil ikkje at han skal reise og nektar å sende med han utstyr til reisen. Det endar med at Gunnlaug rid i veg likevel. Gunnlaug kjem til ein gard der han får bu og han forlovar seg med dottera på garden. Svigerfaren er god mot han, likevel reiser Gunnlaug frå garden og jenta han er glad i og taper henne til ein annan. Han vert ein dyktig skald, men han har ein karakter som gjer at han hamnar i strid med andre. Han er også *ojafnamaðr*.

¹⁴⁵ ESG, kap. 31 (norsk s. 60)

¹⁴⁶ ESG, kap. 31 (norsk s. 61)

¹⁴⁷ Gso, 4..kapittel: Frá Gunnlaugi ok Helgu (s. 231)

Hallfreðar saga vandræðaskald

Hallfred er glad i Kolfinna, dottera til Ávalde.¹⁴⁸ Men faren Ottar gir han ikkje støtte og Hallfred føler seg sviken av faren. Faren meiner at Hallfred vil tene seg meir rikdom og ære om han reiser til utlandet. Ávalde har bestemt at ho skal gifte seg med Gris, likevel tar Hallfred henne på fanget og kyssar henne. Når Hallfred ikkje sluttar å gjere tilnærmingar til Kolfinna sender faren bod om at han er sjuk. Hallfred reiser då heim, men far er ikkje sjuk. I staden legg han sonen i jarn. Til slutt må Hallfred gi seg og reiser til Noreg.

Nok eit døme på ein skald som har streng far. Men han får heller ikkje støtte frå fosterfaren. Eg trur ikkje eigentleg at det er mangel på kjærleik som er grunnen til at Hallfred føler seg sviken, men at han sjølv er sta og ikkje vil føye seg. Mora er ikkje nevnt i denne samanhengen. Hallfred er skald, men ingen *ojafnaðarmaðr*. Tvert om vert han ven med kongen i Noreg.

Fedre som ikkje elsker sønene sine

Víga-Glúms saga

Bárd har fornærma Vigfús, og Bárd reiser utanlands.¹⁴⁹ Medan han er i utlandet hyrer faren hans, Halli, ein landstrykar til å gå rundt i bygda og fortelje at Bárd ikkje torde anna enn å reise fordi han var redd for at Vigfús og faren Glúm kunne ta han. Då Bárd kjem att eit år seinare vil han i skogen etter tømmer. Men både faren og andre frender råder han til å ikkje gå ut. Bárd forstår ikkje kvifor, og går likevel. Vigfús ser Bárd i skogen. Han tar med seg nokre andre menn og går til angrep på Bárd. Det vert ein ujevn kamp og Bárd vert drept.

Halli går inn for å øydelegge ryktet til sonen, og sender han sidan i klørne til fienden Vigfús. Saka mellom Halli og Glúm som var opphavet til feiden var eigentleg oppgjort og betalt av Glúm før Bárd fornærma Vigfús. Sidan vil Halli egge fostersonen til å hevne Bárd.

Víga-Glúms saga

I slaget mot Espholingane har Már fått eit åpent sår, hogd som eit kryss i hovudet. Han får forbinding for såret. Faren hans Glúm spottar han og seier at han ikkje likar at han lar hovudet forbinde for ein kul. Då seier Már at han hadde trengt det mindre om han hadde gjort som Glúm: lagt seg ned med to træljar over seg som skjold. "Det var ein hard kamp", sa Glúm. Már svara at denne dagen slo Glúm Tverágarden ut av hendene sine.

Glúm er gamal og sta, her er det helst sonen som står for visdommen.

¹⁴⁸ Hsv kap. 4, s. 272

¹⁴⁹ VG kap. 17, s. 54

Bandamanna saga

Odd Ufeigsson er ein vakker gut med gode evner.¹⁵⁰ Han vert ikkje elska av faren, som er fåmælt og meinar at han ikkje har arbeidstó. Odd veks opp hos faren sin til han er tolv år. Då ber han faren om reisegods fordi han vil ut i verda.¹⁵¹ Han føler på at faren ikkje bryr seg om han og at han er til lite nytte på garden. Ufeig svarar uvenleg på spørsmålet til Odd, han skal få så mykje han har gjort seg fortent til. Dagen etter tar Odd med seg fiskeredskap og 12 alner vadmel og går utan å ta farvel med nokon.

Odd gjer det svært bra som handelsmann, han får godt ry og vert ein av dei rikaste i landet. Men han ser aldri til faren og heimen sin, treng han hjelp får han det andre stader. Han gir stort ansvar til Uspak, låner han til og med *goðorðet* sitt medan han er bortreist (kap. 3). Uspak viser seg å ikkje vere tilliten verdig, han ranar Odd og drep ein av mennene hans. Uspak har mektige frender som går god for han i retten. Då er det Ufeig gamle dukkar opp på tingstaden (kap. 4). Han seier at det er slik det går når ein er eigensindig og seg sjølv nok. Men han hjelper Odd og dei forblir vener resten av livet.

Far ynskjer seg ein meir audmjuk, lydige og mindre sjølvrådige son.

Fedre som elskar sønene sine

Egils saga Skalla-Grímssonar

Ein av sønene til Egil Skallagrimsson heitte Bodvar. Ein dag var han med huskarane til Egil ut i båten og det blåste opp til storm. Båten forliste og Bodvar drukna. Egil vart så fylt av sorg over tapet av Bodvar at han la seg i senga og sto ikkje opp før dottera kom og trøysta han. Ein annan av sønene til Egil, Gunnar, var også nett død og han bestemte seg for å skrive eit sørgedikt for sønene sine. Egil dikta då kvadet Sonatorrek, sonetapet: (4. strofe)¹⁵²

þvítt ætt mín
á enda stendr,
hræbarnir
sem hlynir marka;
esa karskr maðr
sás köggla berr
frænda hrörs
af fletjum niðr.

Víga-Glúms saga

Vigfús vert dømt til *fjórbaugsmaðr* for drapet på Bárð.¹⁵³ Det vil seie at han er begrensa fredlaus; han har tre år på seg å forlate landet. Heime har han heller ikkje lov å opphalde seg

¹⁵⁰ Bandamanna saga kap. 1, s. 159

¹⁵¹ Bandamanna saga kap. 1, s. 160

¹⁵² ESG, kap. 78 s. 180 (norsk utg. s.176) Omsett av H. Lie: "Ti min ætt er enden nær, lik morken lønn i skogen; motløs går den mann som bær' sin sønns lik til siste sted"

¹⁵³ VG kap. 17, s. 58

fordi staden er heilag, det står eit hov til Frey der. Faren Víga-Glúm held han likevel i skjul heime, han kallar han Tunderbenda og seier til folk at han er træl.¹⁵⁴

Grænendinga saga

Herjólfur Bárðarson og kona Þorgerð hadde ein son, Bjarni.¹⁵⁵ Han var ein flink og kjekk kar. Alt som ung ville han ut til andre land, og han fekk med seg godt med både gods og heider. Sidan var han annan kvar vinter ute og heime hos faren. Då Bjarni hadde sigla ute reiste han heim til far sin og budde der så lenge han levde, og sidan bodde han der etter han.¹⁵⁶

Eíríks saga rauða

Leifr skal legge ut på ferd. Han ber den aldrande faren sin, Eirík rauða, om å vere med.¹⁵⁷ Men Eirík meinar at han har vorte alt for gamal og sliten. Leif overtaler han likevel, men då dei skal ri til båten snublar hesten. Eirík skadar foten sin, og seier at det ikkje var meininga at dei skulle fylgjast lenger. Han blir att heime.

Kórmaks saga

Ásmund er sonen til Berse.¹⁵⁸ Han vert omtalt som "ungr at aldri ok braðgorr". Om vinteren er det leikar på Saurbæ og Ásmund brukar for sterke krefter mot sønene til Þórð Árnússon.¹⁵⁹ Mora deira, Þórðis, ber mannen sin Þórð om å snakke med Berse for å få han til å betale bøter for sønene. Men det vil ikkje Þórð. Då truar ho med å sende broren sin, Börk, til Berse. Då gjekk Þórð likevel til Berse. Berse kalla Þórð pengegrisk og utan heider. Det enda med holmgang der Berse vart skadd.

Evnelaide fedre

Hrafnkels saga Freysgoða

Bonden Þorbiörn har mange barn.¹⁶⁰ Ein dag ber Þorbiörn eldste sonen sin Einar om å flytte heimafrå for å tene eigne pengar. Det er ikkje det at han ikkje er glad i Einar, seier han, men at han som far er fattig og evnelaide: "[...] *Eigi veldr ástleysi þessi brottkvaðning við þik, því at þá ert mér þarfastr barna minna; meir veldr því efnaleysi mitt ok fátalækð; en önnur börn min gerask verkmenn; mun þér þó verða betra til vista en þeim [...]*"¹⁶¹ - Det er nok barn att

¹⁵⁴ VG kap. 23, s. 69

¹⁵⁵ GRØ, kap. 2, s. 226

¹⁵⁶ GRØ, kap. 2, s. 228

¹⁵⁷ GRØ, kap. 3, s. 229

¹⁵⁸ Ks, kap. 7, s. 104 i norsk utgåve

¹⁵⁹ Ks, kap. 12, s. 120

¹⁶⁰ HF, kap. 4 s. 3, norsk utgåve s. 299

¹⁶¹ HF kap. 4 s. 4

heime som kan hjelpe til, og faren meiner at Einar er den som er best skikka til å klare seg sjølv. Einar seier at faren kunne rådd han til å reise tidlegare på året, for på dette tidspunkt er dei beste jobbane borte, berre drittjobbane er att. Einarr går til storbonden Hrafinkel som seier det same - no er det berre dei dårlege jobbane som er att. Men han har ein jobb til Einar: han kan få gjete sauene hans og hente heim sommarveden. Men ein ting må han huske på: han må aldri ri på hesten Freyfaxa. Hrafinkel kjem til å drepe den som rir på hesten.

Så hender det noko som gjer at Einar likevel rir på Freyfaxa.¹⁶² Hrafinkel oppdagar det og drep han. Resten av sagaen handlar om Þorbiörns hevn over Einar og feiden som fylgde. Þorbiörn klarer å skaffe nok menn til å vinne søksmålet mot Hrafinkel, som vert lyst fredlaus og må forlate garden sin. Men etter nokre år klarer Hrafinkel likevel å få att garden sin.

Þorbiörn var nok glad i sonen sin, men som han sa det sjølv: han var *efnalaus* og *fálækð*. Han hadde ikkje evner og rikdom nok til å hjelpe Einar. Hadde Þorbiörn vore kjappare i vendinga kunne Einar skaffe seg ein god jobb. Farens sommel førte til ei stilling der guten mista livet. Hevnen han fekk i stand vart heller ikkje vellukka. Han klarte å skaffe nok frender til å ta drapsmannen, men han fekk mild starff var snart ein fri mann. Einars ære vart ikkje gjenreist.

Viga-Glúms saga

Ingjald, høvding og goði på Tverá i Eyjafjord, hadde to søner: Steinolf og Eyjolf.¹⁶³ Ingjald er sjølvrådig og fámælt, sta og lite omgjengeleg. Kjøpmenn likte han ikkje, han ville ikkje ha overmotet deira innpå seg. Han sendte heller andre til å handle for seg når det var noko han trengte. Så kjem den norske handelsmannen Reidar til Eyjafjord. Han vert god ven med Eyjolf og ber om å få bo heime hos han over vinteren. Eyjolf veit at faren ikkje likar slikt, men snakkar med han likevel. Faren meiner at om Eyjolf har lovt mannen bustad får det gå, han skal ta utgiftene berre Eyjolf tar bryet. Han har aldri hatt utlendingar buande hos seg før og er ikkje van med det.¹⁶⁴ Eyjolf seier til faren at han ikkje har lovt nordmannen noko utan fyrst å få farens råd. Men han har aldri hatt noko å seie heime, og om faren ikkje vil la kjøpmannen få bo hos dei betyr det at Eyjolf ikkje skal få bestemme noko heime. Faren seier då at Eyjolf skal få bestemme sjølv, han vil til og med la vere å kreve vederlag frå nordmannen for sonen si skuld. Men Eyjolf får ta strevet som høyrer med gjesten. Eyjolf er nøgd med det. Nordmannen flyttar inn hos Ingjald og gir han gåver. Dei endar opp som venner og neste vår drar Eyjolf til Noreg saman med han. Han

¹⁶² HF kap. 5, s. 6

¹⁶³ VG kap. 1, s.3

¹⁶⁴ VG kap. 1 s. 4

Krangelen mellom far og son har ikkje noko med uvenskap å gjere, men verkar som ein krangel mellom to ulike gemytt: faren er inneslutta og vil vere i fred, sonen er meir vennesæl. Faren gir seg og føyer sonen. Det endar med venskap mellom utlendingen, faren og sonen.

Víga-Glúms saga

Glúm sender sonen Már for å stevne Espholingane for drapet på Steinolf. Þórvard Örnulfsson kjem til Glúm i forbindelse med stevninga og har med seg sonen Gudbrand som er 12 år.¹⁶⁵ Far og son reiser til Espholingane for å høyre kva dei har fore, og Þórvard sender sonen tilbake til Glúm med beskjed. Þórvard har gitt Gudbrand ordre om å kome tilbake straks. Men Glúm nektar Gudbrand å returnere til faren. Han drar med seg guten til eit slag mot Þórarin og folka hans.¹⁶⁶ Etter slaget seier Glúm til Gudbrand at han var flink som drepte Þórvald. Men guten seier at han slo ingen, han berre forsvarte seg. Glúm kranglar med Gudbrand til han vedgår drapet. Seinare vert Gudbrand dømt for drap og Glúm sender han ut av landet. Han lagar viser der han antyder at han sjølv vart dømt for eit drap for lite. Þórvard, faren til Gudbrand forlangar seinare at Glúm legg korta på bordet og innrømmer at sonen er uskuldig i drapet han er dømt for.¹⁶⁷ Glúm avlegg ein eid i ei tvetydig diktform som kan tolkast på begge måtar: at han drepte mannen, eller at han ikkje drepte han. Til slutt tilstår Glúm at han sjælv utførte drapet. Han vert fredlaus i eit år og må bøte med garden sin.

2.1.2. Forhold mellom begge foreldre og søner

Far er streng, mor er kjærleg

Grettis saga Ásmundarsonar

Ásmund fekk ein son, Grettir. Alt som barn var han ein rampete gut som stelte i stand trøbbel både for familien og kameratane sine. Når faren Ásmund bad han om å gjere noko for seg var Gretti uvillig og gjorde jobben dårlig. Difor var Ásmund streng mot Gretti. Då kjøpmannen Havlide skulle til Noreg med handelsskipet sitt ordna han hyre for Gretti.¹⁶⁸ Det var nok vanleg at ein mann hadde med seg våpen når han skulle ut i verda, men Ásmund ville ikkje sende med han noko anna på ferda enn niste og litt vadmål. Han trudde ikkje at Gretti ville gjere nyttig verk med våpena. Men mora Ragnhild var snill mot sonen. Ho tykte det var synd at han skulle reise utan våpen, og ho sendte med han farfarens sverd Jökul.

¹⁶⁵ VG kap. 22, s. 65

¹⁶⁶ VG kap. 23, s. 70

¹⁶⁷ VG kap. 23, s. 80

¹⁶⁸ GsÁ., kap. 17 (s. 43)

Ásmund hærulang var sjuk og det nærma seg slutten for han.¹⁶⁹ No ville han ordne arven mellom sønene. Han ynskte at Atli skulle ta over garden, men sa at han undra seg over at så mange ugjerningsmenn var ute etter han. Han håpa at frendene ville beskytte han. Illugi ville bli ein kraftig kar men var enno for ung. Lagnaden til Gretti ville ikkje Ásmund seie noko om, han meinte den låg som på eit rullande hjul. Om han var aldri så sterk trudde han at Gretti vil ha så store vanskar å vinne over at han ikkje ville makte å hjelpe andre enn seg sjølv. Gretti var på denne tida i Noreg og besøkte eldstebroren Þorstein.¹⁷⁰

Ei tid etter kom Gretti heim til Island. Han fekk høyre om farens død, og at broren Atli var drept av naboen Þorbjörn. Dessutan har ryktet om brannen i Noreg der nabogutane Gunnar og Þórir døydde nådd Island. Mange trudde at det var Gretti som sto for den, og faren Þorbjörn var ute etter han for å hevne sønene. Difor måtte Gretti gøyme seg. Ei natt sneik han seg inn bakkdøra til mor si og gjekk inn til senga hennar.¹⁷¹ Då ho høyrde at det var han som kom, vart ho glad. Ho sa: "Ver velkomen, frende! Eg har ikkje mykje glede av sønene mine; den mest trufaste, som hjelpte meg mest, er no drepen, *en þú er útlægr ok óbótamaðr*. Og den tredje er så ung at han ikkje kan gjere noko".

Gretti gjekk så av stad for å hevne broren Atli. Og ulikt farens spådom klarte han det: han drap þorbjörn og knuste skallen på sonen hans, Arnor. Ásmund hadde ikkje hatt tru på at Gretti ville vere i stand til å hjelpe frendene sine. Men mora hans vart glad då han fortalde om drapa.¹⁷² Ho ga han ros og sa at han slekta på Vatsdølene. Men samstundes hadde han for alvor lagt grunnlag for fredløysa si. Frendene til Þorbjörn ville nok ikkje vente lenge med motangrepet. Mor og son tok kjærleg farvel.

Egils saga Skalla-Grímssonar

Brynjólf hadde ein son, Björn. Han vart glad i Þóra, men faren hennar, Þórir, ville ikkje gi han samtykke til å gifte seg med henne.¹⁷³ Björn førte bort Þóra og let henne bo heime hos foreldra hans. Han ignorerte pålagget om å sende heimatt Þóra. Så ville Björn reise ut i viking, men Brynjólf nekta han å reise, han meinte at guten ville lage ufred. I staden vil far gjerne hjelpe sonen med handelsskip og varer så han kan dra til Dublin på handelsferd. Björn føyer faren i det, men han går til kvinnestova og hentar med seg Þóra utan at faren får vite det. Mora til Björn veit at han tar med Þóra, og ho forbyr damene i kvinnestova å fortelje det til Brynjólf. Ho støttar sonen, sjølv om ho veit at Björn bryt lova, og han gjer noko som kan føre

¹⁶⁹ GsÁ kap. 42, s. 104

¹⁷⁰ GsÁ kap. 41, s. 103

¹⁷¹ GsÁ kap. 47, s. 115

¹⁷² GsÁ kap. 48, s. 117

¹⁷³ ESG, kap. 32 (norsk utg, s. 63)

til feider mellom hennar familie og Þóras foreldre. Brynjolf vil bli sint om han får vite kva Björn har gjort. Han ynskjer at sonen skal halde seg til lova. Det unge paret havnar på Island der dei får bo hos Skalla-Grím og Bera.

Skalla-Grím vert rasande når han får vite kva Björn har gjort, for han er ven med Þórir, faren til Þóra. Men han gir støtte til Björn og Þóra og hjelper dei til forlik med foreldra.

Ein dag då Egil Skallagrimsson er sju år gamal reiser Egil til leikestevne saman med faren og kameraten Þorð.¹⁷⁴ Egil leikeslåst med ein fire år eldre gut som heiter Grim. Då tar raseriet overhand og Egil slår Grim. Så slår Grim Egil. Egil hentar Þorð som også slår Grim. Det endar med at Grim vert drepen. Dette var opphavet til ein feide der fleire menn mista livet. Skalla-Grím var sint på Egil for dette, men mora Bera synest ikkje det var så galt. "Det er berre vikingen i han", sa ho.¹⁷⁵

Eg har ikkje inntrykk av at Grim mislikar sonen Egil. Dei to er svært like av gemytt og utsjånad: dei er stygge og svartmuskete, hissige og dei har ei evne til å legge seg ut med folk. Når Grim vert sint på Egil er det fordi han har god grunn til det!

Bera heitte fyrste kona til Egill Skalla-Grimsson. Dei fekk to døtre: Sæunn og Þorunn. Begge vert omtalte som evnelege i oppveksten.¹⁷⁶ Så vart Egill enkemann. Broren hans, Þorolf, var gift med Ásgerd og dei hadde dottera Þordis.¹⁷⁷ Þorolv døy, og Egil gifter seg att med Ásgerd.¹⁷⁸ Dei tar over garden Borg etter Skalla-Grim. Med Ásgerd fekk Egil mange barn: Böðvarr, Gunnarr, Þorgerðr og Bera.¹⁷⁹ Þorsteinn Egilsson var yngste sonen til Egil Skallagrimsson og Ásgerd. Han var ein mild og omtensksom gut. Han vert skildra som stor og sterk, klok og stillfarande.¹⁸⁰ Likevel likte ikkje Egil Þorstein, og Þorsteinn gjekk heller ikkje godt saman med faren sin. Men Þorstein var svært knytt til mora Ásgerð. Ein dag Þorsteinn skulle på tingferd fekk han hjelp av Ásgerd til å ta silkekappa som Egil hadde fått av Arinbjörn. Kappa var for lang for Þorsteinn og vart skadd i kanten då han brukte den. Egil tok til å verte gamal, og denne gongen reiste han ikkje på tinget. Difor gjekk det lang tid før han fekk vite at Þorstein hadde lånt kappa hans. Ásgerd hadde lagt den tilbake i kista, og då Egil fekk sjå den skitne og skadde kappa vart han sint og dikta eit kvad:

¹⁷⁴ ESG, kap. 40 (norsk utg. s. 75)

¹⁷⁵ ESG, kap. 40 (norsk utg. s. 75)

¹⁷⁶ ESG, kap. 31 (norsk utg: s. 60)

¹⁷⁷ ESG, (norsk utg: s. 109)

¹⁷⁸ ESG, (norsk utg: s. 111)

¹⁷⁹ ESG, kap. 66 (norsk s. 61)

¹⁸⁰ ESG, kap. 79 (norsk utg. s.185)

Áttak erfínytja,
arfa mér til þarfan,
mik hefr sonr of svíkvinn,
svík telk í því, kvíkvan;
vel mátti þess vatna
víggríðandi bíða,
es hafskíða hlæði
hljótenðr of mik grjóti.

I norsk omsetjing av H. Lie: ”Den arving jeg meg avlet aldri min glede gagnar. Sønn min er falsk i sinnet, svek meg i levende live. Godt hadde karen kunnet kloen fra arven holde, til gubben lå i graven, gjemt under torvets tekke!”¹⁸¹

Etter at Ásgerd er død vert Þorsteinn husbonde på garden. Egil vel då å flytte frå garden. Men seinare då han høyrer at Þorsteinn har havna i ein feide med ein nabo møter han likevel mannsterk på tinget og hjelper sonen å vinne.

Grunnen til uvenskapet mellom far og son kan i dette tilfellet vere at sonen er eigenrådig. Þorsteinn er ingen *ójafnaðarmaðr*, tvert om er han ein dyktig og sympatisk mann. Men han låner den flotte kappu til far... og kanskje opplever den aldrande faren sjalusi for den unge mannen som har livet frama seg og skal føre garden vidare? I dette tilfellet er det eit varmt og kjærleg forhold mellom mor og son.

Frillesøner

Laxdæla saga

Storhovdingen Hoskuld Dala-Kollsson var på handelsferd i Noreg.¹⁸² Der kjøpte han med seg ei vakker trælkvinnu som han tok med seg heim til Island. Kona til Hoskuld var ikkje like glad for denne kvinna, som visstnok var stum og ute av stand til å fortelje kven ho var. Etter kvart får frilla ein son og Hoskuld kallar han Óláfr. Guten er så vakker at han skil seg ut frå alle andre barn.¹⁸³ To år gamal kan han tale reint og springe som ein fire-åring. Ein dag høyrer Hoskuld at trælkvinnu snakkar med guten sin. Då kjem det fram at ho eigentleg er dottera til irskekongen Myrkjartan og heiter Melkorka. Etter eit lite slagsmål med kona Jorunn skaffar Hoskuld ny bustad til Melkorka. Sonen Óláfr (Pà) veks opp og vert ein meir hævísk og ven mann enn nokon andre.

Fidjestøl meinar at denne historia er fri diktning og at den har eit forbilde i tidlegare soger.¹⁸⁴ Om saga ikkje er sann, så fortel ho likevel at slekt og opphav var viktig for

¹⁸¹ ESG, kap. 82 s. 195 (norsk utg. s.186). I norsk omsetjing av H. Lie: ”Den arving jeg meg avlet aldri min glede gagnar. Sønn min er falsk i sinnet, svek meg i levende live. Godt hadde karen kunnet kloen fra arven holde, til gubben lå i graven, gjemt under torvets tekke!”

¹⁸² Ls, kap. 11, norsk utg. s. 32

¹⁸³ Ls, kap. 13, norsk utg. s. 36

¹⁸⁴ Fidjestøl 1968: 9

islendingane. Ved å gi Hoskuld ei irsk frille som viser seg å vere prinsesse, og ein liten son som fylgjeleg er prins, ga forfattaren etterkomarane til Hoskuldr ei aristokratisk avstamming. Torfi N. Tulinius meiner at islendingesogene med dette tema har eit preg av det same som mange av fornaldersogene.¹⁸⁵ Dei representerer ein norrøn link til den høviske litteraturen og riddarkulturen som spreidde seg i Europa, og som kom til Norden på 1200-talet. Med fantastiske helteforteljingar vart det skapt genealogiar bakover til kongeslekter og gudar.¹⁸⁶

Eíríks saga rauða

Leifr Eiríksson har segla seg vill og dreve til Sudrøyane. Der var han om sommaren, og kom til å elske Þórgunna, ei kvinne av stor ætt.¹⁸⁷ Då Leif skulle reise ville ho vere med, men han ville ikkje hærta ei så storætta kvinne i ukjent land. Då seier Þórgunna at ho er med barn, og det gir ho Leif skulda for. Ho trur det er ein gut. Og enten han bryr seg eller ikkje vil ho fø opp guten og sende han til Leif på Grønland så snart han er stor nok. Ho spår at gleden han vil få av ungen vil tilsvare måten dei skilst på. Ho skal nok sjølv kome til Grønland før eller seinare. Då ho seinare får sonen Þórgils sender ho guten til Leif på Grønland.¹⁸⁸ Leif godkjenner han som sonen sin og gir han namnet Þórgils, men då han reiser ut att vert Þórgils att på Grønland. Folk tykkjer at det er noko underleg ved han. Þórgils vert ikkje nevnt oftare.

Hverken far eller mor ser ut til å bry seg om guten Þórgils. Historien om han ser ikkje ut til å ha noko å seie for den vidare handlinga heller, og det er vel eit teikn på at saga er sann.

2.1.3. Forhold mellom mødre og søner

Scener frå islendingesogene som skildrar forhold og mellom gutar og mødrene deira, ordna etter tema.

Mor er overberande med den udugelege og umodne sonen

Viga-Glúms saga

Ástríðr og sonen Glúm sette bu på Borgarhol etter at arven var skifta.¹⁸⁹ Som barn var Glúm sein og gjorde lite framgang. Han var mørk i huda, inneslutta og fåmælt. Som vaksen var han også sein og han tok seg ikkje av gardsstellet. Garden forfall og dei hadde det ikkje lett. Naboen Sigmund var ute etter eigedommen deira og utsette dei for plage. Glúm seier til mora at han vil reise til utlandet. Han ser inga framtid på garden, og held ikkje ut trakkassering frå

¹⁸⁵ Tulinius 2000:249: til dømes Ragnars saga og Völsunga saga

¹⁸⁶ Tulinius 2000:247

¹⁸⁷ ER kap. 5, s. 207

¹⁸⁸ ER kap. 5, s. 208

¹⁸⁹ VG kap. 5, s. 16

Sigmund, men han orkar heller ikkje å sette seg til motverge. Glúm vil heller dra til Noreg for å søke lykka hos dei mektige frendane sine. Men han ba mora om å halde ut på garden og ikkje la naboane få kloa i eigedommen. Glúm var femten vintrar då han dro til slekta si i Voss.

Nokre år seinare kom Glúm tilbake frå Noreg med rik arv. Då han kom att til mor si på Island var Sigmund i ferd med å legge under seg garden deira. Glúm var framleis ein lat fyr som låg til middags. Fyrst når mor vekte han sto han opp og gjekk ut. Ein morgon vekte ho han og sa at naboen tok seg til rette på åkeren deira; no fekk han gå og forsvare eigedomen deira. Han tok seg då likevel tid til halve dagen var gått. Han kom ut kledd i den fine kappa han hadde fått i Noreg og med sverd. Han reid ut og slo grannen. Frå den dag er han ein respektert mann i bygda.

Som barn og ung ser det ut til at Glúm har arva sinnelaget til bestefaren Ingjald: han er mørk og eigensindig. Dessutan er han ikkje glad i å stå opp om morgonen, og det var ingen god eigenskap (jfr. Hovamál). Astrid er ettergivande overfor sonen svært lenge, sjølv om vi anar frustrasjonen hennar. Han står fyrst opp då ho seier klart frå om at han får kome seg opp. Frå den dagen han slår naboen og tar tilbake eigedomen sin vert han ein annan. Han er ikkje lenger lat og dum, men har skaffa seg ære – han er vaksen.

Mor elsker og trøystar den umodne sonen

Kormaks saga

Kormákr er sonen til Dalla og Ögmund.¹⁹⁰ Han har óg ein bror, Þorgils, som er ein still og roleg gut. Kormak er den sterke og uvørne guten, svarthåra og med lys hud slik som mora. Kormak har óg gode evner som skald. Han forelskar seg i Steingerd, dottera til Þorkel på Tunga, og ho er glad i Kormak.¹⁹¹ Han besøker henne ofte heime, men faren hennar Þorkel vil ikkje vite av forholdet. Kormak må kjempe mot både Narfi og brødrene Odd og Gudmund som Þorkel har sett til å halde Kormak unna garden. Til slutt vert Steingerð gift med Berse mot si vilje. Det er alltid mor Kormak vender seg til når han treng støtte og hjelp i striden om Steingerð. Då han skal møte Berse i holmgang gir ho han råd om å gå til Skeggje og låne det fine sverdet Skovnung.¹⁹² Han vil ikkje låne Kormak sverdet, men etter at mor har snakka med Skeggje får Kormak låne Skovnung. Kormak taper holmgangen og han øydelegg sverdet. Då reiser Kormak heim til mor som steller den sára handa hans.¹⁹³ Han diktar eit kvad til henne.

¹⁹⁰ Kormak saga kap. 4, s. 98

¹⁹¹ Kormak saga kap. 4, s. 98

¹⁹² Kormak saga kap. 9, s. 112

¹⁹³ Kormak saga kap. 11, s. 118

Far vert ikkje nevnt i denne forteljinga. Forholdet mellom mor og son er varmt, ho hjelper han sjølv om ho nok ser at han ikkje mestrar situasjonen, og etter at Kormak har tapt i slaget og øydelagt sverdet gir ho han trøst og forbinding. Og Kormak er glad i mor.

Grænlandinga saga

Gudríð og Karlsefni fekk ein son medan dei var i Vinland. Dei kalla guten Snorri. Ein dag Gudríð sat i døra med vogga til Snorri hadde ho eit syn: det fall ein skugge over døra.¹⁹⁴ Etter at Karlsefni var død tok Snorri over garden saman med mor si.¹⁹⁵ Og etter at Snorri hadde gift seg reiste Gudríð bort. Då ho kom att til garden til Snorri hadde han lete bygge kyrkje på Glaunbæ. Gudríð vart nonne.

Mor elsker sonen sin, men gir han frå seg til fostring av taktiske grunnar

Þáttur Þrándar ok Sigmundar

Þóra får vite at Þrónd i Götu vil fostre barnet hennar, Sigmund.¹⁹⁶ Þrónd er mektigste mannen på øyane, og han har påført familien hennar mykje tragedie. Mannen hennar Leifr vil ho skal tenkje seg godt om, og bestemme om dei skal gi den vesle sonen til Þrónd. Men Þóra ser dette som ein sjanse for Sigmund som ho ikkje vil han skal gå glipp av. I hennar auge har Þrónd mykje framfor andre menn, seier ho. Tre år gamal vert Sigmund gitt bort til fostring hos Þrónd i Götu.

Þóra ser fordelene det er å vere alliert med den mektigste mannen i landet, - for sonens skuld, som ho seier. Alternativet ville truleg enda med noko som var endå verre. No får ho sjansen til å kome nærmare inn på mannen ho hatar mest. Ho tar ei taktisk avgjerd som i vårt samfunn ville vere utenkjeleg. Men Þrónd i Götu er også taktiker. Hans neste trekk er å la ein av mennene sine beile til Þóras mor, enka Þuríðr. Þóra råder henne til å seie ja. Men før det skal skje reiser ho og Leif på besøk til Þrónd og later som om dei er på hyggevisitt. Om natta tar dei barnet, øydelegg alle båtane ved havna og reiser frå øya.

2.2. Jenter

Framstillingar av forhold mellom fedre og døtre, og mellom mødre og døtre, inndelt etter motiv. Og framstillingar av fostringsforhold, inndelt etter kjønn og motiv.

2.2.1. Forhold mellom fedre og døtre

¹⁹⁴ GRØ kap. 7 s. 238

¹⁹⁵ GRØ kap. 9 s. 242

Fedre som elsker døtrene sine

Egils saga Skalla-Grimsson

Þórgerd heitte ei av døtrene til Ásgerð og Egill. To av sønene til Egill døyir og i sorg over tapet vert han sengeliggende og nektar å ete. Ingen klarer å trøyste Egill. Ásgerð sender då bod etter Þórgerð.¹⁹⁷ Ho kjem med éin gong til Borg. Ho pratar med faren og gir han eit glas mjølk. Etter ei stund drikk han av mjølka, deretter står han opp og lagar skaldediktet ”Sonatorrek”.

Egill vert gamal, kona hans Ásgerð dør og den Egil elsker mest av alle menneske no er stedottera Þórdis, som Ásgerð hadde med Þórolfr.¹⁹⁸ Sonen Þórsteinn overtar garden etter far, men han og Egill går ikkje godt saman, og Egill flyttar til Þórdis og mågen Grim på Mosfell.

Desse episodane frå Egilssoga viser at Egill som far hadde gode og nære forhold til døtrene sine: Þórgerð kunne trøyste han i sorga og gje nytt mot. Og stedottera Þórdis var den han helst ville bo hos då alderdommen kom. Alle døtrene er ikkje nemnd i saga, men det er neppe fordi at han ikkje likte dei.

Far vil gifte bort ei vanskeleg dotter

Njáls saga

I fyrste kapittel av Njáls saga kyssar Hoskulð den átte år gamle dottera si Hallgerð.¹⁹⁹ Han spør broren Hrut om ho ikkje er vakker. Hrut svarar heller kaldt at vakker er ho, men det vil mange få svi for. Og korleis er tjuvaugene komne inn i slekta deira? Hoskuld vert sur på Hrut.

Denne scena er eit frampeik til den vaksne Hallgerð langbrók. Dottera til Hoskulð vert ei vakker og gavmild kvinne, i fylgje forfattaren.²⁰⁰ Men ho er óg hardlynt, og skal bringe ulukke over familien sin og mennene ho gifter seg med. Ho vart fostra opp hos Tjostolv, og det vert sagt at han var ikkje den som kunne endre på sinnelaget til Hallgerð. Til den fyrste mannen som ber om handa til Hallgerð, Þorvalð, seier faren rett ut at dottera hans har eit hardt sinn.²⁰¹ Men Þorvalð vil likevel ha Hallgerð, og Hoskulð vil ha henne bortgift. Festermaal vert ordna utan at bruda vert spurt. Hallgerð vert sint då ho får vite det, og seier at no fekk ho visse for det ho lenge har ant: at eigentleg har ikkje faren brydd seg så mykje om henne som han ga uttrykk for. Men Hoskulð seier at han bryr seg ikkje så mykje om at ho er stor på det, han rår sjølv for kva avtalar han inngår. Ho seier at stoltheita har ho arva etter han og ætta hans:

¹⁹⁶ SB kap. , s. 333

¹⁹⁷ ESG, kap. 78 (norsk utg: s.175)

¹⁹⁸ ESG, 79 (norsk utg: s. 186)

¹⁹⁹ Ns, 1. kapittel, s. 9

²⁰⁰ Ns, s. 27 (kapittel 9), s. 24

²⁰¹ Ns, s. 28 (kapittel 10), s. 25

”Mikill er metnaður yðar frænda”, [...]”og er eigi undarlegt, að ég hafi nokkurn”. Så går ho til Tjostolf etter hjelp. Han vil ikkje setje seg opp mot Hoskulð, og det blir bryllup.²⁰² Ekteskapet får tragisk utgang, Þorvald vert drept av fosterfaren. Neste gong ein friar står for døra har Hoskulð lært. Denne gongen vert Hallgerð tatt med på råd før avtalen vert inngått, og friaren får råd om å ikkje gi husrom til fosterfaren i meir enn tre dagar. Dette vert lettare sagt enn gjort, og ekteskapet får ein tragisk ende. Igjen vert mannen til Hallgerð drept av fosterfaren.

Far er i strid med den fråskilte svigersonen

Víga-Glúms saga

Glúm hadde ei dotter, Þorlaug, som han gifte bort til Viga-Skuta.²⁰³ Men dei to unge gjekk ikkje overeins og Skuta skilde seg frå henne. Þorlaug reiste heim. Glúm tok dette svært tungt. Dei to enda i eit bittert fiendskap med Skuta som arta ut i ein feide.

Skilsmissen representerte eit tap av ære for faren til jenta.

Far beskyttar dottera mot ein uverdigg friar

Hallfreðar saga vandræðaskald

Ottar har ei dotter som heiter Valgerð. Den sjarmerande Ingolf kjem ofte til Valgerð, men Ottar vert rasande.²⁰⁴ Det er greitt at han kjem om Ingolf kjem for å gifte seg med dottera hans, men ellers får han pelle seg vekk. Ingolf bryr seg ikkje om Ottar og besøker Valgerð seint og tidleg. Då går Ottar til Ingolfs far Þórstein. Dei vert enige om eit forlik: Þórstein betaler Ottar eit halvt hundre i sølv, på det vilkår at Ottar flyttar frå garden.

Far vil hindre at dottera vert utsett for ein useriøs friar. Eit uforpliktande forhold vart oppfatta som usømeleg og ærelaus oppførsel, noko som kunne øydelegge verdien hennar på ekteskapsmarknaden.

Kormaks saga

Steingerð Þorkelsdóttir er forelska i Kormákr. Ho er glad når Kormak kjem på besøk, men faren hennar Þorkel synest ikkje at Kormak er rette mann for dottera.²⁰⁵ Han ber Narfi om at han skal halde Kormak unna garden. Þorkel stenger også Steingerð inne i eit uthus når Kormak kjem, og han eggjar brødrene Odd og Gudmund Þorveigssynir til å slåst med Kormak når dei er på garden.²⁰⁶ Mora til brørne, Þorveig, er trollkvinne. Ho legg seið på Kormak. Han

²⁰² Ns, s. 26, Brennu-Njáls saga s. 30 (kapittel IO)

²⁰³ Víga-Glúms saga kap. 16, s. 44

²⁰⁴ Hsv kap. 3, s. 269

²⁰⁵ Ks kap. 4, s. 98

²⁰⁶ Ks kap. 5, s. 100

ber Þorkel om handa til Steingerð og gir henne fine gáver, men på grunn av seiðen vert det ingen ting av bryllupet. I staden vert Steingerð gift med den eldre rikmannen Berse mot si vilje.²⁰⁷ Kormak gløymer ikkje Steingerð men får henne aldri. Ho forlater Berse men gifter seg med ein annan.

Hænsa-Þóris saga

Gunnar hadde to døtre, Þuríðr og Jófrið. Jófrið er med faren på fjellbeite og har sitt eige telt fordi ho ikkje kjedar seg då.²⁰⁸ Þuríðr vart gift bort til Herstein, noko som gjorde Gunnar medansvarleg i feiden som hadde starta mellom Blund-Ketil og Hænsa-Þórir. Den saka var hevna og både Hænsa-Þórir, Arngrim og Þórvalð var skaffa or vegun. Men gamle Þungu-Odd er lysten på revansj, og pønskar på eit anslag mot Gunnar og garden hans. Han har endå ein son, Þórodd, som han vil sende mot Gunnar. Men Þórodd har på eiga hand vore hos Gunnar og bedd om handa til den andre dottera hans, Jofrið.²⁰⁹ Gunnar nøler, han har alt hatt mykje å gjere med den slekta, men han innser óg at alternativet vil koste dyrt. Han gir Jofrið til Þórodd. Gamle Þungu-Odd vert rasande når han høyrer at sonen har teke saka i eiga hand. Han hadde tenkt seg til å brenne Gunnar inne med garden. I staden vart feiden oppgjort på sømeleg vis.

2.2.2. Forhold mellom begge foreldre og døtre

Far vart skremt av ein spádom

Gunnlaugs saga ormsþungu

Þorsteinn Egilsson har vorte spádd at han skal få ei dotter som det vil gå dårleg for.²¹⁰ Kona til Þorsteinn, Jofrid, er med barn og då Þorstein skal på tingferd seier han at om ho får eit jentebarn må ho setje ut babyen. Vert det ein gut skal han leve. I heidensk tid var det skikk at fattige folk sette ut barn, men det vart sett på som ille gjort (står det i saga). Jofrid seier til Þorstein at det ikkje høver seg for han å foreslå noko slikt. Men han svarar at det vert verst for henne om ho ikkje gjer som han seier. Medan Þorsteinn er borte føder Jofrid eit jentebarn, men i staden for å setje ut barnet sender ho det til svigerinna si, Þórgerð Egilsdóttir.²¹¹ Det går seks ár før Þorsteinn får sjá barnet hos systra si. Han undrar seg då over at jenta liknar på hans slekt. Han får vite sanninga, at det er hans eige barn. Då tar han med seg jenta heim og er svært glad i henne.

²⁰⁷ Ks kap.7, s. 104

²⁰⁸ Hþ, kap. 16, s. 257

²⁰⁹ Hþ, kap. 17, s. 259

²¹⁰ Gso kap. 2, s. 229

²¹¹ Gso kap. 4, s. 230

Dette er einaste gong utbering vert nevnt i dette materialet, men det går fram av saga at skikken ikkje lenger var i bruk og at det ikkje vart sett på som gangbar praksis. I dei eldre norske lovsamlingane, som i Eldre Gulatingslov, fanst det lover om utbering så det har nok vore praktisert. Else Mundal skriv i ein artikkel om utbering at det i fylgje kristenrettane faktisk var tillatt å bere ut barn dersom dei var vanskapte.²¹² Men betingelsane var så strenge at det knapt kan ha vore mogleg i praksis. Mundal meiner dei strenge lovene kan ha vore ein måte kyrkja brukte for å stramme inn på praksis.²¹³ Grágás inneheld ikkje lover mot utbering, så det er lite truleg at utbering var praksis på Island.

2.2.3. Forhold mellom mødre og døtre

Frå Njáls saga

Hallgerd er gift for andre gong med Glum.²¹⁴ Ho har skikka seg godt heile vinteren, sjølv om teksten gir inntrykk av angst for kva som kan hende. Hallgerd flyttar saman med Glum på garden hans og får seg tenestefolk. Om vinteren føder ho ei jente. Ho fortel Glum at jenta skal heite Þorgerð etter farmora hennar, som på farssida stammar i rett linje frå Sigurðr Fafnisbana. Det vert aust vatn over barnet og ho er døypt. Jenta vaks opp på garden og hadde mora sine trekk.

Þáttr Þrándar ok Sigmundar

Þuríðr meginekkja og dottera Þóra var saman om å egge Leif Ossursson, mannen til Þóra.²¹⁵ Dei meinte at han ikkje rørde ein finger for å hevne drapet på frenden deira, brorsonen til Þóras far Sigmundr. Dei sa mykje vondt til han og meinte at han mangla manns mot og evne til å ta seg saman. Dei møtte han med kulde og la han for hat, men han fann seg i alt. Fyrst etter at Sigmundr hadde vist seg for Þuríd i ein draum vart dei to kvinnene venlegare mot Leif enn før.

Þuríðr fortel dottera Þóra og mágen Leif at Þrónd i Götu vil gifte seg med henne.²¹⁶ Ho vil vite kva råd Þóra vil gi henne. Þóra svarar at ho ville ikkje ha vist han frá seg om ho hadde fått ein sjanse til å hevne seg for alt han har påført dei. – Men det er vel ikkje naudsynt å leggje deg orda i munnen, mor. Du veit nok kva som er rette grepet på snøret. Leifr var einig

²¹² Mundal 1982: 124

²¹³ Mundal 1982: 125

²¹⁴ Ns s. 35

²¹⁵ SB, kap. (s. 338)

²¹⁶ SB, kap. (s. 341)

med Þóra i det. Men fyrst måtte dei hente barnet sitt som Þrónd fostra. Den dagen friarane kom til garden vart det blodbad.

2.3. Fostring i islendingesogene

I denne bolken vil eg finne scener frå islendingesogene som fortel om skikken med fostring. Antal forekomstar kan fortelje noko om kor vanleg skikken var i fristatstida. Ved å kategorisere forekomstane etter kjønn (fosterfar/fostersøner og -døtre, fostermor/fostersøner og -døtre) vil eg finne ut kor utbreidd skikken var. Tema som vert omhandla i forteljningane kan gi opplysningar om korleis forholdet mellom barn og fosterforeldre fungerte, og om fosterforeldre var like glade i fosterbarna sine som i dei ektefødde barna.

2.3.1. Fosterforeldre og søner

Kva forhold var det mellom gutebarn og fosterforeldre? Eg vil sjå etter kva som vert oppgitt som grunn til at fostringsforholdet kom i stand, og dele det inn deretter. Eg vil óg sjå på korleis forholdet fungerte mellom barn, fosterforeldre og foreldre.

Fostring av bortkomne barn

Þáttur Þrándar ok Sigmundar (Færeyinga saga)

Sigmund var sonen til Breste, og Þórir var sonen til Brestes bror Beine.²¹⁷ Ein dag er dei to smågutane med fedrene sine ut på øya Dímun for å sjå etter sauene, då Breste og Beine vert drept av Þrónd i Götu. Þrónd vil kvitte seg med gutane og betaler handelsmannen Ráfn to merker sølv for at han skal ta dei med seg til Noreg.²¹⁸ Etter ei tid i Noreg set Rafn gutane fri og gir dei pengane. Sigmund og Þórir går seg vill i snøstormen på Dovrefjell. Dei kjem til ein gard der det bor ein familie, Úlfr, Ragnhild og dottera Þuríðr.²¹⁹ Úlfr er i tvil om gutane kan bli der, men både mor og dotter ber for dei og det endar med at gutane får bli på garden til dei er vaksne. Femten år gamal viser Sígmunðr seg som ein helt då han drep bjørnen Úlfr har vore redd for.²²⁰ Gutane blir hos familien i tre år til. Sigmund er 18, Tore er 20 då dei reiser ut i verda.²²¹ Dei blir hirdmenn hos Hákon jarl og Sigmundr får grid for Þorkel hos jarlen.²²²

Þorkel þurrafrost fostrar dei to gutane Sigmundr og Þórir fordi dei er komne bort frá foreldra og faren er død. Begge fosterforeldra gir stell og kjærleik til gutane, sjølv om Þorkel

²¹⁷ SB, Kap. 4 (s. 267)

²¹⁸ SB, Kap. 8 (s. 274)

²¹⁹ SB, Kap. 10 s. 32 (s. 275)

²²⁰ SB, s. 278

²²¹ SB, Kap. 16 s. 50 (s. 279)

²²² SB, Kap. 16 s. 50

er fredlaus og lever i skjul. Þorkel treng frendar som kan gå god for han hos kongen, og det skal vise seg at kjærleiken han synte gutane vil betale seg. Sigmund skaffar han grid hos jarlen, og gifter seg med dottera Þuríðr.

Onkelen fostra nevøen og fosterbroren fordi far og fosterfar vart innebrent

Hallfreðar saga vandræðaskald

Þórvald meklingsmaðr hadde to søner, Óttar og den uekte Þórkel.²²³ Óttar vart fostra hos Ingjald, som også har sonen Ávalde. Þórvald døyir då garden hans vert nedbrent av vikingen Sokke. Etterpå går Sokke og fyrer på Ingjalds hus. Ingjald viser gutane Ottar og Ávalde bakkdøra og lar dei rømme før han sjølv brenn inne. Gutane reiser sørover til Sogn, der dei får bo hos broren til Þórvald, Galte. Dei har det bra hos Galte i sju-åtte vintrar, til dei er dugelege menn.

Þórvald har den uekte sonen Þórkel hos seg, medan hans eigen son Óttar vert fostra. Her er det ikkje nevnt nokon grunn til at han vart fostra. Galte tar på seg å fostre onkelbarnet og fosterbroren hans fordi at fedrene er døde.

Fostring og utlendingar

Grænlandinga saga fortel at Eiríkr rauða hadde ein sydlending hos seg i mange år, dei kalla han Tyrkir.²²⁴ Han hadde vore lenge hos Eiríkr, og var svært glad i Leifr Eiríksson. Tyrkir hadde teke seg mykje av Leif då han var liten, og Leifr kalla han fosterfar. Leifr vart svært lei seg ein gong Tyrkir forsvann medan dei var i Vinland. Men då Tyrkir kom att med druer og vinstokkar vart han glad.

Eit fostringsforhold som ser ut til å vere basert på gjensidig kjærleik mellom dei impliserte, både faren, guten og fosterfaren.

Vikingar kidnappar to skrælingungar

Eíríks saga rauða

Karlsefnir og fylgjet hans fann fem skrælingar på Markland.²²⁵ Ein hadde skjegg, og det var to kvinner og to barn. Karlsefnir tok med seg to gutar, dei andre kom seg unna. Dei lærte gutane å snakke, og døypte dei. Gutane fortalde om foreldra sine og om landet dei kom frå. Dei kom til Grønland og var hos Eirik Rauði om vinteren.

Innfødde barn vart kidnappa fordi vikingane ville finne ut meir om skrælingane.

²²³ Hsv kap. 1, s. 265

²²⁴ GRØ kap. 4, s. 230

²²⁵ ER, Kap. 12, s. 220

Sonen tar fosterfarens parti sjølv om fars ære står på spel

Víga-Glúms saga

Vigfus, sonen til Víga-Glúm, vart fostra hos Glúms løysing Hallvard.²²⁶ Vigfus var sjølvrådíg og sterk og ein dyktig farmand. Hallvard var flink i pengesaker og lånte bort garden sin til Vigfus medan han sjølv flytta nordover. Der får Hallvard rykte på seg for å stele husdyr frå beitemarkene. Bonden Halli kvite skulda Hallvard for å stele 10-12 sauer. Halli har tre søner, Orm, Bruse og Bárd. Halli og Bárd stemmer Hallvard for retten. Då tenkjer Glúm på æra si som gode og vil heller betale bøter for Hallvard. Men Vigfus protesterer, han seier til faren at om han dømmer Hallvard kan det kome til å koste han dyrt. Glúm lar sonens fosterfar vinne sjølv om han får uære av det.²²⁷ Seinare forsvann også ein galte frå Halli, og Bárd høgga hovudet av Hallvard. Deretter går han til Glúm. Denne gongen betaler Glúm bøter for både galten og sauene.

Glúm har ikkje mykje nytte av fostringsforholdet til Hallvard. Sonen Vigfús ber likevel for fosterfaren sin, som får fortsette ugjerningane sine. Det endar med at Glúm både må betale bøter for dei stolne dyra, og drepe Bárd for å hevne Hallvard. Halli gir så fostersonen sin Einar Eyjolfsson ordre om å hevne drapet på Bárd.²²⁸ Han seier at Einar er skuldig å ta saka etter drapet på frenden.

Fosterfaren tar parti med far

Hallfreðar saga vandræðaskald

Hallfred var sonen til Óttar og vart fostra hos Óláfr på Haukagjel. Der hadde han det godt på alle måtar.²²⁹ Men Óttar er streng mot sonen og støttar han ikkje når han vil ha Kolfinna Ávaldesdóttir.²³⁰ Då søker han trøst hos fosterfaren Óláf. Men han vil heller ikkje støtte Hallfred, og meinar det er best om han reiser bort.

Det står ingen ting om kvifor Hallfred vart fostra hos Óláf. Fosterfaren var god mot Hallfred, men tok parti med faren i striden om Kolfinna.

Fostring som forsoning eller bot

Páttr Þrándar ok Sigmundar

²²⁶ VG kap. 17, s. 49, ein løysing er ein friggitt træl

²²⁷ VG kap. 17, s. 52

²²⁸ VG kap. 17, s. 57

²²⁹ Hsv kap. 2, s. 267

²³⁰ Hsv kap. 4, s. 270

Ossur Havgrimsson var fostersonen til Þrónd i Götu.²³¹ Þrónd ga fostersonen sin mot og evne, og hjalp han til eit godt gifte. Þrónd i Götu drepte brørne Breste og Beine og ga landet deira til fostersonen Ossur. Sigmund og Þórir var sönene til Breste og Beine. Sigmund Brestesson drepte Ossur.

Hákon jarl dømte i saka mellom Þrónd i Götu og Sigmund Brestesson.²³² For drapet på Ossur skulle det ikkje svarast bot sidan þrónd urettmessig hadde forsøkt å underslå seg eigeidommen til Sigmund. Þrónd i Götu tok sonen til Ossur, Leifr, i oppfostring.²³³

Sigmund har ei dotter, Þóra.²³⁴ Þrónd forsøker å drepe Sigmund og søskenbarnet Þórir Beinsson. Sigmund vert drept av leilendingane til Þrónd.²³⁵ Etter at Sigmund er død legg Þrónd under seg heile Færøyane saman med Leif Ossursson. Þrónd vil inngå forlik med Sigmunds kone Þuríð og sönene hennar, men det fører ikkje fram. Etter nokre år beilar Þrónd til Þóra Sigmundsdóttir for Leif Ossursson. Þóra vil gifte seg med Leif på eit vilkår: han må sverge på at han ikkje er drapsmannen til faren hennar, og dei må inngå forlik med mora og brødrene hennar. Þrónd og Leif drar då til leilendingane og får dei til å tilstå drapet på Sigmund.²³⁶ Drapsmennene vert hengt, Sigmund kjem i kristna jord, forlik vert slutta og Leif Ossursson får gifte seg med Þuríðr Sigmundsdóttir.²³⁷

Laxdæla saga

Hoskuld har ein frilleson, Ólafr pá, som han er svært glad i.²³⁸ Det har bygd seg opp til ein feide mellom ein av frendene til Hoskuld og den lite populære Þórd Godde. Hoskuld vil ikkje at feiden skal føre til uvenskap mellom han og Þórd, difor lar han Þórd fostre Ólafr for seg. Þórd vert glad i guten, som veks opp til å bli ein stor og sterk mann, vakrare enn nokon andre.

Her vert barnet brukt som ei forsoningsgáve mellom barnefaren og fosterfaren. I dette tilfellet vert fostringsforholdet vellukka for begge partar, og ikkje minst for Þórd Godde, som vert ein meir omgjengeleg mann og betre likt av andre i ettertid.

Fostermor og fostring som forlik

Víga-Glúms saga

²³¹ SB, kap. (norsk s. 293)

²³² SB, kap. (norsk s. 299)

²³³ SB, kap. (norsk s. 300)

²³⁴ SB, kap. (norsk s. 311)

²³⁵ SB, kap. (norsk s. 317)

²³⁶ SB, kap. (norsk s. 319)

²³⁷ SB, kap. (norsk s. 321)

²³⁸ Ls, s. 45, i den norrøne utgåva kap. 16

Saldis var fostermor til dei to sønesønene sine, Arngrim og Steinolf.²³⁹ Døtrene til Saldis, Þordis og Hertrud, var mødrene til kvar av dei to gutane. Dei to syskenborna var svært gode vener og leika saman i barndommen. Ein dag kom ei kone som gjekk for å vere synsk, Oddbjørg, til Saldis og sa at dei to gutane ikkje ville kome til å vere vener for alltid. Ho spådde at dei ville kome til å bruke spyd på kvarandre og det ville skape mykje ufred i bygda.²⁴⁰

Dei to gutane var resultatet av eit forlik som var inngått mellom Glúm og Gissur, mannen til Saldis og bestefaren til gutane. Det hadde starta med at den velstående Þorgrim þoreson hadde beila til Þordis, men fått avslag.²⁴¹ Deretter ba den ikkje så velstående Arnor søskenbarnet sitt, Glum, om å beile til Gissur for seg om Þordis. Arnor fekk ja fordi Glúm var ein gjev høvding. Feiden som fylgde enda med forliket som gjekk ut på at Arnor berre skulle få Þordis om Þorgrim fekk Hertrud. Arnor og Þordis fekk så Steinolf, Þorgrim og Þordis fekk Arngrim.

I dette høvet var det bestemor som fostra to gutar som oppgjer i ein feide. Då Arngrim og Steinolf var vaksne måtte dei forholde seg til dei gamle hendingane og forholdet mellom dei endra seg. Ein dag drepte Arngrim Steinolf.²⁴² Det var ikkje alltid at eit fosterforhold gjorde opp for gamle feider.

Fosterfar vil kjøpe seg innflytelse hjå ein mektig mann

Hænsa-Þóris saga

Hænsa-Þórir er ingen omtykt og velstående mann. Han driv med småhandel og kjøper seg etter kvart ein gard. Ettersom han legg seg opp pengar, går han til Arngrim Goði og ber om å få fostre sonen hans, Helgi.²⁴³ Han lovar å forsørge guten på beste vis, mot at Arngrim gir han støtte når folk skuldar han noko. Arngrim synest ikkje dette forslaget inneber nok ære for han sjølv, men når Þórir lovar å gi halve eigedommen sin til Helgi får han tilslag. Hænsa-Þórir tar med seg Helgi heim.

Blund-Ketill ber Þórir om å få kjøpe høy av han. Hænsa-Þórir vil ikkje selge for nokon pris sjølv om han har meir enn nok høy.²⁴⁴ Til slutt tar Ketill høyet utan lov og Þórir søker hjelp hos Arngrím. Han seier at Ketil har stole høy frå han. Helgi fortel faren at fosterfaren hans ikkje vil selge høyet. Arngrím vil ikkje hjelpe Þórir men broren hans, Þórvalð, vil vere

²³⁹ VG kap. 12, s. 35

²⁴⁰ VG kap. 12, s. 37

²⁴¹ VG kap. 11, s. 32

²⁴² VG, kap. 21, s. 61

²⁴³ Hþ, kap. 2, s. 240

²⁴⁴ Hþ kap. 5, s. 244

med mot betaling. Det endar med at dei samlar 30 mann til å gå mot Ketil. Dei brenn garden hans og drep alle. Helgi vert drept av ein av venene til Ketill.

Dette er eit døme på fosterforhold som kjem i stand fordi fosterfaren vil kjøpe seg støtte frå ein innflytelsesrik høvding. Både far og fosterfar tenkjer mest på pengane. Fosterforholdet endar med ulukke for alle partar; Helgi bøter med livet.

Fostersonen vert gift bort for å skaffe folk til hevnen

Hænsa-Póris saga

Blund-Ketill har ein son, Herstein. Han vert fostra av Þórbjörn. No skal dei hevne Ketill.²⁴⁵ Hos Þungu-Odd får dei ikkje støtte fordi han har frender på begge sidene av feiden. Herstein og Þórbjörn klarer å skaffe nok folk til å gå i mot Arngrim og Þórvald på den måten at dei oppsøker Gunnar og ber om dottera hans som kone for Herstein.²⁴⁶ Ho vert fostra av Þórð, og med giftermålet vert både han og Gunnar pliktige til å støtte Herstein og Þórbjörn.

2.3.2. Fosterforeldre og døtre

Episodar der fosterdøtre vert omtalt saman med fosterforeldre.

Som fosterfar, så fosterdotter

Hallgerð langbrók i *Njálls saga* har ein fosterfar, Tjostolf. Han har, i fylgje saga, mange drap på samvitet, men han måtte aldri bøte for dei. Om faren til Hallgerð nektar henne noko går ho til Tjostolf etter hjelp, og det får ho. Og då ho flyttar inn saman med fyrste ektemannen fylgjer Tjostolf med. Giftemålet vert arrangert av faren utan at han retter seg etter Hallgerðs vilje, det endar med at Tjostolf drep ektemannen Þorstein. Hoskuld må gjere opp for drapet. Neste ektemann er Glúm, og denne gongen er Hallgerð glad i mannen sin. Likevel endar det med at han vert drept av Tjostolf. Igjen må Hoskuld bøte for drapet, men denne gongen er det fosterfaren som må dø.

I denne saga er fosterfaren Tjostolf opphav til ondskap og ulukke. Hallgerð sjølv aksepterer udådene til Tjostolf; eller speglar han hennar ondskap? Til saman vert fosterfar og dotter framstilt som eit farleg og dødbringande par. Faren Hoskuld får bøte for drapa han begår.

Nettverks-fostring

Hænsa-Póris saga

²⁴⁵ Hþ kap. 9, s. 248

Þórkel har ei dotter, Þuríðr, som vert fostra av Gunnar Hlifarsson. Ei natt kjem Þórbjörn med fostersonen sin, Herstein, til Þórkel. Dei vil be om Þuríð som kone til Herstein. Þórkel seier han må fyrst snakke med kona si, jenta sjølv og mágen Gunnar som fostrar jenta før det kan avgjerast. Dei to nattgjestane vil at han bestemmer seg raskt. Neste morgon drar alle tre til Gunnar. Giftermålet vert avtalt. Fyrst etterpå fortel dei om drapet på Hersteins far, og at dei søkjer menn til å gå mot drapsmennene. Den nye svigerfaren tel no mellom frendene til Herstein og fosterfaren, og pliktar å vere med i striden mot drapsmennene.

Jenta vert fostra hos onkelen sin. Historien fortel ikkje noko om forholdet mellom fosterfar og fosterdotter, men han hadde rett til å bestemme når ho skulle giftast bort. Som fosterfar var han ikkje berre ein del av frende-nettverket til faren, men også til den komande svigerfaren.

Veneteneste og kjærleik

Egils saga Skalla-Grimssonar

Þórir, faren til Þóra, ville ikkje gi Björn løyve til å gifte seg med Þóra. Difor har han bortført henne og søkjer ly på Island hos Skalla-Grím og Bera. Grím vert sint då han får vite kva Björn har gjort, for han er ven av Þórir. Om sommaren fekk Þóra ei jente.²⁴⁷ Dei auste vatn på henne og kalla henne Ásgerðr. Bera fekk ei kone til å passe jenta. Seinare sørger Skalla-Grím for forlik mellom Björn og Þórir. Då Björn og Þóra skal dra heim til Noreg ber Bera om å få fostre Ásgerð.²⁴⁸ Foreldra hennar går med på det.

Det går ikkje fram av teksten at fostringa i dette tilfelle formelt er ein del av forliket. Det verkar meir som om Bera har vorte knytt til jenta som ho har hatt hos seg. Men Björn og Þóra skulda Skalla-Grim og Bera ei teneste.

Fosterfaren dugde ikkje

Eíríks saga rauða

Einar leverer varer til Orm. Der ser han ei jente han likar. Han spør Orm kven det er. Orm svarar at det er Guðrídr, fosterdottera hans og dottera til Þórbjörn at Laugarbrekku.²⁴⁹ Einar ville vite om nokon hadde fridd til henne, og fosterfaren svara at det var ikkje lett å kome nokon veg der, for både jenta og faren hennar var svært nøye og store på det. Orm vil fyrst ikkje vere talsmann for Einar, men så vert det likevel til at Orm talar Einars sak til Þórbjörn. Då vert Þórbjörn sint og spør om Orm virkeleg meinar at han vil gifte bort Guðrídr til ein

²⁴⁶ Hþ, kap. 10, s. 251

²⁴⁷ ESG, kap. 35 (norsk s. 67)

²⁴⁸ ESG, kap. 35 (norsk s. 68)

²⁴⁹ ER, kap. 3, s. 203

træleson. Det meinar han er eit så dårleg råd at Orm fekk ikkje fostre henne lenger. Ho vart att heime hos faren den vinteren.

Fosterfaren set ikkje nok pris på dottera og lovar henne bort til ein som ikkje har fortent henne, i alle fall i fylgje den kjødelege faren.

Fostermor lærer jenta seið

Eíríks saga rauða

Volven kjem på besøk og skal framseie spádomar. Ho spør om det er nokon som kan kvede *Varðlokur*, og ei av kvinnene som er der, Guðríðr, fortel at ho har lært det av Halldis, fostermor si.²⁵⁰ Det er eit kvede som høyrer til *seiðen*, og ho trur ikkje at det er god kunnskap for ein som er kristen.

Faren vart skremt av ein spádom

Gunnlaugs saga ormsþungu

Vi har alt høyrte episoden ovanfor, der Þorsteinn Egilsson vart spádd at han skal få ei dotter det vil gå dårleg for.²⁵¹ Han vil setje ut jenta, men kona til Þorsteinn, Jofrid, sender barnet til svigerinna si, Þórgerð Egilsdóttir og ber henne fostre dottera hemmeleg.²⁵² Þórstein tar henne med seg heim då får han vite sanninga seinare.

I denne soga sørger mor for at svigerinna fostrar ei jente som faren er redd vil bringe ulukke.

2.4. Samandrag

2.4.1. Samandrag, søner og foreldre

Mange og varierte episodar fortel om forhold mellom søner og foreldra deira. I bolken om forhold mellom far og son har eg registrert 14 episodar, av dei var tema nokså likt fordelt på dei ymse kategoriane: 4 episodar har ein streng, men ikkje urimeleg far, i 3 episodar viser faren ingen kjærleik til sonen, i 4 episodar er det kjærleik mellom far og son og i 3 episodar er fedrene kanskje kjærlege, men så svake og evnelause at dei ikkje maktar å hjelpe sonen.

Seks episodar fortel om forhold mellom sonen og begge foreldra. I 4 av dei finn eg mønsteret der far er streng, og mor er snill og ettergivande. Desse er frå Egil saga Skalla-Grimsson (3 episodar) og Grettis saga Àsmundarsonar (ein episode). To vidare episodar handlar om menn som får frillesøner. I den eine, om Hoskuld, elskar både mor og far

²⁵⁰ ER, kap. 4, s. 206

²⁵¹ Gso kap. 2, s. 229

²⁵² Gso kap. 4, s. 230

frillebarnet sitt, medan fars ekte kone rimelegvis ikkje er like begeistra. I den andre vert mor til barnet avvist av far, ho gir han barnet men ingen av dei bryr seg særleg om guten.

Fire episodar handlar om mor og son. I to av desse døma er det mor som gir omsorg og kjærleik til ein umoden og udugeleg gut til han vert vaksen, og ei stund etter det. I ei av sogene gir mora sonen til fostring hos mannen som drepte ektemannen og barnefaren. Her elsker mor sonen sin, men gir etter for ein utspekulert plan om hevn. I ein episode har mor eit syn medan guten er barn. Etter farens død tar sonen over garden saman med henne. Han gifter seg og mor går i kloster.

2.4.2. Samandrag, døtre og foreldre

Det er relativt færre episodar som handlar om kvinner og jenter enn om gutar og menn i islendingesogene. Seks episodar av det undresøkte materialet handlar om fars forhold til døtrene sine. Ein episode har handling der både far, mor, fostermor og dotter er involvert. Og tre episodar (to av dei frå same saga) handlar om mor og dotter.

I fem av dei seks episodane som handlar om far og dotter er temaet kjærestar og giftemål. Berre eitt tilfelle handlar ikkje om giftemål, den eldre dottera er den einaste som kan trøste far i sorga hans over døde søner. I 3 høve gir far beskyttelse til dottera mot ein friar som han ikkje synest er bra nok eller som ikkje har seriøse hensikter. I eit høve er problemet ein fråskilt svigerson.

Berre svært få episodar fortel om forhold mellom mor og dotter, og dei er korte. I tre episodar (frå to soger) høyrer vi om mor som gir navn til det nyfødde barnet og peikar på den framifrå avstamminga, og vi høyrer om mor og (den vaksne) dottera som går saman om å egge mannen til dottera til å hevne ein frende. Same mora spør i eit anna tilfelle dottera om råd då ho skal hevne drapet på faren hennar. Med så få scener er det eigentleg ikkje grunnlag for å seie så mykje, men skal eg dømme ut i frå desse tre episodane tyder på at mødre var stolte av døtrene sine og nytta dei som alliansepartner når dei skulle egge mennene til hevn.

Ein episode handlar om både far og mor, og at far vil bere ut jenta fordi han har vorte spådd at ho skal bringe ulykke. Mor gir dottera til svigerinna og sørger dermed for at barnet får leve. Eg finn ikkje i dette materialet støtte for Meulengracht Sørensen's teori om at forhold mellom den passive unge jenta og den meir aktive modne kvinna ikkje skulle vere så harmoniske.²⁵³ Episodane viser òg at vikingfaren elska døtrene sine, han var stolt av dei og beskytta dei.

²⁵³ Meulengracht Sørensen 1993: 248

2.4.3. Fostring

I denne undersøkinga om fostring i islendingesogene er det 10 episodar som fortel om fostringsforhold og gutabarn. I dei aller fleste høve er det fosterfaren og faren som er omtalt, i berre eitt tilfelle er det bestemor som fostrar to gutar. I eit anna er både fostermor og fosterfar nevnt. To gonger er fosterforholdet eit resultat av at foreldre eller fosterforeldre er drept.

I eit høve tar vikingane til seg to innfødde barn på Grønland, det verkar som om gutane vert kidnappa medan resten av familien rømmer. Gutane vert døypt og fortel om korleis det er å leve i deira kultur. I ei av sogene har Eirik Raude ein mann hos seg, Tyrkir, som kanskje er frå Tyrkia. Kjærleiken mellom Tyrkir og Eiriks son er så stor at sonen reknar Tyrkir som sin fosterfar.

Fostring av gutabarn vert oftast nevnt i forbindelse med forlik og oppgjer for feider. Seks av til saman 16 episodar om fostring i islendingesogene handlar om jenter. Det er altså litt færre episodar som handlar om jenter enn som handlar om gutar, og konteksten for dei to kjønna har forskjellig karakter. Vi treff fostermor litt oftare hos jentene enn hos gutane, tre gonger. I fire av sogene er temaet giftemål. Berre ein gong vert grunnen oppgitt å vere at dei skal skaffe alliansepartnarar til ein feide, då ei fosterdotter vert gift med fostersonen til ein frende. Ein gong fører den sterke alliansen mellom fosterfaren og fosterbarnet til drap av ektemenn og ulukke for faren. Ein gong tar fosterforeldra til seg barnet som er resultat etter eit forhold mellom to som ikkje får fars velsigning til å gifte seg, og dei sørger for forlik mellom foreldre og barn. Ein gong vert fosterfaren avsett fordi han forsøker å gifte bort jenta med ein gut som i fylgje far har lavare stand. I to tilfelle har fostring samanheng med seið og spådom: fordi faren er spådd at dottera skal bringe ulukke, og ei fostermor som lærte barnet *seið* sjølv om det ikkje var bra kristen skikk.

2.4.4. Konklusjon: gutar og jenter i Íslendinga saga

Eg vil her sjå om menneska i islendingesogene hadde ein norm for kjærleik mellom foreldre og barn i islendingesogene.

Fleire episodar i islendingesogene skildrar fedre som elskar sonen sin. Den sterkaste er kanskje den om Egill som diktar eit kvad for dei døde sønene sine. Og vi har fedre som elskar sønene sine men som påfører dei skade fordi dei ikkje kan betre, slik som Þorbiörn. Han ber Einar om å flytte heimafrå for å tene eigne pengar. Det er ikkje det at han ikkje er glad i Einar, seier han, men at han er ein fattig og evnelaus far. Þorbiörns evneløyse sender Einar i døden, og etterpå er ikkje Þorbiörn i stand til å hevne han heller.

Det er óg fleire av fedrene i islendingesogene som ikkje elskar sønene sine. Eit døme på det er Bárds far Hall som hyrer ein landstrykar til å setje ut dårlege rykte om sonen etter at Bárð har måtta røme til utlandet.²⁵⁴ Bárð kjem heim att og då sender Halli han i klørene på fienden og sonen døy. Halli eggjar så fostersonen til å hevne fosterbroren. Eit anna døme på ein vond far er Víga-Glúm som hånar sonen Már fordi han legg forbinding på ein skade i hovudet.²⁵⁵

Men sjølv i tilfelle der far ikkje elska sonen sin fekk sonen hjelp av far når han var i trøbbel. Jón Viðar Sigurðsson skriv at banda mellom far og son var så sterke i fristatstida at dei nesten hadde eit betingelseslaust forhold til kvarandre. Det var svært sjeldan at far gjekk mot son, eller at son gjekk mot far.²⁵⁶ Eit døme på det er Egill og sonen Þórsteinn.²⁵⁷ Egill er ikkje direkte vond mot Þórsteinn, guten er flink men kanskje eigenrådlig, og det blir han som får overta garden til Egill.

I to soger, om *ójafnaðarmennene* Egill og Grettir, finn vi motivet der far er streng mot sonen medan mor er overberande. Else Mundal meiner at dette nærmast er ein litterær sjablong som kanskje skal gi uttrykk for at morskjærleiken er meir overberande og stabil enn farskjærleiken.²⁵⁸ Meulengracht Sørensen forklarar motsetningar i forhold mellom far og son med at det er forskjellar mellom generasjonane.²⁵⁹ Dei unge mennene er kompetetive og uregjerlige, medan den vaksne mannen er opptatt av å bevare og styrke sosial orden. Mor støttar derimot den utagerande sonen fordi ho sjølv som gift kvinne aktivt kjempar for familiens ære. Islendingesogene skriv ofte om ein gut at han vart tidlig vaksen, som det står om Ásmundr i Kormáks saga: han var "ungr at aldri ok bráðgörr".²⁶⁰ "Bráðgörr" er eit gamalislandsk ord som kan omsetjast med "bråmoden". Anna Hansen meiner at det tidleg modne, "veslevaksne" barnet var eit ideal i fristatssamfunnet.²⁶¹ Barn kan vere *bráðgörr* på mange måtar, til dømes: av størrelse (stor), sterk, flink å segle, flink å ri, flink i sport, lingvistisk (flink å prate, frekk), flink til å reise, eller dei kan vere vakre. Dette er vaksne karaktertrekk som barna er i ferd med å utvikle. For foreldra vert det vanskeleg når barna ikkje berre utviklar vaksne karaktertrekk, men dessutan forsøker å ta makt og autoritet frå dei. Og nett det er situasjonen i sogene om Gunnlaugr, Egill og Grettir. Dei har utført handlingar som var både umodne og farlege, og dessutan vorte ein trussel for vaksnes autoritet.

²⁵⁴ VG kap. 17, s. 54

²⁵⁵ VG kap. 17, s. 54

²⁵⁶ Sigurðsson 1999: 143

²⁵⁷ ESG, kap. 82 s. 195 (norsk utg. s.186). I norsk omsetjing av H. Lie: "Den arving jeg meg avlet aldri min glede gagnar. Sønn min er falsk i sinnet, svek meg i levende live. Godt hadde karen kunnet kloen fra arven holde, til gubben lå i graven, gjemt under torvets tekke!"

²⁵⁸ Mundal 1988: 19

²⁵⁹ Meulengracht Sørensen 1993: 223

²⁶⁰ Kormaks saga kap. 7

²⁶¹ Anna Hansen: upublisert artikkel

Vi har også døme på at døtrene vart elska av far og mor. Dottera som Egill har mest kjær er steddottera Þórdís, som Ásgerð fekk med Egils bror Þórolfr. Det er henne Egill vil bo hos etter at sonen har overtatt garden. Egill hadde mange døtre, ei av dei vi blir kjent med gjennom *Egils saga* er Þórgerdr. Ho var den einaste som klarte å trøyste Egill då han sørgde over dei døde sønene sine. Soga fortel ikkje om alle døtrene til Egill, difor veit vi ikkje om han elska alle døtrene sine likt. Men det var ikkje slik at far og mor måtte elske alle barna sine likt. Vi finn same tendensen seinare, men eg trur ikkje det er same grunn.

Dei fleste episodane som fortel om far og dotter handlar om at han vil beskytte henne mot ein uverdigg friar. Men det i seg sjølv treng ikkje å bety at far elsker dottera. Ekteskap var fyrst og fremst ein måte for bøndene til å å skape allianser med andre slekter som kunne auke ære og eigedom. Difor var det óg far som bestemte kven dottera skulle gifte seg med. Så når far var redd for at dottera skulle rote seg bort i ein useriøs eller uverdigg mann var det like gjerne verdien på ekteskapsmarknaden han var redd for. Giftemål vart og nytta for å hindre ein feide i å utvikle seg. Det er tilfelle med Gunnar, som gifter bort dottera Jofrið til Þórodd. Han er sonen til Þungu-Odd som har planar om å brenne Gunnar inne på garden hans. Gunnar har eigentleg ikkje lyst til å ha meir med den slekta å gjere, men likevel lar han Þórodd få Jofrið. Dermed vert striden avverga og han reddar garden sin.

Min konklusjon er at det fanst mange episodar som viser at foreldre elska barna sine i den tidlege fristatstida, og kjærleiken ytra seg på forskjellig vis. Men vi finn óg utslag av hat og følelsar av å ikkje mestre oppgåva med eit barn. Eg er litt usikker på om kjærleiken mellom foreldre og barn var norm i vikingtida. Mange hadde det godt, men det var óg mange som levde under tøffe forhold. Det er ikkje godt å seie korleis det var å vere barn i eit samfunn med så mykje vald.

Arkeologen Sigrid H.H. Kaland legg vekt på dei mange forskjellige gruppene menneske som utgjorde vikingsamfunnet, folk frå forskjellige land hadde mykje kontakt med kvarandre på grunn av handel, landnám og raid.²⁶² Kulturelle forskjellar var ofte store. Vikingsamfunnet var funksjonelt og strukturert organisert for å takle problem som kunne oppstå.²⁶³ Likevel var oppvekstsjansane til eit barn svært forskjellige, avhengig av kva gruppe det kom frå; om du var barn av ein fri mann, træl eller frillebarn. Barn heilt ned i femårs-alderen måtte arbeide. Trælar hadde ingen rettar og var ikkje beskytta av lovene og bestemte ikkje over barna sine.

²⁶² Kaland 2008: 64

²⁶³ Kaland 2008: 65

Faren skulle velsigne det nyfødde barnet før det vart godkjent som medlem av familien.²⁶⁴ Dermed var det óg akseptert av far og kunne få pleie. Eit barn som ikkje vart legitimert på denne måten hadde ingen rettar og høyrde ikkje til i samfunnet.

Korleis viste norrøne foreldre omsorg for barna sine i islendingesogene? Nokre få scener kan forekome, men generellt er ikkje det eit tema som sagaforfattarane tok for seg. Det hender óg at mor gir omsorg til ein vaksen og udugeleg son. Episodane om fedre og søner nevner ingen handlingar av omsorg.

Vi finn heller ikkje mange episodar som fortel om korleis barna vart disiplinert. Nokre gonger vert far sint på sonen, slik som situasjonen ofte var med Skalla-Grím og sonen Egill. Ásmund hadde óg god grunn til å verte sint på Grettir. Vi får vite at Ásmund ordna med skyss til Grettir og sendte han utanlands då han var gamal nok, og det utan at han fekk med seg naudsynt utrustning som eit våpen. Utanlandsreisen er ellers nevnt av Meulengracht Sørensen som eit modningsrituale.²⁶⁵ Grettir fekk likevel med seg sverd, og det var vel eit døme på omsorg frå mor.

I mi undersøking handlar ein stor del av episodane som handlar om barn om fostring, og eg konkluderer med at det var ein svært vanleg skikk i tidleg fristatstid. Kjeldematerialet fortel at viktigste grunnen til fostring var å sikre familiens allianser med andre familiar. Det var ein måte å bygge lojalitetsband som sikra støtte når ein råka ut for feider og strid. På Alltinget var det avgjerande at ein hadde menn som kunne bere fram saka. Best var det om ein hadde høvdingar og tingmenn i frendekretsen. Difor var det ofte at ein bonde, eller ein kjøpmann, som i tilfellet Hænsa-Þórir, tok på seg å fostre eit barn for høvdingen. Som gjengåve ville då høvdingen stille opp for fosterfedrene og deira husmenn når dei råka ut for strid. Fosterbarn fekk ofte sterke band til fosterforeldra og fostersøsken, og eg ser ingen ting som tyder på at fostring var eit resultat av manglande kjærleik. Tvert om fekk barna eit sett ekstra foreldre, og det kunne kome vel med i ei tid då det ofte hendte at far og mor døydde unge.

Men fostring kunne óg kome i stand fordi at barn vart foreldrelause, og då var det slektningar som tok seg av dei om det var mogleg. Grágás har reglar for kven som står nærmast til å ta seg av eit foreldrelaust barn.²⁶⁶

Mundal skriv at barnefostring hadde mykje prestisje i det norrøne samfunnet. Barn vart gitt bort til fostring for å bygge nettverk med personar dei ikkje var i slekt med. Men dei fleste vaks opp i heimar med lavare status enn foreldra, og ho undrar om barn då vaks opp med ein

²⁶⁴ Kaland 2008: 59

²⁶⁵ Meulengracht Sørensen 1993: 224

²⁶⁶ Grágás, 3. Ómaga-balkr

lavare levestandard.²⁶⁷ I røynda var det vel sjeldan at dei vaks opp i forhold som var så mykje lavare enn dei var vant til at barnet tok til å hate foreldra. Barn skulle vere lojale overfor foreldra. Eit endå meir viktig spørsmål er korleis dei eigentleg hadde det i ein framand heim. Om dei følte den kjærleiken og tryggleiken som ville vere naturleg overfor biologiske foreldre.²⁶⁸ Yngre barn ville truleg utvikle desse følelsane overfor fosterforeldra. Dette kjem truleg an på korleis dei vart behandla hos fosterforeldra.

Eit døme på sterke band mellom fosterfar og fosterdotter er episoden om Hallgerð langbrók i Njáls saga. Faren gifter henne bort med ein mann ho ikkje vil ha, ho vert sint og søker hjelp hos fosterfaren. Han sørger for at mannen hennar vert drept. Ho gifter seg ein gong til, denne gongen etter eiga vilje, men etter kort tid drep fosterfaren han óg. Far har ingen ting han skal ha sagt og må bøte for drapa på mennene hennar. Mundal meiner det er ikkje var så rart, dottera opponerte mot faren som gifte henne bort mot hennar vilje. Ho trur at eit slikt motiv kan stemme med aktuelle situasjonar.²⁶⁹ Eg trur at temaet her heller spelar på bindinga mellom fosterfaren og Hallgerð. Ho får velge den andre ektemannen sjølv, likevel vart han drept av fosterfaren.

Jenter vart ikkje fostra så ofte som gutar. Eg meiner det kjem av at gutar generellt hadde større status. Og for gutane vart det forventa at dei skulle verte tidleg vaksne og sjølvstendige. Jenter måtte beskyttast i større grad. Mundal meiner at kvinnenens status kunne vere lettare påvirkeleg av omgivelsane, og at fosterforeldrene som var av lavare stand ville kunne ha negativ verknad på jentenes status som framtidige husfruer.²⁷⁰

Eg har i Íslendinga sögur funne fylgjande moment som styrker hypotese 1:

- at normen for kjærleik mellom foreldre og barn var forskjellig i forhold til Sturlunga saga og Biskupa saga.
- at vi finn nokre fleire tilfelle av at foreldre viser omsorg for barn enn i Sturlunga saga, men ikkje så mange som i Biskupa saga.
- I mi undersøking finn eg at forholdsvis fleire jenter vart fostra i islendingesogene enn tilfelle var i Sturlunga saga. Det kan tyde på at fostringsskikken fekk eit anna preg i høgmiddelalderen, som eg skal kome tilbake til i kapittel 3.

²⁶⁷ Mundal 2002: 186

²⁶⁸ Mundal 2002: 187

²⁶⁹ Mundal 1988: 19

²⁷⁰ Mundal 2002: 183

KAPITTEL 3

Forhold mellom foreldre og barn i Sturlunga saga

Her vil eg sjå på forhold mellom foreldre og barn slik dei vert framstilt i Sturlunga saga. Den fortel om ei tid som var prega av at makta var samla på hendene til få høvdingar. Åtte familiar rivaliserte om makta til ein grad som likna borgarkrig. Sturlunga saga er ein dokumentasjon av ideala til desse høvdingfamiliane og kampane som vart utkjempa mellom dei. Eg vil forsøke å finne ut korleis var familieforholda vart prega av denne tida med maktkamp. Korleis var forholdet mellom dei enkelte familiemedlemmene? Hadde dei ein norm som sa at foreldre skulle elske barna sine? Viste foreldra i sturlunga tid omsorg for barna sine? Og kva seier Sturlunga saga om foreldres bruk av straff og disiplin? Eg vil óg sjå om konklusjonane styrker eller svekker hypotesene mine.

3.1. Gutar

3.1.1. Forhold mellom fedre og søner

Kjeltringsøner

Sturlu saga

Þóroddr Grettison var ein stor og sterk bonde.²⁷¹ Han fekk ein son med Þórdisa *inn lygnu*, den løgnaktige. Ho var *göngukona*, ei tiggarkone som gjekk frå gard til gard. Guten vart kalla Geirr og han vart ein stor ugjerningsmann, ein tjuv og røvar. Han sprang så fort at ingen hest kunne nå han att.

Far tar med sonen for å drepe presten

Sturla hadde ei høne å plukke med Erlendr prest og Snorri, som var vener med Einar þorgilsson.²⁷² Og då han hørde at Erlendr og mennene hans hadde tenkt seg ut å bade etter preika ein søndag tok han med seg sonen Sveinn og dro til kjelda. Då dei kom dit sat presten i vatnet, medan Snorri var på veg ut av badet og Þorleifr sat og kledde av seg og tenkte seg ut i kjelda. Sturla og Sveinn sára fyrst Snorri og slo så i hel Þorleifr. Så sa Sturla til Sveinn at han skulle drepe Erlendr. Då sa guten at det kunne han ikkje, "því at hann er skírifaðir minn".

Sveinn ville ikkje drepe presten fordi han var "døypefaren" hans. Dermed redda han livet til Erlendr prest. Det var ellers greitt for far å ta med guten ut på drapsferd.

Ekte og uekte arvingar

²⁷¹ Sturlu kap. 7 (113), Kålund s. 64

Sturlu saga

Özurr inn auðga hadde vore til sjøs og tent seg rik, men han hadde ingen nære arvingar.²⁷³

Den nærmaste var Torkatla, men han heldt ikkje henne for å vere forstandig nok til å forvalte arven. Deretter var dei nærmaste slektningane Grímr og Skofti. Dei to brørne hadde ingen status og faren deira var lite for seg. Grím vart forsørgra av Alf Örnólfsonar, Skofti var fattig men hadde mange barn som han ikkje klarte å sørge for. Men Oddr Jósepsson var like mykje i slekt med Özurr som Grím og Skofte, og han var dyktig. Özurr ville helst at han skulle få arve formuen hans.

Det enda likevel med at høvdingen Einarr Þorgilsson fekk arven. Etter at Özurr var avliden reiste Einar til Grím og sa at han måtte fylgje han heim, for no ville han overta alle pengefordringane han hadde.²⁷⁴ Álf sa då at det var han som hadde vore forplikta til å forsørge Grím sidan Özurr ikkje hadde vore *skilgetinn*, ikkje innanfor ekteskap. Difor måtte ein del av arven tilfalle han. Men Einar tok Grím i handa og forkynte at han ved handslag og hjemmel lot seg overdra alt gods som han var arving til. Deretter dro Einar til Skofti og gjorde det same. Til sist dro han til Oddr og baud han 60 hundre alner for alt han eigde. Odd avslø tilbodet, men då sa Einar: "þat hefi ek heyrnt menn segja, at ðú munir eigi vera skilgetinn, ok mun þat vera réttara, at þú hafir ekki af".²⁷⁵ Han hadde høyrnt at Odd ikkje var ektefódd, og då hadde han ikkje rett til noko. Dette vart sidan ei sak for Sturla.

Odd baud Einar straks *járnburð* for å prove at han var lovleg arving. Om han hadde ei sak vart det Sturlas jobb å finne ut. Men Einarr underslo straks alt som var att etter Özurr. Om han hadde halde seg til lova kan det vere at den hadde vorte tolka til Einars gunst, for arverettane i Grágás, *Erfða-þáttur*, skil mellom ekte og uekte barn. Ein arving som er *lavngetinn*, fódd utanfor ekteskap, kjem etter sysken som er "ekte" og døypt [xviii].²⁷⁶

"Broðir samfeðri lavngetinn oc anar sammøðri lavngetinn ero apiliar vig saka eptir systkin sin. oc þeir eigo festar systra sina oc sva legorðz sacir vm þær sva snemma sen ero til arf töko. Systir lavngetinn oc önor sammøðra eigo sva rétta far at taca eptir systkin sin [...]"

Det er ikkje utsjånaden som tel

Íslendinga saga

Biskop Pál hadde to søner som var veldig forskjellige.²⁷⁷ Den eine sonen, Loft, var ein vakker mann og eit godt høvdingemne. Men biskopen var endå meir glad i den yngre sonen Ketil.

²⁷² Sturlu, kap. 15 (133) Kålund s. 78

²⁷³ Sturlu saga, kap. 15, Kålund s. 79

²⁷⁴ Sturlu saga, kap. 16, Kålund s. 79

²⁷⁵ Sturlu saga, kap.16, Kålund s. 79

²⁷⁶ Grágás 73, s. 98

²⁷⁷ Ísl, kap., s., Kålund s. 249

Pórvald Gissursson meinte at det var fordi Ketil ville gjere alt det gode han kunne for andre folk medan Loft kunne seie alt muligt godt.

Det er ikkje den som er mest veltalande og som tek seg best ut som vert mest elska, men han som gjer gode gjerningar.

Far refser sonen som har slått naboen med øks

Sighvat Sturluson hadde to søner, Tume og Sturla. Dei flytta nordover til Øfjord, men mange av storbøndene der likte ikkje Sighvat, dei meinte at han hadde ingen ting der å gjere utan arv eller odel.²⁷⁸ På garden Miklagarð bodde Þorvarð, han hadde eit flott sverd som Sturla og Tume hadde lyst på. Dei hadde bydd på sverdet, men fekk ikkje kjøpe det. Ein dag då Sturla var 18 år gamal reid han til Þorvarð og gjekk inn. Dei andre kameratane venta utanfor. Sturla tok sverdet. Karane som kom til tok frå Sturla sverdet. Då tok han fram hammaren sin og svinga den mot hovudet til Þorvarð så han svimte av.²⁷⁹

Sturla ville ikkje fortelje faren kva som hadde hendt, men dei som hadde vore med fortalde det. Sighvat ville vite om naboen var død. Sturla svara at han dessverre ikkje var det. Då skjendte Sighvat på han og trua med å vise han bort. Tume støtta broren og sa at fleire av bøndene skulle hatt pryl, det skulle meir til før dei vart pålitelege. Neste morgon høyrde faren Sturla var oppe og gjekk. Han ropte då sonen inn til seg og sa at han var eigentleg ikkje så sint på han likevel, han berre måtte late som. Han skulle nok betale forlik for sonen. Men Sturla måtte late som om han ikkje visste det!

Den strenge faren må straffe sonen slik samfunnet krev det, sjølv om han er einig med guten.

Fedrenes kloster

Sigurðr hadde stor kjærleik til klosteret på Tværá fordi faren hans, Orm, døydde som munk der. Orm var systersonen til biskop Björn som hadde stifta klosteret.²⁸⁰ Sigurðr vart svært glad då biskopen og abbed Orm ba han flytte til klosteret for å setje det i stand.

3.1.2. Forhold mellom mødre og søner

Prinsar på avvege

Geirmundar þáttur heljarskinns

²⁷⁸ Ísl. kap. , Kålund s. 285

²⁷⁹ Ísl. kap. , Kålund s. 286

²⁸⁰ Ísl kap. Kålund s. 245

Sturlunga saga startar med forteljinga om Geirmundr heljarskinn og tvillingbroren Hámundr, sønene til kong Hjörs Hálfssonar.²⁸¹ Den har ei handling som skriv seg frå ca. 850-900. I fylgje saga vart dei to tvillingsønene fødd medan kongen var på kongestevne i utlandet og dronninga var åleine på garden. Gutane var store av vekst og forferdelig stygge å sjå til. Ingen vaksne menneske hadde nokon gong sett maken til mørkhuda og stygge ungar. Regenten og dronninga hadde ein træl som heitte Loðhötr. Han og kona hadde ein son, og då dronninga såg trælesonen tenkte ho at dette var eit svært vakkert barn, noko heilt anna enn sønene hennar. Ho var ikkje særleg glad i dei stygge tvillingane sine, men denne lyse og vakre guten kunne ho elske. Ho gjorde ein avtale med trælkinna. Dronninga fekk træleguten, ho kalla han barnet sitt og ga han namnet Leif, og trælkona fekk begge prinsane. Kongen fekk ikkje vite noko om bytehandelen. Leif fekk ein kongeleg oppvekst i hallen, medan kongssønene leika i halmen hos trælane. Men ein dag kongen var på jakt med hirdmennene sine kom skalden Bragi Boddason på besøk. Leifr sat i høgsetet og leika med gullet sitt, då Geirmundr og Hámundr kom inn i hallen og ville ta frå Leif gullet hans.²⁸² Leifr tok til å skrike, og prinsane spurde Leif om kva for ein kongsson det er som skrik for ein gullring? Bragi hjelper til med å avsløre jukset til dronninga og ho må gå til trælkinna og få omgjort "handelen". Om kvelden då kongen kom heim att fekk han vite kva som hadde hendt. Då ga han sønene sine namnet *heljarskinn* fordi han aldri hadde sett slik mørk hud før i si ætt. Gutane vart tidlig store og reiste i viking, før dei kom att og busette seg på Island.

Denne saga er eigentleg ein fornaldersaga og fungerer som opphavsmyte for høvdingane i *Sturlunga saga*. Soga har same mål som forteljinga om Óláfr i *islendingesoga* om Hoskuldr: Med Geirmundr som ættefar skaffa dei islandske høvdingane seg aristokratiske røter ved å knyte seg til ein norsk konge.²⁸³ Geirmundr heljarskinn møter vi óg i *Landnámabók*, der står det at han var ein hærkonge frå Rogaland som tapte eigedommen sin til Haraldr hárfagri etter slaget ved Hafrsfjord.²⁸⁴ Viktigste bodskapet i soga om heljarskinnbrørne handlar om kor viktig slektskap er.²⁸⁵ Ein kan ikkje skjule sitt eigentlege opphav for ein ekte vismann (som Bragi til dømes). Ein helt kan vere stygg og svart, det viktigste var at guten er dyktig og djerv. Den som sto fram som den dumme i denne soga var mora, dronninga som hadde falle for den overflatisk vakre. Seinare i soga om Geirmundr får vi óg høyre korleis han såg ein heilag stad på Hvamm, der det seinare skulle byggjast ei kyrkje. Dermed vart han óg ein kristen helt, lenge før kristendommen vart religion.

²⁸¹ Gth, 1. kapittel, s. 1-2

²⁸² Gth, 2. kapittel, s. 2-3. Ordet "hel" skriv seg frå dødsgudinna Hel.

²⁸³ Nordal 2000: 226

²⁸⁴ Landnámabók, 2. del, 20. Kapittel.

²⁸⁵ Nordal 2000: 227

Íslendinga saga:

Gudny hadde mykje eigedom av stor verdi.²⁸⁶ Medan ho levde hadde ho gitt frå seg alt ho åtte til fostersonen Þórð Sturluson. Men ho døydde heime hos sonen Snorri, og han tok alt etter henne. Det vart då strid mellom brørne Þórð og Snorri om arvefordelinga. Dei to møttest om sommaren ved tingtider og vart sams og venner.

Arveoppgjer var ei kjelde til strid då som no. Gudny hadde favorisert den av sønene som ho fostra sjølv, han var den næraste og den ho kjente best. Det førte til strid mellom syskenflokk.

3.2. Jenter

3.2.1. Forhold mellom fedre og døtre

Arvesak

Íslendinga saga

Sæmund i Odda hadde bestemt at dottera Solveig skulle arve like mykje som kvar av sønene.²⁸⁷ Sæmund døydde 7. november 1222. Då reiste Solveig til mor si på Keldur, og saman ba dei Þórvald Gissurson om at han skulle tale Solveigs sak i skiftet mellom brørne hennar. Sønene til Sæmund vart einige om at Snorri skulle få bestemme over fordelinga av arven. Snorri reiste då sydover med mellom anna Ingimundr Jónsson og Ásgrim Bergþórsson og eit stort fylgje. Snorri hadde eit nært forhold til Solveig og mor hennar, han overnatta på Keldur og sidan vart Solveig med han til Oddi. Arven vart ordna slik at Solveig fekk alle dei dyraste sakene ho peika på. Av brødrene fekk Halfdan mest.

3.2.2. Forhold mellom begge foreldre og døtre

Haukdæla þáttr / Íslendinga saga

Guðmundr griss og kona Solveig (Jón Loptssons dotter) hadde to døtre som begge heitte Þóra, og for å skille dei frå ein annan vart dei kalla "ellri Þóra" og "yngri Þóra".²⁸⁸ Dei to jentene tok ofte med sytøyet sitt og dro opp til elva Almannagjá, der dei sat og snakka om framtida. Ein dag spurte den eldste systra på spøk den yngste kva ho tenkte om dei framtidige ektemennene deira. Når ville det kome nokon og spørje dei, og kven ville det vere? Den yngste systra sa at ho tenkte ikkje på det, for det ville ho likevel få vite når den dagen kom.

²⁸⁶ Ísl. kap. , Kálund s. 334

²⁸⁷ Ísl, kap. 49 s. 119 (Kálund s. 329)

²⁸⁸ Hauk kap. 5 s. 96, Kálund: Isl, s. 227

Den eldste sa at dei så visst hadde det godt heime hos mor og far. Men ho ville ikkje like å bli gåande ugift heime resten av livet heller. Den yngste meinte at det ikkje er nokon grunn til å bekymre seg om det likevel, fordi at lagnaden er forutbestemt uansett. Ho var redd for at slikt snakk skulle komme ut. Men det vart til at dei to jentene fortalde om kva menn dei drøymde om: den eldre Þóra ville helst hatt Jón Sigmundsson.²⁸⁹ Den yngste ynskje seg at Jora skulle døy så ho kunne få mannen hennar, Þórvald Gizurarson, til mann.

Ti år seinare gjekk det som dei begge Þóraene ynskte seg: Jora var død, og Jón og Þórvald kom for å fri. Alt fyrste natta laga jentene plass i sengene sine så kvar mann fekk sove hos rett jente. Dei lot det likevel vere opp til mennene å velge, og det vart slik jentene hadde tenkt. Neste dag vart frieriet ført fram og avtalane gjort, det vart giftermål og dei fekk mange barn.

I denne saga er foreldra nesten fråverande. Den fortel at jentene hadde det godt heime hos mor og far, men seier ikkje noko om foreldra si rolle når det gjeld avgjerda om giftemål. I fylgje Guðrún Nordal representerer forteljinga om dei to Þóraene genealogien og busetjingsmyten til Gizurr Þorvaldsson, Haukdølen som er den eigentlege helten i Sturlunga saga.²⁹⁰ *Haukdæla þáttr* vart lagt inn som del av Íslendinga saga rett før han vart fødd, og er sjølvve nøkkelen til Sturlunga saga. Den "yngri" Þóra Guðmundardóttir og Þórvald Gizurarson vart foreldra til Gizurr. Forteljinga fortel at Gizurrs fødsel ikkje var tilfeldig, men bestemt av lagnaden, som den yngri Þóra sa til systra. Og den understrekar hans slektskap med Jón Loptsson. At det var den kvinnelege linja etter Jón som var opphavet til helten Gizurr var vel eit faktum, men den fortel óg at kvinner var like verdfulle i arverekka som menn.

3.2.3. Forhold mellom mødre og døtre

"Uekte" barn

Sturlu saga

Enkja Yngvildr Þorgilsdóttir vart sambuar med Böðvarr i Tungu.²⁹¹ Dei to i Tunga møtte ofte folket til Hvam-Sturlu, særleg ofte traff dei kvarandre ved kjelda. Sturla hadde ofte besøk av mágane Þorvarðr og Ari, brørne til kona Ingibjörg. Ein vinter medan Þorvarðr var ved kjelda datt han av hesten og braut foten, og han fekk hjelp av Yngvild. Han dro med henne til Tunga medan foten lækte, og det oppsto rykte om at det var noko mellom han og Yngvild. Våren etter flytta Yngvild til Ballará der ho laga seg eit lite hus, og Þorvarðr flytta nord til Eyjafjarðar. Om hausten kom det frá Eyjafjarðar ei kvinne som heitte Þórdís og bodde hos

²⁸⁹ Hauk, kap. 5 s. 98/ Kálund s. 228

²⁹⁰ Nordal 2000: 229

²⁹¹ Sturlu kap. 9 (Kálund s. 67)

Yngvild i seks veker. Medan ho var der fekk ho ei dotter, Sigríðr. Folk tok til å snakke om at Yngvildr var den eigentlege mora til Sigríð.

Einarr Þorgilsson tok opp saka, han oppsøkte Þorvarð og ba han sverge på at det var hans barn. Det nekta han på, og ein nordlending som heitte Grímr bar *járnburðr* for saka. Det enda med at Þorvarðr vart frikjent. Den sommaren reiste Þorvarðr til Noreg. Yngvild overdro alle fordringane sine til Sturla og gjorde han til forsvararen sin i alle saker. Så dro ho i løynd til Eyjafjarðar, kledd som ein mann og med kortklipt hår. Etter kvart kom ho seg óg til Noreg. På Island dukka ryktet på ny opp om at Sigríðr var dottera til Yngvild og Þorvarð. Einarr gjekk på Sturla og meinte at han og Ingibjörg hadde visst om saka med dei to, og dermed gjort seg medskuldig i løgn og brot på kristenretten. Dei møttest fyrst til fíránssdom, der både Sturla og Einarr vart dømt til fjörbaugsmenn. Sidan kom det til eit slag der begge partane stilte med stor hær; dei skildest utan skade fordi mange gode menn gjekk i mellom. Etter å ha sete fredlause over vinteren heldt dei to stridskjempene fram. Einarr svidde av garden til Sturla og mange forsøk på forlik vart mislukka.

Barnet som vart født utanfor ekteskap vart opphav til ein feide som førte til store øydeleggjingar som heldt fram til lenge etter at vesle Sigríðr og foreldra hennar var ute av saga.

Ikkje alle døtrene var like mykje verd

Íslendinga saga

Sighvatr Sturluson vil gifte seg med Halldóra Tumadóttir.²⁹² Ein sommar han er på tinget nyttar han høvet til å be mora hennar, Þuríðr Gizuradóttir, om å få gifte seg med dottera. Då seier Þuríðr at ho elskar Halldóra mykje meir den andre dottera si, Álfheiði. Difor vil ho berre gi Halldóra til ein mann frendane synest er jamngod med henne. Til Álfheiði derimot, meinar ho at ein mann er bra nok så lenge han ikkje er usømmelig.

Arvesak

Íslendinga saga

Ingimund Jonsson var ein av mennene til Sturla Sighvatsson.²⁹³ Han hadde fridd til Joreid Hallsdóttir, systera til Pál prest. Ho ville ikkje gifte seg fordi ho ikkje ynskte å ta frå dottera formuen. Joreid var svært velstående fordi ho hadde vore gift med ein mann frå Skard-slekta. Sturla dro saman med Ingimund og bortførte Joreid. Men ho var bestemt og nekta å ete maten dei ga henne. Frendene hennar var opprørte. Pál prest var ven med Þórð og ba han om bistand.

²⁹² Isl, kap. 6 s. 10, (Kålund s. 217)

²⁹³ Isl, kap. 6 s. 10, (Kålund s. 341)

Det vart til at Snorri førte saka for Joreid, og biskop Magnus bestemte ei bot på 20 hundre (alen vadmél). Dottera til Joreid vart seinare gift med Sturla Þórðarson.

Mor ofra seg og levde ugift for at dottera skulle få all arven etter faren. Det kan óg tenkast at det var ei vikarierande årsak, at mor av ein eller annan grunn ikkje hadde lyst til å gifte seg med den mannen.

3.3. Fostring i Sturlunga saga

3.3.1. Fosterforeldre og søner

Sturlu saga

Þorgils Oddason var stor høvding på Staðarhól. Han hadde mange barn.²⁹⁴ Eldste sonen Oddi vart fostra hos Sæmund Sigfússon i Odda. Einarr Þorgilsson vart fostra hos Þorgeir Sveinsson. Då dei var vaksne tok dei over godset og goðedømmet etter faren, han flytta nordover til Þingeyra.²⁹⁵ Men så døydde Oddi av sótt. Einarr vart sitjande med garden og goðedømmet.

Fostring som forlik

Íslendinga saga:

Hvam-Sturla hadde eit tvistemál med Pál prest i Reykjaholt.²⁹⁶ Jón Loftsson hadde forsøkt å få til eit forlik mellom dei som ikkje lukkast før Sturla døde. Som ein del av forliket tok Jón på seg å fostre Snorri, sonen til Sturla. Snorri bodde på Odda til han var 19 ár gamal, då Jón døydde.²⁹⁷ Etter det bodde han hos fosterbroren sin, Sæmund, inntil den ektefødde broren Þórðr og Sæmunðr fridde til Herdís for han. Snorri eigde ikkje fe og arven etter faren på 40 hundre alen hadde mora Guðny brukt opp. I staden fekk han garden Hvam som presang då han gifte seg. Snorri ga støtte til fosterbroren Sæmunðr i striden som oppsto mellom han og Sigurðr Ormsson etter Jóns død.²⁹⁸

Fostringsforholdet til Snorri vert inngått for å skape fred mellom to stridane partar. Men når ein familie tok til seg eit fosterbarn fekk det fylgjer både for fosterbarnet og hans frender, og for fosterforeldra og deira barn. Det stifter fred mellom dei stridande partane, og det skaper band mellom familiane på Oddi og Hvam. Syskena på begge sider vil i framtida støtte kvarandre i strid. Seinare vart systra til Sæmunðr Jónsson, Þuríðr, og mannen hennar Sigurðr

²⁹⁴ Sturlu kap. 1 (103), Kålund s. 57

²⁹⁵ Sturlu kap. 6 (111), Kålund s. 63

²⁹⁶ Ísl, kap.1, s.1, Kålund. s. 210

²⁹⁷ Ísl kap. 10 s. 14, Kålund s. 220

²⁹⁸ Ísl kap. 11 s. 15, Kålund s. 221

Ormsson fosterforeldre til Þúmi, sonen til Snorris bror Sighvat.²⁹⁹ Slik vil eit fostringsforhold verke som eit band mellom to slekter også i framtida.

Rampungar og kjeltringar

Þorgils saga ok Hafliða

Már var sonen til Bergþór. Han var stor og knoklete, svarthåra og lite vakker, og han hadde dårleg karakter – det var uvanleg mellom frendene hans. Folk likte ikkje Már.³⁰⁰ Om vintrane var han ofte hos farbroren sin, Hafliði, der han stelte i stand mykje bryderi. Bergþórr selde Már til oppfostring hos Þórð, ein fattig skald som budde på ein av gardane til høvdingen Þórgils Oddeson.³⁰¹ Her voks Már opp utan at Þórð fekk noko att for godt stell. Til slutt sára han fosterfaren sin hardt, og sprang så til Hafliði. Farbroren tok i mot Már, men Þórgils reiste sak på Þórðs vegne. Den saka var opphav til store stridigheiter mellom Þórgils og Hafliði.

Seinare drepte Már ein mann, Þorstein, i striden mot Óláf.³⁰² Han reiste deretter heim til Hafliði og fortalde kva han hadde gjort. Hafliði tok det ille opp og sa at Már lenge hadde vore til unytte og ei stor skam for frendene sine. Men Hafliði forsvarer Már og søker oppreisning for han når saka kjem for tinget. Striden mellom Þórgils og Hafliði utartar til ein stor feide.

Sturlu saga

Einarr Þorgilsson, høvdingen på Staðarhól, vart fostra hos Þorgeirr i Brunna.³⁰³ Þorgeirr hadde ein son, Viðar, som vaks opp saman med Einar. Som vaksen slo Viðar seg saman med nokre ugjerningsmenn som herja og stal på gardane. Presten Helgi, ein av frendene til Einar, fann ut at kjeltringane hadde tilhald i Brunna, og dro dit med nokre menn for å ta dei. Dei fekk tak i den eine ugjerningsmannen, Þórir, men Viðarr slapp unna. Han sprang til fosterbroren sin Einar og ba han skaffe seg oppreisning - dei hadde trass alt leika saman som barn. Einarr lova å hjelpe Viðar så han slapp å reise land og strand rundt. Helgi prest hadde ført Þórir til garden sin, der var han bunden og skulle drepast. Einarr gjekk til presten og trua han til å sleppe laus Þórir. Det enda med at Helgi skar av banda til forbrytaren. Helgi prest var aldri meir ein så god ven av Einarr som han hadde vore før.

Foreldreause gutar

Íslendinga saga:

²⁹⁹ Ísl kap. Kålund s. 245

³⁰⁰ ÞH kap. 1 s. 13, Kålund s. 8

³⁰¹ ÞH, kap. 3 (s. 16), Kålund s. 11

³⁰² ÞH, kap. 5 (s. 22), Kålund s. 14

³⁰³ Sturlu kap. 1, kap. 7 (s. 113), Kålund s. 64

Kolbein Arnorson dro i 1221 med faren til Noreg.³⁰⁴ Kort tid etter at dei kom dit døydde faren. I år 1225 kom han tilbake til Island, då var han 15 år gamal. Mágen hans Sighvat ba då tingmennene sine skaffe hushaldning til Kolbein. Det fekk han, og han viste seg snart som ein svært valdsam mann. Men eit godt høvdingemne, det var han. Sighvat tok seg av Kolbein medan han var ung.

Soga fortel ikkje noko om kva som hadde hendt medan Kolbein var i Noreg. Kanskje var det hendingar i det framande landet som gjorde at den unge guten vart så voldeleg? Men då Kolbein kom tilbake til Island hadde han frender som kunne hjelpe han. Han var i slekt med kona til Sighvat, og han såg det ikkje slik at ein 15-åring var gamal nok til å passe seg sjølv. Han tok seg av guten til han var gamal nok til å stå på egne bein.

Frendelaus og fattig

Þorgils saga ok Hafliða

Óláfr var sonen til Hildi, ein mann i Breiðafjörð som vart dømt fredlaus. Som *skógarmáðr* vart han ført fram for ein *féránsdómr*, det vart teke beslag i egedomen hans og han mista forsørgingsplikta for barnet.³⁰⁵ Guten vart gjort til fattiglem i fjerdingen, han vart *ffjórðungsómaga*, og omsorga for han vart overtatt av heradet, han vart *héraðsfara* i Breiðafjörð. Det vil seie at han bodde vekselvis på gardane rundt i distriktet til han var 12 år gamal. Etter det måtte Óláfr Hildisson ut på eiga hand, og han søkte hjelp hos høvdingen, Þorgils bóndi Oddason på Staðarhól. Þorgils ga han råd om å reise nordover for å søke seg arbeid. Óláfr gjorde så; han fekk seg arbeid på fiskebruket til Már. Han var godt kledd og han hadde med seg egedomen sin som besto av nokre få saker: ei kiste med klede, ei svært god øks og nokre hestar.

Már viste seg å vere ein streng og urimeleg arbeidsgjevar.³⁰⁶ Óláfr fekk ofte refs og til slutt vart han nekta betaling for arbeidet. Dessutan tok Már alle sakene hans til seg sjølv. Óláfr mangla no både pengar, gods og vener, og igjen var det Þorgils han måtte ty til for hjelp. Høvdingen ga han ei øks og lot kona finne nokre klede til han, og Óláfr vart sendt ut med råd om å søke oppreisning hos Már. Seinare klarer Óláfr å sære Már med øksa og vert dømt til *ffjörbaugr*, ein begrensa fredlaus-dom der han har tre år på seg til å forlate landet, eller han kan opphalde seg innanfor grensene til Þorgils' gard.³⁰⁷ Óláfr forsøker då få plass med ein båt som skal ut av landet, men styrmannen vil ikkje ha han med. Óláfr blir på Staðarhól, og i eitt tilfelle forsøker Þorgils å lokke han i hendene på Már. Óláfr vert sendt ut

³⁰⁴ Ísl kap. Kálund s. 335 og 343

³⁰⁵ ÞH, kap. 4 (s. 16), Kálund s. 11

³⁰⁶ ÞH, kap. 4 (s. 18), Kálund s. 13

³⁰⁷ ÞH, kap. 5 (s. 21), Kálund s. 19

til å arbeide på myrene, og Már vert tipsa om kvar han er.³⁰⁸ Men denne gongen slepp Óláfr unna. Kvinnene på Staðarhól har funne ut kva som er i ferd med å skje med den stakkars guten. Dei kler seg i bukser og spring ut på myrene med sverd, og klarer å jage vekk Már og mennene hans. Men til slutt døyir Óláfr likevel. Han vert slått i hel av Grímr, ein frende av Hafliði og Már, som av og til besøker Staðarhól og brukar å spele *leikr* med Óláfr.³⁰⁹ Ein dag dei leikar er Óláfr sterkast, og Grímr taper. Hafliði hjelper Grímr å drepe Óláfr.

Óláfr havna i feiden mellom to lovmenn. Då det gjekk galt var det høvdingen han hadde å stole på. Óláfr vender tilbake til høvdingen Þorgils Oddeson når han er i naud. Han vert dømt *fjörbaugr* og Þorgils vil han sende han frá landet, men ingen av båtmennene vil ha han med.³¹⁰ Óláfr må bli på garden hos høvdingen, som helst vil bli kvitt han. Óláfr vert drepen til slutt. Det er ikkje mange som er innstilt på å hjelpe ein fattig unggut utan frender.

Haukdæla táttr

Yngste sonen til byskup Ísleif, Teitr prest, vart fostra av Halli inum milda i Haukadal.³¹¹ Han kom til Hall då han var sju år gamal. Teitr vart prest og tok over Haukadal etter fosterfaren sin. Han fekk ein son, Hall, som også vart biskop og høvding. Hallr Teitsson vart gift med þurídi og dei fekk sonen Gizurr som tok over Haukadal etter faren og vart stallar hos kong Sigurðr.

3.3.2. Fosterforeldre og døtre

Sturlu saga

Guðný Brandsdóttir vart gift med stesonen til Sturla, Einarr Ingibjargarson. Einarr hadde fått garden Sælingsdalstungu av Sturlu.³¹² På garden oppheldt seg óg Loft som var Gudnys fosterfar. Han er nevnt i høve med striden mellom Einar Ingibjargarson og Einar þorgilsson. Sistnevnte sendte þorgeir og nokre menn til Sælingsdalstunga for å slå ned Loft. Mennene kom inn i stova på Tungu og sette seg ned. Þorgeir reiste seg opp og såg etter Loft, men han var så nærsynt at han slo ned feil mann.

Den vaksne Gudny har den gamle fosterfaren hos seg.

3.4. Samandrag

3.4.1. Søner

³⁰⁸ ÞH, kap. 9 (s. 31), Kálund s. 20

³⁰⁹ ÞH, kap. 11 (s. 39), Kálund s. 27

³¹⁰ ÞH, kap. 4 (s. 1), Kálund s. 13

³¹¹ Hauk kap. 4, s. 95

³¹² Sturlu kap. 11 (s. 124), Kálund s. 73

I denne oppgåva har eg seks episodar som fortel om fedre og søner i Sturlunga saga. Den eine handlar om mannen som fekk barn med ei göngukona (ei tiggarkone), sonen deira vart tjuv og kjeltring. Ein episode handlar om far som tar med sonen for å drepe presten. Men sonen vil ikkje gjere det, fordi det er den presten som har døypt han. Ein episode handlar eigentleg ikkje om far og son, men om ein rik ungkar som ville gi bort arven sin til ein slektning. Eg har teke den med sidan den fortel om arverett mellom fedre og søner: uekte søner hadde ikkje same rett til arv som ekte søner. Ein episode fortel om bispen som hadde ein son som var vakker og ein som var god, og sistnevnte var den han elska mest. Ein episode fortel om sonen som har slått naboen med øks, og får refs av far. Etterpå lar far det skine gjennom at han eigentleg heldt med sonen, men slikt kan ein ikkje snakke om lenger. Og ein episode handlar om sonen som var så glad i klosteret der faren var munk og som var grunnlagt av ein slektning.

To historier fortel om søner og mødre. Den eine er ei fornaldersoge som fungerer som opphavsmyte for slektene Sturlunga saga handlar om. Her møter vi to gutungar som er så stygge at mora byter dei bort mot ein trælegut. Etter kvart vart det likevel klart kven som var ekte prinsar, dei var både raskare og flinkare på alle måtar. Ekte slektskap kunne ikkje døljust, den som var dum var mor. I den andre episoden om mor og son vil mor gi fostersonen størstedelen av arven sin, noko den ektefødde sonen ikkje finn seg i.

3.4.2. Jenter

Fem episodar handlar om jenters forhold til mor og far i Sturlunga saga. Berre ei av dei handlar om forhold mellom far og dotter. I den eine episoden har far bestemt at dottera skal ha like stor del av arven som brødrene. I ei soge er ikkje foreldra til stades. Den fortel om to jenter som fantaserer om kven dei skal gifte seg med. Denne episoden er ein opphavsmyte for høvdingen Gizurr Þorvaldsson. Desse mytene var vanlege i historiebøker for å distingvere den dei var laga for.

Tre episodar handlar om forhold mellom berre mor og dotter. I ei sak har ei kvinne fått eit uekte jentebarn som ho forsøker å løyne for omverda. I ei sak der ein friar spør om å få gifte seg med eine dottera peikar mor på at den eine av døtrene er meir verdt enn den andre. Og i ei sak nektar mor å gifte seg att fordi dottera då vil miste retten til arv etter faren.

Giftermål og samliv er oftast tema når det er snakk om jenter i Sturlunga saga. Eit anna tema som dukkar opp er arv. Episodane er om lag likt fordelt på mor og far.

3.4.3. Fostring

Av sju episodar som handlar om fostring av gutebarn i Sturlunga saga er det berre ein episode (i Sturlu saga) som uttrykkeleg handlar om forlik mellom to stridande parti. Ein episode er

nevnt der to av høvdingsønene vart fostra, men ingen grunn er nevnt. I fleire av episodane er grunnen til fostring oftast nevnt å vere at gutane er foreldreause og fattige. Dei som hadde frender vart fostra av sine, den som ikkje hadde pårørende var overlatt til høvdingens og fjerdingens avgjerd. Barn fekk opphalde seg på ein gard til dei var 12 år, og måtte sidan ut i verda og sørge for seg sjølv. Vi møter i Sturlunga saga også prestar som tok i mot gutabarn til fostring og opplæring.

Det er færre skildringar av fostring av jenter enn av gutar i Sturlunga saga. I det eine tilfellet eg kom over vert ein fosterfar nevnt (i Sturlu saga), som er gamal og bor på garden der fosterdottera er gift. I fylgje Sigurðsson vart det nytta to metodar for fostring i fristatstida. Den fyrste går ut på at barnet vart fostra mot betaling, slik det er nevnt i lovbøkene.³¹³ Den andre metoden gjekk ut på at fostringa skulle skape allianser, på same vis som med giftemål. Fosterforeldra til eit høvdingbarn var vanlegvis ein storbonde. Til gjengjeld fekk fylgjemennene hans ekstra skydd frå høvdingen. Fosterbarnet var då oftast ein gut, og han vart betrakta som eige barn av fosterforeldra. Barnet vart óg forventa å skulle gi støtte til fosterforeldra om dei havna i konflikt. Venskap vart brukt til å styrke forholdet mellom fosterfar og fosterson.

Lovene regulerte ansvarsforholdet for barn, som for gamle og andre som ikkje var i stand til å klare seg på eiga hand. I fylgje Grágás var det mennene som hadde hovudansvaret, men om ein mann havna i vanskar var det ikkje borna som kom i fyrste rekke: i Grágás´ *Ómaga-bálkr* står det at ein mann pliktar fyrst å forsørge mor si, så far sin, og på tredje plass barna sine.³¹⁴ Deretter har han forsørgelsesplikt for syskena, for dei han skal arve til, og for dei han har arva. Til sist har han ansvar for løysingane han har gitt frelse til. Grágás seier óg at mor har ansvaret for barn når far ikkje er i stand til det.³¹⁵

3.4.4. Konklusjon gutar og jenter i Sturlunga öld

Eg vil i dette kapitlet sjå på kva *Sturlunga sögur* fortel om haldningar til barn på 1200-talet. Fyrste spørsmålet eg søkjer svar på er om det i *sturlunga öld* fanst ein norm for kjærleik mellom foreldre og barn. Eit tema som vi møter ofte i Sturlunga saga handlar om at den eine av to sysken vert meir elska av foreldra enn den andre. Eit eksempel finn vi i episoden om biskop Pál. Han har to søner, og den eine av dei, Loft, er ein vakker mann og eit godt høvdingemne. Men biskopen er endå meir glad i den yngre sonen Ketil. Grunnen til det er at han vil gjere alt det gode han kunne for andre folk. Dette handlar om biskopen, og denne

³¹³ Sigurðsson 1999: 144

³¹⁴ Grágás kap. 81, s. 103

³¹⁵ Grágás, kap. 83, s. 109

episoden er nok teken med for å demonstrere biskopens framifrå kristne verdiar. Det er ellers dei verdslege verdiane vi kan lese mest om i Sturlunga saga.

I ein episode spør friaren Sighvatr mora Þuríðr om å få gifte seg med dottera hennar Halldóra.³¹⁶ Han får til svar at mor elskar Halldóra så mykje at ho berre vil gi henne til ein mann frendane synest er jamngod med henne. Men ho har ei anna dotter, Álfheiði, som det ikkje er så nøye med, berre mannen ikkje er usømeleg. Halldóra hadde nokre trekk som gjorde at mor såg sjansen til å berike familien med ein innflytelsesrik mann. Men kva var det med Halldóra, og kva var galt med Álfheiði? Om det var utsjånad, husleg dyktigheit eller noko anna som avgjorde at eine jenta var betre enn den andre gir ikkje denne soga svar på.

Soga om den "ellri Þóra" og den "yngri Þóra" fortel om to systre, der den eine vart mor til helten. Det er alltid ein som trekk eit lenger strå enn den andre. I forteljinga om Geirmundr heljarskinn og tvillingbroren Hámundr får den eine guten spele ei viktigare rolle enn den andre seinare. Men dei er begge stygge og den uvitande dronningmora har ikkje vit til å elske dei. Ho byter ut småbarna med ein vakker trælegut, men må omgjere handelen seinare då skalden og kongen får vite kva ho har gjort. Begge desse sogene gir opplysningar om kva verdiar høvdingane på 1200-talet sette pris på: avstamming, styrke og at dei vart tidleg vaksne var viktig for gutane, eit pent ansikt kan kven som helst ha. For jentene var også avstamming viktig, desse var døtrene til Jón Loptsson. Dei sydde, var fromme og snakka ikkje om menn og slikt. I alle fall ikkje så folk fekk vite det.

Min konklusjon er at foreldre i Sturlunga öld har ein norm for kjærleik. Dei elskar barna sine, men nokon av barna er meir verdfulle enn dei andre. Normen for kjærleik var ikkje utan betingelsar. For å verte mykje elska måtte ein fylle visse krav.

Percivall meiner at fedrene i fristaten let seg leie av irrasjonalitet og følelsar når dei valde ut favorittsonen som skulle overta som høvding på 1200-talet.³¹⁷ Ho finn ikkje at dei var meir rasjonelle enn menn i andre land og til andre tider når dei skulle velje seg ein arving. Det er ikkje dermed sagt at dei ikkje klarte å kombinere rasjonalitet og emosjonar, men eitt resultat av måten høvdingane valde seg etterfølgarar på var at brødre ofte enda opp med å rivalisere om fars merksemd. Ho framhevar óg at maskulin identitet og status kunne vere potensiale for konflikt mellom far og son i fasen då sonen gjekk frå barndom til vaksen.³¹⁸ Då gjekk sonen frå å vere avhengig til å vere uavhengig. Far var autoritetsfigur, men skulle óg representere generøsitet og sikre vidareføring til neste generasjon. Sonen si rolle vart då å vise lojalitet.

³¹⁶ Isl, kap. 6 s. 10, (Kålund s. 217)

³¹⁷ Percivall 2000: 81

³¹⁸ Percivall 2005: 106

Kan vi så seie at foreldra viste omsorg for ungane sine i Sturlunga saga, og korleis vart barna disiplinert? Som i islendingesogene er ikkje omsorg eit tema forfattarane av Sturlunga saga brukte tid på. Eit veldig lite unntak har eg funne, og det gjeld ein fosterfar: i saga om Már som vart fostra hos den fattige skalden Þórð stár det at Már vaks opp utan at Þórð fekk noko att for godt stell.³¹⁹ Men han var vel som fosterfar uansett betalt for omsorga så eg vel å sjå bort frå den. Heller ikkje disiplinering og refs av barn er eit tema i Sturlunga saga. Men igjen har eg eit mogleg unntak: Sighvat Sturluson vart sint på sonen Sturla fordi han hadde stole sverdet til Þorvarð og slått han i hovudet med øksa si. Far skjente på Sturla og trua med å vise han bort då han fekk vite det, men let han seinare ikkje meinte så mykje med det. Han var eigentleg einig med sonen.

Fråveret av episodar som handlar om disiplinering av barn treng ikkje bety at dei ikkje hadde tradisjonar for ris eller liknande. Eg trur óg at barn, og særleg gutar som viste viljestyrke og aggresjon vart tolerert i stor grad fordi at dette var eigenskapar som var naudsynte i samfunnet.

Det er skjedd ei endring i synet på kvinner/jenter frå Íslendinga sögur til Sturlunga saga. I fylgje mine tal er kvinnene i Sturlunga saga nevnt om lag like ofte som mennene. Det er ei auke i talet frå Íslendinga saga. Men dei episodane som er nevnt handlar sjeldan om forhold mellom far og dotter. Eg meiner at jentene i Sturlunga saga verkar meir sterke og sjølvstendige enn tidlegare: dei arvar like mykje som menn, dei tar på seg bukser for å kjempe for ein gut i naud, og dei får forlange kven dei gifter seg med. Mor seier glatt nei til å gifte seg att fordi at dottera då vil miste farsarven. Vi har óg eit tilfelle av einsleg mor med barn utanfor ekteskap som rømer frå konsekvensane med bukser og kort hår. Eg trur at kvinnene fekk styre seg sjølv i større grad medan mennene var opptatt med å krige. Det at så få episodar handlar om far og dotter kan tyde på at far var fråverande og ikkje brydde seg så mykje om kva som skjedde på heimebane. Og ikkje minst hadde kyrkja innført ein regel som krevde at *kjærleik* skulle vere grunnlaget for ekteskap, og at både gut og jente skulle samtykke. Dette gjorde det truleg lettare for jentene å setje seg opp mot far når han ville gifte henne bort.

Jón Viðar Sigurðsson ser óg endringane i synet på kvinner frå Íslendingasögur til Sturlunga saga, men han har kome fram til ein annan konklusjon.³²⁰ Hans meiner at kvinnene har fått ein svakare posisjon i Sturlunga öld fordi slektningane ikkje lenger har råd til å ta vare på dei, etter som maktkampane hardnar til og eignedommane vert større. I islendingesogene vart kvinnene oftare beskytta av slektningane sine og friller vart sjeldnare nevnt.

³¹⁹ ÞH, kap. 3 (s. 16), Kálund s. 11

³²⁰ Sigurðsson 1999: 34

Kan vi så ut i frå episodane i Sturlunga saga seie at haldningar til barn har endra seg i høve til Íslendinga sögur og Byskupa sögur?

Eg har i Sturlunga saga funne fylgjande moment som styrker hypotese 1:

- at normen for kjærleik mellom foreldre og barn var forskjellig i forhold til Íslendingasögur
- at vi finn ingen tilfelle av at foreldre viser omsorg for barn i Sturlunga saga, i Íslendingasögur var det nokre få.
- Få jenter vart fostra i Sturlunga saga. Det tyder på at fostringsskikken hadde endra seg i forhold til Íslendingasögur.

Eg har i Sturlunga saga funne fylgjande moment som styrker hypotese 2:

- Nokre jenter vart fostra i Sturlunga saga. Det tyder på at fostringsskikken var forskjellig i forhold til Byskupa saga.
- at normen for kjærleik mellom foreldre og barn var forskjellig i forhold til Byskupa saga.
- ingen tilfelle av at foreldre viser omsorg for barn
- at kvinnene spelar ei anna rolle i Sturlunga saga enn i Byskupa saga

KAPITTEL 4

Forhold mellom foreldre og barn i Byskupa sögur

Biskopssogene er samla på omlag same tid som Sturlunga saga, og begge verka vert haldne for å vere samtidige. Men Byskupa sögur representerer ein ny maktfaktor som gradvis fekk innpass i det islandske samfunnet etter kristninga i år 1000. Kyrkja og biskopen kom til å spele ei prominent rolle i Island etter kvart. Biskopssogene fortel om livet og gjerningane til biskopane. Eg vil i denne bolken sjå på korleis barndomen vart skildra i hagiografien. Helgenbiskopane hadde óg *jarteikn* som fortel om miraklene dei utretta, og eg har sett på nokre av dei som handlar om korleis barn fekk hjelp. I dette kapitlet vil eg sjå på korleis hagiografien skildrar forholdet mellom barn og vaksne. Kan biskopssogene og jarteikna fortelje om ein norm som sa at foreldre skulle elske barna sine, og korleis dei viste omsorg for barn? Kva seier biskopssogene og jarteikna om disiplinering av barn? Eg vil óg sjå på kjønnsfordelinga i jarteikna, får flest gutar eller jenter hjelp av Þorlák? Kven av foreldra er det som yter omsorg for barnet og kven er det som ber helgenen om hjelp på vegne av barnet - far, mor, begge eller ingen av dei?

Og eg vil finne ut om biskopssoger og jarteikn styrker eller svekker hypotesene mine om at, hypotese 1: forhold mellom foreldre og barn endra seg over tid som ei fylgje av sosiale og kulturelle endringar i samfunnsforholda. Eller som i hypotese 2: at det fanst forskjellige haldningar til barn på 1200-talets Island som eksisterte innanfor same tid, men i forskjellige skikt av samfunnet.

4.1. Barndom i kristen kontekst

Eg vil her sjå på forhold mellom foreldre og barn slik den vert skildra i biskopssogene. Det er berre gutar i denne klassa, og eg har sett på korleis barndommen til seks av dei framtidige biskopane vert skildra: på Ísleifr, Jón, Þorlák og Pál, Árni og Laurentius. Tre av dei vart helgenar.

Ísleifr þátrr byskups

Ísleifr Gizurarson var biskop på Skálholt 1056-1080. I sogene om han stár det at han var sonen til Gizurr hvíta.³²¹ Han var ung då han gjekk på skule i Saxlandi, og han vart vidd til biskop i Bremen. Det stár at han var i Noreg saman med Brandr inn örvi medan Heilag-Olaf var konge. Gjennom Brand vart han ven med Ólaf og fekk ei flott kappe av purpur og

gráskinn av han.³²² I fylgje biskopssoga átte han *litill fé* – han hadde ingen stor arv i form av gard og jord, men han hadde *goðorð* og *staðfesti* (fast stilling) på Skálholt. Mange ga (*seldu*) sönene sine som lærlingar til Ísleifr for at dei skulle verte prestar. Ísleifr var far til Gizurr byskup, eller Gizröðr som var rette namnet hans i fylgje Ara prest.³²³

Þorláks saga byskups hin elzta

Þorlákr Þórhallson var biskop på Skálholt 1178-1193. Faren til Þorlákr, Þórhallr, og mora, Halla, var av gjev *goði-ætt*.³²⁴ Alt som ung var Þorlákr ulik dei fleste andre ungdommar, han var audmjuk og lydig mot alle og smáláten i all si ferd. Han ville heller lære enn leike, og kunne psalteret sitt før syskena kunne det. Han forsto tidleg det Davids salmar seier: at mennesket skal ikkje ville det som er vondt, men gjere det som er godt. Mora tok med sonen til Eyjólfur prest Sæmundarson, ein stor hovding og lærd goðe på Odda, og søkte ráð hos han.³²⁵ Sá vart Þorlákr fosterson hos Eyjólfur. Han lærte á utføre vigsler alt i ung alder, og særleg etter at biskop Magnús døyddi dá Þorlákr var 15 ár gamal vigde han mange. Þorlákr hadde eit nært forhold til mor si resten av livet.

Jóns saga helga hin elzta

Jón Ögmundarson var biskop på Hólar 1106-1121. Han var fødd på Reiðabólstaðir i Fljótlið vinteren 1000.³²⁶ Faren heitte Ögmundur og mora Þorgerðr, ho var dotter til Egill Hallssonar af Siðu, den fyrste av hovdingane i Austfirðinga-fjorden som hadde teke rett tru og lete seg døype. Jón vart også helgen.

Som barn hadde Ögmundur og Þorgerðr vore i Danmerkr og besøkt kong Sveinn, og Þorgerðr hadde fått sitje hos sjølvaste dronninga, Ástriði.³²⁷ Ho hadde med seg vesle Jón som leika under bordet medan storfolk sat med godt drikke. Som barn plar gjere veiva den vesle guten med hendene og rørte ved lekamsdelane til fmenneska, og mora ville seie det til han. Men då sa dronninga: ”*eigi svá! eigi svá Þorgerðr mín! ljóstu eigi a hendr þessar, því at þetta eru biskups hendr!*”. Dei som sat ved bordet leita så etter teikn på guddommeleg omtanke på dei stadane den heilage Jón hadde rørt ved.

Ogsá for Þorgerðr skal jarteikn ha varsla om den framtidige heilage sonen. Då Þorgerðr var átte ár gamal var ho med foreldra sine på besøk i Noreg. Faren hennar, Egill, var ein *virðr*

³²¹ Ísþb, s. 335, Hauk 2, s. 92. Gizurr er nevnt i Óláfs saga ins helga fordi han reiste som misjonær til Island.

³²² Ísþb, s. 336

³²³ Hauk kap. 2, s. 92

³²⁴ Þor A kap. 2, s. 90

³²⁵ Þor A, kap. 3

³²⁶ Jón kap. 1, s. 151

³²⁷ Jón, kap. 2, s. 152

hirdmann hos kong Olaf den heilage. Egill og kona Þorlaug var hos kongen i jula, og på julekvelden sat dei hos dronning Ástrið. Då sa dronninga til Egill: ”Denne dottera di synest meg ei så ven møy, med så gode eigenskapar, og det kan eg seie deg, at ho vil verte ei så stor *gæfumaðr* at den gjevaste ætta på Island kan kome frá henne”.³²⁸

Etter så mange jarteikn og gode råd frå gjeve menneske er det ikkje rart at foreldra tenkte på å skaffe guten ei god opplæring. Men Jón vaks opp heime hos foreldra til han var ferdig med barndommen. Han var fjorten år og snart vaksen då Ögmund skaffa han lærlingplass hos biskop Ísleif.³²⁹

Páls saga biskups

Páll Jónson var biskop på Skálholt 1178-1193. Han var sonen til Jón Loptsson, mora var Ragneiðr Þórhallsdóttir, syster til den heilage Þorlák og farmor var Þóra, dotter til kong Magnús berfætt.³³⁰ Pál vaks opp med foreldra sine på Odda. Han hadde stor vyrndad, *virðing*, for far sin, og meir og meir vyrndad fekk han dess eldre han vart. Pál var eit vent og fagert barn, middels av vekst og han hadde små føter. Som ung mann gifte han seg med Herdís. Få år seinare for han til Harald jarl på Orkneyane, deretter til England for å gå på skule. Han kom att til Island med mykje boklærdom og kunnskap i kurteis og diktning.

Árna saga biskups

Herra Árni biskup var fødd i 1237 og vaks opp saman med faren Þorlák Gudmundssonar griss og mora Halldóra.³³¹ Faren var systersonen til Jón Loptsson. Familien flytta ofte frå stad til stad. Árni var yngste sonen, i ung alder ein fámælt gut og flink i alle *iðróttir*.

Laurentíus saga biskups

Faren til Laurentíus heitte Kálfr, han var systersonen til Sira Þórarin kaggi i Völlum.³³² Mora Þorgríma hadde mange merkelege draumar medan ho gjekk med Laurentius.³³³ I ein av draumane var ho komen til kyrkjedøra i Hólastaðir ein høgtidsdag. Det var så mange folk i kyrkja at det var trongt å kome inn døra. Då kom ein merkeleg mann ut av kyrkja og la noko hardt i ein linklut i handa hennar. Han sa at dette skulle ho gøyme godt. Mannen forsvann. Ho pakka opp kluten og synte tingen til frenden sin Þórarin i Völlum. Det var ein mynt med stort biskopssegl. Þórarin ba Kálfr og Þorgríma til seg i Völlu. Før ho skulle føde fekk ho sótt, ho

³²⁸ *ibid*, eiga omsetjing

³²⁹ Jón, kap, 3, s. 153

³³⁰ Pál kap. 1

³³¹ Arn 1. kap. s. 3

³³² Lau, kap 2, s. 217

³³³ Lau, kap 3, s. 219

la seg på golvet og kunne ikkje gå. Þórarin gjekk då til messe og song for henne og ho fødde ein son på Laurentíusmesse, 10. august 1267. Han var så svak at ingen tenkte han ville leve. Þórarin lova då den heilage Laurentíus at guten kvart ár på helgendagen hans skulle faste på vatn og brød så lenge han hadde helse til det, og han ga han namnet Laurentíus. Då både Þórarin og Kálfr døydde, tok Jörundr byskup til seg Laurentíus og sette han til å lære seg bokkunnskap.³³⁴ Laurentíus vart vigd til prest 22 ár gamal.

4.2. Jarteikn

I denne bolken har eg sett på nokre av dei mirakla til helgenbiskopen *Þorlákr Þórhallsson* som handlar om barn. Jarteikna var prov på biskopens heilagdom. Soga fortel at det hendte mange jarteikn i tida som gjekk frá Þorlákr døde og fram til han vart teken opp og gjort til helgen.³³⁵ I den natta biskop Þorlákr vart teken opp hadde mange folk samla seg på Skálaholti.³³⁶ Mange som hadde sjukdommar kraup til kista hans for å få lækjedom. Jarteikna handlar om både menn, kvinner, dyr og barn, dei hjelpetrengande er ofte fattige. Kanskje kan jarteikna også fortelje noko om forholdet mellom foreldre og barn? Eg ser etter antal mirakler fordelt på gutar og jenter, og på far og mor, og om det er faste tema som går igjen, og ellers korleis dei involverte er skildra. Alle jarteikna er frá Þorláks saga B.

Gutar og far

Ein ung gut fall over tollekniven sin og skar seg, så han tenkte at han ville dø.³³⁷ Far hans lova då þorlák á gi både songar og seks alner vadsmål til Skálaholt. Guten vart frisk same natta.

Guten skadar seg, far ber og ofrar til helgenen for sonen.

Gutar og mor

Ein ung gut fekk sterk augeverk.³³⁸ Då tok mora til guten kjerteveik og la den rundt hovudet hans. Ho ba til den heilage Þorlákr biskop til guten vart frisk.

Gut vert sjuk, mor viser omsorg og ber.

Presten fødde opp ein gut som kona hans var mor til, men folk trudde at guten hadde ein annan far enn presten.³³⁹ Sidan presten var fattig ga dei han rádet á fylgje guten til farens hus. Men der var det ingen heime, og dei som var med guten lot han vere att der. Då kona fekk

³³⁴ Lau, kap 2, s. 217

³³⁵ Þor B: kap. XXXVII, s. 192

³³⁶ Þor B: LXXXI. kap. s. 204

³³⁷ Þor B: XCIII.-CXLIV. kap. s. 223

³³⁸ Þor B: LIII.-LXVI. kap. s. 199

høyre det for ho for å hente han. Det var seint på kveld og hadde regna mykje, så det flaut vatn der dei reid. Guten var berre sju år. Han var ikkje der dei forlot han. Kona klaga fælt og sendte menn for å leite, men dei kunne ikkje finne guten. Då presten fekk høyre dette vart han svært opprørt, han for til kyrkja og ba til Þorlákr om at dei måtte finne guten uskadd. Ein liten time seinare dukka han opp, glad og berre litt våt på skorne. Han måtte då ha kryssa to elvar, og skinnstakken hans burde ha vore våt. Men då dei spurde kva som var hendt svara han at han ikkje visste kvar han hadde vore. Då dei gjekk frå han hadde han teke til å gråte og kalla på Þorlákr. Då kom han omsider til eit sauefjøs der han gjekk inn og la seg og sovna.

Gut vert forlatt av far som trur at han ikkje er faren. Mor viser omsorg, presten og guten sjølv ber.

Bjarní heitte sonen til ein prest som óg var goði.³⁴⁰ Han hadde vondt i foten då han var ung, den visna og mista styrken. Han var ein lydig og veloppdragen gut, og lidelsen gjorde at han måtte halde senga. Dette gjorde at faren og mora hans var svært leie seg, for dei var svært glade i guten sin. Då bad dei til den heilage Þorlákr og gjorde helsebót til han med song og offergáver. Då kona sov fem netter seinare tykte ho at ein mann i svart kappe gjekk i sengegolvet nær der ho låg, og at han spurde etter kor det går med føtene til Bjarna. Han ba henne smøre føtene hans med Þorláks salve. Då ho vakna fortalde ho dette til presten, og han meinte at salven kunne vere smør som Þorlákr hadde signa. Frå den dag gjorde ho det, og guten vart frisk.

Guten er sjuk, mor viser omsorg og har kontakt med dei heilage, prest gir omsorg.

Gutar, mor og far

Ein gut hadde falt i *sýruker* (karet med skyr, surt melkeprodukt), og kona i huset sprang etter hjelp.³⁴¹ Ho trudde det var ein katt eller hund som hadde falt i karet, men mora til guten tenkte sitt då ho hørde det. Mennene som kom til fekk dradd guten opp av karet. Mora og faren hans gret og jamra sårt. Dei bad til Þorlák om at han måtte redde guten. Han vart lagt på eit klede og dei rørde ved han. Etter ei lang stund tok han til å lee på fingrane, og snart åpna han augene. Han var levande og frisk og alle lova Gud og den heilage Þorlák.

Gut utsett for ulukke, både mor og far viser omsorg og ber.

³³⁹ Þor B: CXXII. kap. s. 214

³⁴⁰ Þor B: CXXXIX. kap. s. 221

³⁴¹ Þor B: XCIX.-CIII. kap. s. 209

Ein ung gut fekk omfarsjuke slik at magen hans vart dårleg.³⁴² Vise menn trudde han måtte leve med plagene sine i all framtid. Då kalla far og mor hans på Þorlák, og guten vart frisk og utan plager.

Gut er sjuk, mor og far ber for han.

Gutar, ingen vaksne

Ein gut gjekk heimafrå for å leite etter kyrne. Det var sterk tåke, guten fann ikkje att buskapen sin og tok til å gråte. Han bad den heilage biskopen om at han måtte hjelpe han å finne att dyra sine. Då såg han at han var i dalen der kyrne hans var.

Gut går åleine og ber sjølv.

På ein gard i Vestfirðingafjórðungi hadde alle reist bort ein helgedag, bortsett frå ungane. Det var ein lys solskinsdag. Då la borna merke til at det var eld i huset, og at heile garden kunne brenne ned. Ein av dei, den eldste, ba då til sæle biskop Þorlák om at han måtte sende hjelp i slikt eit naudfall. Etter det dro det ei stor sky over himmelen, og regnet hølja ned så all elden slokna. Og regnet kom berre rett over den garden. Då folk kom heim fekk dei sjå jarteiknet som hadde skjedd med elden og regnet.

Ungar, ein gut ("den eldste") ber om hjelp hos biskopen, ingen vaksne.

Far og dotter

Ein fattig mann gjekk vinterstid ute med dottera si.³⁴³ Ho var ung, men klok og talefør. Det kom eit uvér over dei, og faren fekk ikkje jenta i hus tidsnok. Difor laga han ei snøhytte, og der var ho åleine i sju netter. Og då ho vart både kald og svolten ba ho til den heilage þorlák. Etter det kom ein mann til henne i prestklede og ga henne brød å ete, og sidan kjente ho ikkje hverken svolt eller kulde. Seinare vart ho funnen og køyrt heim, ho lova Gud og den sæle þorlák.

Dotter og fattig far i uvér, faren viser omsorg men etterlater jenta åleine, ho ber sjølv.

Jenter og mor

To kvinner var ute og gjekk i sterk frost. Den eine var svanger, og fødselen starta.³⁴⁴ Då henta dei biskop þorlák og ho fekk ei jente. Menn kom og hjalp dei til gards og barnet vart døypt. Men barnet var svært skadd av frosten, augene var hovne og ho hadde store sår på beina.

³⁴² Þor B: CXXIV.-CIXXXI. kap. s. 217

³⁴³ Þor B: CXXIV.-CXXXI. kap. s. 216

³⁴⁴ Þor B: CXXXVII-CXXXVIII kap, s. 220

Auget spratt ut og falt ned på kinnet. Alle som var nær henne kom til og ba þorlák om at han sendte dei miskunn frá Gud. Det vart tatt mold frá ein veg þorlák hadde gått på og lagt mellom auget og kinnet. Barnet sovna og ho vart bra, auget var snart på plass.

Jentebarn, "dei" gir pleie.

Jorunn var ei ung jente, ho var lita av vekst og hadde svak kropp.³⁴⁵ Mora og faren var fattige, og då ho var tretten år vart ho lagt i senga med verk i alle bein, særlig i lendene. Ho kunne ikkje gå. Ho fekk mykje omsorg av dei som hadde ansvaret for henne og dei ba og song for biskop þorlák om at han måtte gi helsebót til jenta. Ei veke seinare gjekk ho rundt i Skálholt.

Fattig jente er sjuk, "dei" gir pleie.

Ei jente fekk så sterk sott at det vart farleg for dei menneska som skulle pleie henne. Då ba fostersystema hennar til þorlák og ho vart frisk.³⁴⁶

Jente vert sjuk, fostersystra ber.

4.3. Samandrag og konklusjon

4.3.1. Biskopssogene

Eg har i denne oppgåva undersøkt seks biskopssoger, av dei er tre helgenvita. Eldste biskopen er Ísleifr, saga om han fokuserer på hans utdanning i utlandet og at han seinare var lærar og fosterfar for mange barn. Det vert óg nevnt at han kom frå ein fattig familie. Eldste saga, om Þorlákr, fokuserer på korleis mor skaffa han foster- og lærlingplass hos Eyjolf prest som 9-åring. Både Þorlák og Jón hadde mødre som arbeidde aktivt for at guten skulle få ei framtid som geistleg. To av sogene, om Jón og Laurentius, handlar om at mor opplevde jærteikn som forutsa fødselen av ein heilag. Biskop Jón var fjorten år då faren skaffa han elevplass hos biskop Ísleifr.³⁴⁷ Fire av biskopane vaks opp og fekk opplæring hos fosterforeldre. Eine unntaket var Pál, sonen til Jón Loptsson, han vaks opp heime hos foreldra. Han fekk likevel opplæring saman med andre ungar, frá *Íslendinga saga* veit vi at også Snorri vart fostra hos Jón Loptsson.³⁴⁸ Det andre unntaket var biskop Árni som óg vaks opp hos foreldra sine. Soga fortel ellers ikkje mykje om barndommen hans.

Var det ein norm at foreldre skulle elske barna sine i samfunnet biskopssogene skildrar, og korleis viste dei omsorg? Alt på Ísleifs tid (d. 1080) var det iflg. *Íslendinga saga* populært

³⁴⁵ Þor B: CXXXVII-CXXXVIII kap, s. 220

³⁴⁶ Þor B: LXVII.-LXXXVI. kap. s. 200

³⁴⁷ Íslei, kap. . *Ísleifr þátr byskups* fortel at han var biskop på Skálholt 1056-1080. Han hadde ikkje gard men goðorð og staðfesti (fast stilling) på Skálholt. Om foreldra til Ísleifr seier saga ingen ting.

³⁴⁸ Ísl, Kálund s. 225. Ísl kap. 10 s. 14, Kálund s. 220 , sjá pkt. 4.3.1

å sende bort barn så dei fekk kristen fostring og opplæring av geistlege.³⁴⁹ Soga seier at Ísleifr var ein populær lærar som hadde mange framtidige prestar som elevar. Ísleifr hadde sjølv tre søner, Gissur, Þorvald og Teitr, Teitr vart fostra hos Hall den fromme i Haukadal. Alle sønene vart høvdingar, Gissur vart óg biskop.³⁵⁰ Til Hallr kom også Ári froði 7 ár gamal, desse opplysningane stammar frå han sjølv. Hallr skal ha fortalt til Ári froði at han sjølv vart døypt 3 ár gamal, året før Island vart kristna. Etter Halls død var det fostersonen Teitr prest som overtok garden og vart ættefar til Haukdøla-ætta.³⁵¹

Når det gjeld kjønnspektivet er det eit aspekt som er interessant, og det er mors rolle i forbindelse med den unge gutens framtid som geistleg. Þorláks mor var den som sørja for at barnet kom i opplæring, og mødrene til Jón og Laurentius fekk jærteikn og varsel om den heilage sonen. Kvifor fekk mor denne prominente rolla i biskopssogene, og kvifor var far meir fråverande i sogene? Eg ser særleg to grunnar; den eine er at kvinnene verkeleg var aktive pådrivarar for kristendommen medan far helst ville fortsette med sine meir maskuline sysler. Eg ser det ikkje som urimeleg at kvinnene i ein krigarkultur tok vel imot ein ideologi som fordømte valdsbruk og forkynte nestekjærleik. Den tidlege kristendommen i Europa er óg forbunden med sterke kvinner med påverknadskraft, eit døme er Monica, kyrkjefaderen Augustins mor.³⁵² Eg ser óg ei anna muleg forklaring som er meir litterær. Sagaforfattaren ville gi helgenen eit vita som likna Jesu liv i stor grad, og mor vart då naturlegvis tillagt ei rolle som likna Maria, som óg hadde vore omgitt med mirakler og spådommar. Jomfrua og dei audmjuke verdiane ho sto for var populære ideal på 1200-talet. Eg meiner at fars fråverande rolle i biskopssogene talar for denne forklaringa. Forfattaren kunne ikkje stryke far heilt ut av historien, men ved å ikkje gjere han særleg prominent i sogene kunne helgenen framstå med eit liksom-skin av jomfrufødsel.

Skórzewska meiner at grunnen til at mødrene fekk slik fokus i biskopssogene låg i naturen, det var ei fylgje av fødselen og alt den førte med seg av barnestell og ansvar, som ho meiner mor stort sett var åleine med i fyrste vekene etter fødselen.³⁵³ Ho ser óg ei forklaring i at kvinnene i biskopssogene vart sett på som innehavarar av ein naturleg spiritualitet. Denne sette dei i stand til å motta syner og draumar i større grad enn menn.

Kjærleikens bodskap ligg som eit overordna imperativ over hagiografien som eit samla materiale. Men det er ideologien sogene forkynner. Eit anna spørsmål er korleis det sto til

³⁴⁹ Ísl, Kálund s. 223. Ísleifr Gizurason studerte i Saxen og vart vidd til biskop av pave Leo i Bremen.

³⁵⁰ Ísl, Kálund s. 225. Opplysningane om Ísleiv og sønene hans er frá Ári froði i Íslendinga bók.

³⁵¹ Ísl, Kálund s. 226

³⁵² Augustine 1991: Book IX, s. 155

³⁵³ Skórzewska 2007:

med omsorg for prestelærlingane i kvardagen, korleis barn opplevde eit liv i fosterheim, vart dei utsett for represalier og refs? Det fortel ikkje sogene ingen ting om.

Når det gjeld haldning til barn kan vi i biskopssogene finne støtte for begge hypotesene. Dei representerer ei ny retning i forhold til islendingesogene, og i forhold til den samtidige Sturlunga saga finn vi ein sosial kontekst med andre verdiar. Men mykje av det som på Island var nytt var utvikla og godt etablert i Europa. Diane Whaley peikar på at latinsk hagiografi skin igjennom i Biskupa sögur i så stor grad og på så mange måtar at det ofte kan vere vanskeleg å skille latinsk arv og islandsk tilskott.³⁵⁴

Som døme på trekk som skil biskopssogene frå det andre sagamaterialet nevner Margaret Cormack mangelen på poesi og mangelen på genealogi, som ellers er eit hovudtema både i islendingesogene og i Sturlunga saga.³⁵⁵ Ho nevner som døme at foreldra til Þorlák vert nevnt i soga, men utan patronym. Familien vert dermed ståande utan tiknytning til det islandske samfunnsnettverket. Derimot vert læraren, Eyjólfur Sæmundarson, framstilt som den mest innflytelsesrike personen i livet hans. Jóns saga er óg heilt i samsvar med latinsk tradisjon, når dei inneheld jarteikn der mor får varsel frå dronninga om at sonen skal bli helgen, og mors fødsel var varsla med eit jarteikn.

4.3.2. Jarteikn

I mi undersøking av jarteikn med barn i *Þorláks saga B* har åtte av jarteikna gutar i hovudrolla. I berre eitt tilfelle er det far som gir omsorg og ber for guten. Mor gir omsorg for guten og ber til helgenen i tre tilfelle, i to av desse er det óg ein prest som ber og gir omsorg. I to av tilfella gir både mor og far omsorg og bøn for gutane. To tilfelle handlar om gutar som ber sjølv til þorlák og klarer seg utan vaksen hjelp. Fire av jarteikna i *Þorláks saga B* handla om jenter. Av dei var det eitt tilfelle der far fyrst ga omsorg, men han etterlet jenta åleine i fleire dagar til ho vart funnen av "andre". I to av tilfella var det "andre", ikkje definerte personar som ga omsorg og ba til þorlák, i eit tilfelle ei fostersyster. Av jarteikna som fylgjer med *Þorláks saga B*, og som har barn i hovudrolla, er det altså dobbelt så mange som handlar om gutar enn om jenter. Far er sjeldan einaste omsorgsperson, kun i eitt tilfelle (for guten) er det han åleine som ber for barnet. I jarteiknet med jenta og far forsvinn far ut av soga før jenta får hjelp, ho må sjølv be. Mødre er oftast omsorgsperson for gutebarn, samstundes deltar prestar i bøn for gutane. Ofte er både mor og far til stades for guten sin og ber saman. For jentebarna er det i alle tilfelle ikkje nærmare definerte omsorgspersonar som ber for barnet, bortsett frå i det eine tilfellet der det er fostersystema som ber. Presten deltok heller ikkje når

³⁵⁴ Whaley 1994: 157

³⁵⁵ Cormack 2000: 310

jenter var i fare. For begge kjønn – i to tilfelle med gutar og det eine tilfellet med jenta som er nevnt – var det barna sjølv som ba om hjelp. I det eine jarteiknet utførte guten/ungane ei heltegjerning med helgenens hjelp då garden tok til å brenne.

Johanna Skórzewska har undersøkt barnemirakler av helgenbiskopane *Þorlákr, Jón Ögmundarson* (1152-1237) og *Guðmundr Arason* (1161-1237).³⁵⁶ Ho konkluderer óg med at mirakla til Þorlákr og Guðmundr oftare handlar om gutar enn om jenter. Men ho har mirakla til Jón med i undersøkinga og dei handlar i seks av sju tilfelle om jenter og berre eitt mirakel handlar om ein gut. Else Mundal har funne at i langt dei fleste av jarteikna som handlar om barn er det far som ber for dottera.³⁵⁷

Når det gjeld kjønnsperspektivet på jarteikna vil eg, sidan eg berre har hatt eit utvalg jarteikn å forholde meg til, la det stå til uavgjort mellom gutar og jenter. Forskjellen mellom dei to kjønnna er ikkje så stor at eg kan seie at det eine av dei vart klart foretrukke og forskjellsbehandla framfor den andre.

I jarteikna finn eg i forhold til islendingesogene støtte for hypotese 1, at forholdet til foreldre og barn hadde endra seg over tid som ei fylgje av sosiale og kulturelle endringar i samfunnsforholda. Eg finn óg støtte for hypotese 2 i forhold til dei verdslege sogene i *Sturlunga saga*, om at det eksisterte forskjellige haldningar til barn på 1200-talets Island innanfor same tid, men i forskjellige skikt av samfunnet. Jarteikna er forfatta etter latinsk mønster og representerte i si tid ein ny litterær sjanger på Island. Og dei ga eit nytt aspekt til islandsk kultur: for fyrste gong får vi eit glimt inn i kvardagslivet til dei lavare lag av samfunnet. Historiene fortel gjerne om fattige folk på ein måte vi ikkje finn i dei andre kjeldegruppene. Dei skildrar den betingelseslause kjærleiken mellom foreldre og barn og forholdet deira til ein helgen, og dei viser at vaksne menneske, både foreldre og andre, hadde omsorg for barn. Tendensen til å forskjellsbehandle to sysken, som forekjem ofte både i *Sturlunga saga* og i islendingesogene, er borte. Dette tolkar eg som eit resultat av kyrkjjas bodskap om at alle menneske er like for Gud.

Om eg skal kome med ei innvending må det vere at jarteikna var laga for å lesast opp i kyrkja som "reklame" for helgenens gode gjerningar, hans evne til å lækje sjukdom og redde folk i vanskelege situasjonar.³⁵⁸ Jarteikna tilsvarar dessutan dei latinske forbilda både i form og innhald og kunne for den del ha vore omsette frå latin. Så vi skal kanskje ta dei med ei klype salt? Eg trur at den fliken av dagleg liv vi får eit glimt av i jarteikna gir oss eit bilde inn til menneska i middelalderens Island. *Benedicta Ward* skriv om mirakler at "[...] They

³⁵⁶ Skórzewska: upublisert artikkel

³⁵⁷ Mundal 1988: 20

³⁵⁸ Whaley 1994: 166

provide, rather, a way to approach the ordinary day-to-day life of men and women in all kinds of situations and in all ranks of society, and historians must take them into consideration."³⁵⁹ Og vidare: "[...] they are intimately associated with the society in which they take place, and therefore as subject to change as any other record of events [...]"³⁶⁰ Eg vel å la dette stå for dei islandske jarteikna óg. Dei forkynte ein norm for kjærleik mellom foreldre og barn, og handla om å vise omsorg for små og store, rik og fattig. Det kan for så vidt vere verdier som er nedlagt i dei fleste menneske, og som fanst i det norrøne samfunnet alt før kristendommen. Men slik forkynnelse og haldningsskapande arbeid har innverknad på menneska i vår tid, trur eg óg at menneska på Island lot seg påverke og endre av ein ny ideologi i høgmiddelalderen. Henrik W. Achen skriv at kyrkja tok i bruk middel som skulle tale til alle sansar når den forkynte Guds ord for menneska i middelalderen.³⁶¹ Bildet vart viktig for dei som ikkje kunne lese, sang og dufter skulle virke på sinnet. Ordet skulle ikkje verke på intellektet. Else Mundal held óg jarteikna for å vere mellom dei mest interessante kjeldene frå middelalderen.³⁶² Ho finn at jarteikna skildrar kjærleik mellom foreldre og barn så sterkt at dei i og for seg er bevis nok for at foreldrekjærleiken var høgt utvikla i norrøn tid.

Eg har i Byskupa sögur funne fylgjande moment som styrker hypotese 1:

- at normen for kjærleik mellom foreldre og barn var forskjellig i forhold til Íslendingasögur og Sturlunga saga.
- at vi finn mange fleire tilfelle av at foreldre viser omsorg for barn enn i Sturlunga saga og Íslendingasögur.
- Ingen jenter vart fostra i Byskupa saga. Det tyder på at fostringsskikken hadde endra seg i forhold til Íslendingasögur og Sturlunga saga.

Eg har i Byskupa sögur funne fylgjande moment som styrker hypotese 2:

- Ingen jenter vart fostra i Byskupa saga. Det tyder på at fostringsskikken var forskjellig i forhold til Sturlunga saga.
- at normen for kjærleik mellom foreldre og barn var forskjellig i forhold til Sturlunga saga.
- at vi finn mange fleire tilfelle av at foreldre viser omsorg for barn enn i Sturlunga saga
- at kvinnene spelar ei anna rolle i Byskupa saga enn i Sturlunga saga

³⁵⁹ Ward 1987: 214, "Dei representerer heller ein veg å møte daglivlivet på til menn og kvinner i alle situasjonar og i alle samfunnsskikt, og historikarar må ta omsyn til dei"

³⁶⁰ Ward 1987: 215, "[...]dei er nært knytt til samfunnet der dei skjer, og vil derfor endre seg lik andre hendingar [...]"

³⁶¹ Achen 2008: 140

³⁶² Mundal 1988: 20

KAPITTEL 5

Konklusjonar

Eg har i denne oppgåva sett på soger frå tre ulike kjeldegrupper: Íslendingasögur, Sturlunga saga og Byskupa sögur, og vil ut i frå desse trekke konklusjonar på problemstillinga om forhold mellom foreldre og barn i Islandsk fristatstid. Mange og varierte situasjonar kan kaste lys inn i islandsk barndom i fristatstida, og eg ynskjer å finne ut om det eksisterte ein norm på Island i fristatstida som sa at foreldre skal elske barna sine. Deretter vil eg sjå på kva sogene seier om omsorg mellom foreldre og barn.

Arbeidet med denne oppgåva har vist meg kor viktig det er å halde tunga rett i munnen når det gjeld bruk av dei litterære sjangerane. Dei representerer tre forskjellige kulturar som møttest på 1200-talet: den gamle vikingkulturen som var på veg ut, ein aristokratisk og verdsleg kultur som kom inn frå Europa og den kristne kulturen. Ingen av sogene reindyrkar sjangeren sin, vi finn innslag frå alle tre i både Byskupa sögur, Íslendingasögur og i Sturlunga saga. Og slik var det nok i samfunnet óg, folk fekk orientere seg i både gamle og nye verdiar. Barna var aktørar i dette samfunnet men eg er usikker på kor mykje dei merka av omveltningane som skjedde rundt dei i det daglege livet. Dei levde i store hushaldningar og kristendomen var alt ein etablert del av livet på 1200-talet. Særleg for småbønder og fattigfolk var nok kvardagen den same som for hundrevis av år sidan, kanskje med eitt unntak: strid og feider mellom familiane var ikkje lenger så vanleg. Kampane foregjeikk no på eit høgare plan mellom storhøvdingane.

Eg har ikkje funne nokon teikn til rigorøse oppsedingsmetodar i nokon av kulturane, hverken for gutar eller jenter. Det treng ikkje bety at barn ikkje fekk straff. Men eg trur at om det hadde vore vanleg med korporleg avstraffing av barn så ville det ha kome til uttrykk i soger som ellers skildrar valdsbruk som ein naturleg del av tilværelsen. I Íslendingasögur kan vi av og til lese at foreldre viste omsorg for barn, medan Sturlunga saga knapt nevner nokon ting om det. Det er då lett å trekke den slutninga at foreldra var kalde og ikkje elska barna sine. Eg trur ikkje det er tilfelle, eg legg skulda på sogesjangeren som ikkje tok seg bry med personlege detaljer. Vår tids historiebøker handlar heller ikkje om den slags. Med biskupssogene og jarteikna får vi mange stadfestingar på at foreldre viser omsorg for barna sine.

Fostringsskikken var vanleg på 1200-talet, slik den hadde vore det i fleire hundre år. Framleis vart barn nytta til å skape allianser mellom høvdingar og stormenn, og i den samanheng vart gutane oftast gitt bort til fostring. Det kan vere at gutane generellt hadde større verdi, eller at gutane vart rekna for å vere meir stabile og ikkje så lette å påverke.

Sogene gir ikkje inntrykk av at dette var eit teikn på manglande kjærleik. Tvert om fekk barnet to familiar å støtte seg til, og sysken frå begge sidene danna allianser for resten av livet. I ei tid då fedre ofte døydde tidleg var det ein fordel med ein ekstra familie å halde seg til. Ein vidare grunn til fostring var at barn vart foreldreause. *Grágás* har reglar for kven som skal fostre foreldreause, i fyrste omgang var det slektningar. Island var ellers organisert i *hreppar*, eit samhald som ytte hjelp til folk som trengte det.³⁶³ Jón Viðar Sigurðsson meinar dei hadde opphav i landnámstida, og hadde ingen ting med dei kristne gilda å gjere. Samarbeid var ein viktig del av overlevingsstrategien.

Med kristendomen kom ein ny type fostring. Prestar tok i mot gutar for kristen fostring og opplæring. Mange mødre såg nok heller at sonen søkte ei framtid som prest, enn at han skulle ende opp som krigar. Som prestelærling ville han kunne ta utdanning i utlandet og kome att som ein distingvert *síra*.³⁶⁴ Dette var eit tilbod for dei som hadde råd til det. Normal skulegang slik vi tenkjer på det låg framleis eit stykke inn i framtida. For jentene var framtidsutsiktene ikkje så annleis enn i hundreåra før; dei skulle gifte seg, og helst med ein mann av så god avstamming som mogleg. Igjen var alliansebyggjing avgjerande. For høvdingklassen på 1200-talet vart status endå meir viktig. For begge kjønn gjaldt det å ha rette medgift, både i form av eigedom og sosial status. Mykje av litteraturen som her er nytta som kjelder vart til for å distingvere familiar. Det vart forfatta soger som kunne gi inntrykk av at familiarne hadde kongelege aner. Dette er del av kulturen som kom inn frå Europa.

Kyrkja vart óg ein maktfaktor og prega samfunnet med kristen etikk. Alle barn skulle døypast, og den lærte at kjærleik skulle vere grunnlaget for ekteskapet, og at begge ungdomane skulle vere samd i giftemålet. Eg kan tenkje meg at mange unge jenter gjorde opprør mot fars ekteskapsplanar. Det skapte uro og usikkerheit rundt kvinnes rolle. Dei fekk ein fridom, men vart samtidig utsett for den faren det var å havne på utsida av samfunnet, kanskje med eit barn som ikkje var fødd inn i legale former, eller som frille til ein mann dei elska, men ikkje kunne få.

I denne undersøkinga har eg nytta hypotetisk-deduktiv metode for å finne svar på to hypoteser. Eg har funne fleire moment som støttar begge hypotesene. Eg konkluderer difor med at det i høve til *hypotese 1* eksisterte haldningar til barn som endra seg over tid som ei fylgje av sosiale og kulturelle endringar i samfunnsforholda. I høve til *hypotese 2* eksisterte det forskjellige haldningar til barn på 1200-talets Island innanfor same tid, men i forskjellige skikt av samfunnet.

³⁶³ Sigurðsson 2005: 153

³⁶⁴ Zoega 2004: 363. "sira" er tittelen for geistlege stormenn. "Herra" er den verdslege tittelen for stormann.

Moment som styrker hypotese 1 er:

- Normen for kjærleik mellom foreldre og barn endra seg frå Íslendingasögur til Sturlunga saga og Biskupa sögur. Kjærleik i Íslendingasögur gir seg mange uttrykk og det er ikkje ein klar norm. Norm for kjærleik i Sturlunga saga er betinga, norm for kjærleik i Byskupa sögur er betingelseslaus.
- Fostringsskikken endra seg frå Íslendingasögur til Sturlunga saga og Byskupa sögur: i Íslendingasögur og i Sturlunga saga er fosterbarn del av familiens alliansebygging, men fleire jenter vert fostra i Íslendingasögur enn i Sturlunga saga. I Byskupa sögur skjer fostring som utdanning og berre for gutar.
- Få tilfelle av at foreldre viser omsorg for barn Íslendingasögur, ingen i Sturlunga saga og mange i Byskupa sögur.

Moment som styrker hypotese 2 er:

- Endringar i omsorgsaspektet: omsorg var knapt eit tema i Íslendingasögur og i Sturlunga saga. Omsorg er eit hovudtema i Byskupa sögur og særleg i jarteikna.
- Fostringsskikken i Sturlunga saga er forskjellig i forhold til Byskupa sögur. I Sturlunga saga er viktigste grunn til fostring å skape allianser, i Byskupa sögur vert barn fostra for å lære kristen kultur.
- at normen for kjærleik mellom foreldre og barn var forskjellig i Sturlunga saga i forhold til i Byskupa sögur. I Sturlunga saga var normen at kjærleik var betinga, i Byskupa sögur er kjærleik mellom foreldre og barn betingelseslaus.
- Kvinnene spelar forskjellige roller i Sturlunga saga og i Byskupa sögur. I Sturlunga saga treff vi kvinner som kan synest å ha ei større form for fridom: dei arvar like mykje som broren, lar vere å gifte seg. Kvinnene i Byskupa sögur er mødre som støttar sønene i å bli prest, og vi møter kvinner som viser omsorg for barn.

Undersøkinga er basert på eit utvalg *Íslendingasögur* som er enkeltståande soger forfatta på 1200- og 1300-talet, basert på ein oral forteljarkultur. Det er det nærmaste vi kjem den førkristne kulturen. I den fyrste epoken av fristatssamfunnet var makta var jevnt fordelt på mange bønder og det skapte eit egalitær samfunnsstruktur. Kampen om ære er eit hovudtema i islendingesogene. I denne perioden kan vi finne varm og sterk kjærleik mellom foreldre og barn, men vi finn óg andre sterke følelsar. Vi treff foreldre som ikkje elska barna sine, og foreldre som sleit med å mestre livet som forsørgar og ansvarleg for ein barneflokk. Eg trur

det fanst ein norm for kjærleik mellom foreldre og barn i vikingtid, men den gjaldt ikkje for alle.

Vidare har eg nytta utdrag frå *Sturlunga saga*, ein kompilasjon soger som representerer høvdingane som kjempa om makta på Island i den siste urolege perioden av fristatstida, frå omlag 1220 og fram til Island vart ein del av Noreg i 1262/64. Sturlunga er prega av ein europeisk og aristokratisk kultur. Det fanst ein norm for kjærleik i forhold mellom foreldre og barn i sturlunga öld, men det var oftast ein kjærleik med betingelsar. Den jenta eller guten som kunne vise til prestasjonar eller fylle visse kriterier vart meir elska av foreldra enn syskena, og – eller fordi, dei hadde størst verdi på ekteskapsmarknaden. Barna vart óg brukt som allianseskaparar, ved at dei vart fostra av familiar som det var nyttig å ha som frender.

Eg har óg nytta utdrag frå *Byskupa sögur*, som representerer den kristne religionen. Den kom inn som ein ny maktfaktor og ein ny kultur på Island etter at kristendomen vart vedtatt på Alltinget i 999/1000. Samlingane med biskopssoger, helgenvita og jarteikn vart forfatta frå 1100-talet og utover etter latinske forbilde. Biskopssogene skil seg sterkt frå dei verdslege sogene ved at dei presenterer kristen etikk. Vi finn ein norm for kjærleik mellom foreldre og barn som ikkje stiller krav, og særleg gjeld det for jarteikna. For fyrste gong får óg dei fattige familieane ein plass i litteraturen. Nestekjærleik og eit bod om at alle menneske er like for Gud var hovudbodskapet. Kyrkja på 1200-talet var prega av den lidende Kristus og bodskapet vart forkynt på ein måte som skulle tale til alle sansar: med bilde og sang, tekstar og dufter.

Konklusjonane i denne oppgåva er basert på eit begrensa utval av tilgjengelege kjelder. Eg ser ikkje bort i frå at eit rikare utval av kjelder hadde ført til andre konklusjonar. Eg skulle gjerne fortsette å studere forholdet mellom barn og vaksne i norrøn middelalder, då med alle kjelder representert, også dei som ikkje er med her: kongesoger, fornaldersoger, riddarsoger og dikt. Det ville gi eit vidare perspektiv på barndomshistorien og berøre forholdet mellom Island, Noreg og Europa i sterkare grad. Og så er det eit tema som eg stadig har snubla over i denne arbeidsprosessen, og som eg også gjerne skulle forska vidare på, og det er syskenproblematikken og barna i opphavsmytene.

Bibliografi

Primærlitteratur

Árna saga byskups [Arn]

I: *Byskupa sögur III, Islenszk fornrit, XVII bindi*, ss. 1-207. Red.: Guðrún Ása Grímsdóttir.

Reykjavík: Hið íslenska fornritafélag, 1998

Bandamanna saga [Ban]

”Sambandsmændenes saga”. I: *Tre Sagaer om Islændinger*, ss. 157-206. Omsett av

Sigríð Undset. Kristiania: Aschehoug & Co (W. Nygaard)

Brennu-Njáls saga [Ns]

Jón Bóðvarsson bjó til prentunar. Reykjavík: Prentsmiðja Jóns Helgasonar hf, 1968

Njáls saga. Omsett av Hallvard Lie. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag, 1951

Egíls saga Skalla-Grímssonar [ESG]

Reykjavík: Almenna bókafélagið, 1983

Egil Skallagrimssonar saga. Omsett av Hallvard Lie. Oslo: Aschehoug, 2003

Internett: "Heimskringla. Norrøne tekster og kvad"; utg. av Guðni Jónsson.

www.heimskringla.no/original/islendingesagaene/egilssaga2.htm. Lesedato: 04.09.2007

Eiríks saga rauða [ER]

"Eirik raudes saga". I: *Norrøn saga V*, ss. 199-222. Omsett av Anne Holtsmark. Oslo:

Aschehoug, 1994

Internett: "Heimskringla. Norrøne tekster og kvad"; utg. av Guðni Jónsson.

<http://www.heimskringla.no/original/islendingesagaene/eirikssagarauda.php>, lesedato: 20.02.2008

Geirmundar þáttur heljarsonar [Gth]

I: *Sturlunga saga, fyrsta bindi*. ss. 1-10. Red: Guðni Jónsson. Íslendingasagnaútgáfan, Haukadalsútgáfan, MCMLIV

”Fortællingen om Geirmund Helsing”. I: *Sturlunga saga, første bind*, ss. 01-07, ved

Kr. Kålund. København og Kristiania: Gyldendalske Boghandel Nordisk Forlag, 1904

Grágás

Grágás Staðarhólsbók. Genoptrykt etter Vilhjálmur Finsens udgave 1879. Odense

Universitetsforlag, 1974

Grettis saga Ásmundarsonar [GsÁ]

Reykjavík: Kostnaðarmaður Sigurður Kristjánsson, 1921

Soga om Grette Ásmundsson. Norrøne bokverk 11. Omsett av Arne Ommedal. Oslo: Det norske samlaget, 1977

Grænendinga saga [GRØ]

"Grønlendingsesaga". I: *Norrøn saga V*, ss. 225-243. Omsett av Anne Holtmark. Oslo: Aschehoug, 1994

Internett: "Heimskringla. Norrøne tekster og kvad"; utg. av Guðni Jónsson.

<http://www.heimskringla.no/original/islendingsesagaene/graenlendingasaga.php>,

lesedato: 21.02.2008

Gunnlaugs saga ormsþungu [Gso]

Internett: "Heimskringla. Norrøne tekster og kvad"; utg. av Guðni Jónsson.

www.heimskringla.no/original/islendingsesagaene/gunnlaugssagaormstungu2.htm.

Lesedato: 04.09.2007

"Gunnlaug Ormstunges saga". I: *Norrøn saga 1*, ss. 225-262. Omsett av Charles Kent. Oslo: Aschehoug, 1996

Hallfreðar saga vandræðaskald [Hsv]

"Hallfred Vandræðaskalds saga". I: *Norrøn saga 1*, ss. 263-296. Omsett av Charles Kent. Oslo: Aschehoug, 1996

Haukdæla þáttr [Hauk]

Sturlunga saga, fyrsta bindi. Red: Guðni Jónsson. Íslendingasagnaútgáfan, Haukadalsútgáfan, MCMLIV

Hrafnkels saga Freysgoða [HF]

I: *Nordisk filologi*. Utgitt av Jón Helgason. Oslo: Dreyers forlag, 1983

"Sagaen om Ravnkjell Frøysgode". I: *Norrøn saga 4*, Omsett av Trygve Knudsen. Oslo: Aschehoug, 1996

Hænsa-Þóris saga [HÆ]

"Hen-Thorir's saga", i: (red.) Hreinsson, Viðar: *The Complete Sagas of Icelanders. Including 49 Tales 5*, ss. 239-259. Leifur Eiríksson Publishing, 1997

Internett: "Heimskringla. Norrøne tekster og kvad"; utg. av Guðni Jónsson.

<http://www.heimskringla.no/original/islendingsesagaene/haensathorissaga.php>, lesedato: 21.02.2008

Ísleifs þáttr byskups [Islei]

I: *Íslensk fornrit, XVI Bindi, Biskupa sögur II* ss. 333-338. Utgaven av Ásdís Egilsdóttir. Reykjavík: Hið íslenska fornritafélag 2002

Íslendinga saga [Ísl]

- Sturlunga saga, annað bindi*. Red: Guðni Jónsson. Íslendingasagnaútgáfan, Haukadalsútgáfan, MCMLIV
- ”Íslændinge saga”. I: *Sturlunga saga, første bind*, ss. 210-512, ved Kr. Kålund. København og Kristiania: Gyldendalske Boghandel Nordisk Forlag, 1904
- Jarteinabók Þorláks biskups in forna (Jarteinabók I)* [Jar I]
- I: ”Íslenzk fornrit, XVI Bindi, Biskupa sögur II” ss 101-140. Reykjavík: Hið íslenska fornritafélag 2002
- Jarteinabók Þorláks biskups önnur (Jarteinabók II)* [Jar II]
- I: *Íslenzk fornrit, XVI Bindi, Biskupa sögur II* ss 225-250. Reykjavík: Hið íslenska fornritafélag 2002
- Jóns saga helga hin elzta* [Jón]
- I: *Biskupa sögur, fyrsta bindi*. ss. 149-202. Reykjavík: Hinu Íslenska Bókmentafèlagi. Kaupmannahöfn, 1858
- Kormaks saga* [Kor]
- ”Kormaks saga”. I: *Tre Sagaer om Islændinger*, ss. 91-156. Omsett av Sigríð Undset. Kristiania: Aschehoug & Co (W. Nygaard), 1923
- Lárentíus saga biskups* [Lau]
- I: *Biskupa sögur III, Íslenzk fornrit, XVII bindi*. Ss. 213-441. Red. Guðrún Ása Grímsdóttir. Reykjavík: Hið íslenska fornritafélag, 1998
- Landnámabók* [Lnd]
- Internett: "Heimskringla. Norrøne tekster og kvad"; utg. av Guðni Jónsson.
<http://www.heimskringla.no/original/islendingesagaene/landnamabok/index.php>
lesedato: 04.01.2008
- Laxdæla saga* [Ls]
- Soga om laksdølane*. Norrøne bokverk 3. Omsett av Bjarne Fidjestøl. Oslo: Det norske samlaget (1968)
- Páls saga biskups* [Pál]
- I: *Biskupa sögur, 1. bind*, ss. 125-148. Hinu Íslenska Bókmentafèlagi. Kaupmannahöfn, 1858
- St. Augustin: Confessions*
- Chadwick, Henry (1991): *Saint Augustine Confessions*. Oxford University Press.
- Sturlu saga* [Sturlu]
- I: *Sturlunga saga, fyrsta bindi*. ss. 103-182. Red: Guðni Jónsson. Íslendingasagnaútgáfan, Haukadalsútgáfan, MCMLIV

- ”Hvam-Sturlas saga”. I: *Sturlunga saga, første bind*, ss. 57-115, ved Kr. Kålund.
København og Kristiania: Gyldendalske Boghandel Nordisk Forlag, 1904
- Pátrr Prándar ok Sigmundar* [SB]
”Sigmund Brestessons saga”. I: *Norrøn saga V*, ss. 263-347. Omsett av Rolf Grieg.
Oslo: Aschehoug, 1994
Soga om Sigmund Bresteson. Gamalnorsk grunntekst og nynorsk umsetjing. Ved Jørgen Reitan. Oslo: Det norske samlaget, 1908
- Porgils saga ok Hafliða* [PH]
I: *Sturlunga saga, fyrsta bindi*. ss. 103-182. Red: Gúðni Jónsson.
Íslendingasagnaútgáfan, Haukadalsútgáfan, MCMLIV
”Torgils og Havlides saga”. I: *Sturlunga saga, første bind*, ss. 9-56, ved Kr. Kålund.
København og Kristiania: Gyldendalske Boghandel Nordisk Forlag, 1904
- Þorláks saga byskups hin elzta (Þorláks saga A)* [Þor A]
Saga þorláks biskups hin elzta. I: *Biskupa sögur, Fyrsta bindi*, ss. 89-124. Hinu Íslenzka Bókmentafélagi. Kaupmannahöfn, 1858
I: *Íslenzk fornrit, XVI Bindi, Biskupa sögur II* ss 44-99. Utgiven av Ásdís Egilsdóttir.
Reykjavík: Hið íslenzka fornritafélag, 2002
- Þorláks saga byskups yngri (Þorláks saga B)* [Þor B]
I: *Íslenzk fornrit, XVI Bindi, Biskupa sögur II* ss. 141-224. Utgiven av Ásdís Egilsdóttir.
Reykjavík: Hið íslenzka fornritafélag, 2002
- Víga-Glúms saga* [VG]
”Viga-Glums saga”. I: *Tre Sagaer om Islændinger*, ss. 3-88. Omsett av Sigrid Undset.
Kristiania: Aschehoug & Co (W. Nygaard), 1923

Sekundærlitteratur

- Achen, Henrik v. (2008): ”Depositing the `Depositum Fidei’”. I: Dommasnes, Liv Helga og Melanie Wrigglesworth: *Children, Identity and the Past*. Cambridge Scholars Publishing. ss. 137-161
- Ariès, Philippe (1962): *Centuries of Childhood. A Social History of Family Life*. New York: Vintage Books
- Bagge, Sverre (1992): ”Mann og kvinne i Heimskringla”, i: (Red.) Sellevold, B. et al.: *Fokus på kvinner i middelalderkilder*, ss. 8-31. Viktoria bokforlag
- Bagge, Sverre (1998): *Mennesket i middelalderens Norge. Tanker, tro og holdninger 1000-1300*. Oslo: Aschehoug

- Bandlien, Bjørn (2001): *Å finne den rette. Kjærlighet, individ og samfunn i norrøn middelalder*. Den norske historiske forening
- Bandlien, Bjørn (2005): *Man or Monster? Negotiations of Masculinity in Old Norse Society*. Dissertation for the Dr. Philos. Degree, Universitetet i Oslo
- Borges, Jorge Luis (1969): *Den norrøne litteratur*. Oslo: J.W. Cappelen Forlag as
- Braudel, Fernand (1995): *A History of Civilizations*. London: Penguin Books
- Byock, Jesse L. (1988): *Medieval Iceland. Society, Sagas, and Power*. University of California Press
- Clover, Carol J. (1993): "Regardless of Sex. Men, Women and Power in Early Northern Europe" i: *Speculum. A Journal of Medieval Studies* 68, ss. 363-387. Medieval Academy of America
- Clover, Carol J. (1986): "Maiden Warriors and Other Sons" i: *Journal of English and Germanic Philology*, ss. 35-49. University of Illinois Press
- Cormack, Margaret (2000): "Sagas of saints". I (red.): Clunies Ross, Margaret: *Old Icelandic Literature and Society*, ss. 221-241. Cambridge University Press
- Dommasnes, Liv Helga og Melanie Wrigglesworth (2008): *Children, Identity and the Past*. Cambridge Scholars Publishing
- Egilsdóttir, Ásdís (1993a): "Biskupa sögur". I: (red.) Wolf, Kirsten & Pulsiano, Philip: *Medieval Scandinavia. An Encyclopedia*, ss. 45-46. Garland Publishing, Inc.
- Egilsdóttir, Ásdís (1993b): "Sturlunga saga". I: (red.) Wolf, Kirsten & Pulsiano, Philip: *Medieval Scandinavia. An Encyclopedia*, ss. 616-618. Garland Publishing, Inc.
- Egilsdóttir, Ásdís (2002): "Formáli". I: *Íslensk fornrit XVI. Biskupa sögur II*. Reykjavík: Hið íslenska fornritafélag
- Fidjestøl, Bjarne (1968): "Innleiing". I: *Norrøne Bokverk 3, Soga om laksdølane*, ss 7-18. Oslo: Det norske samlaget
- Goody, Jack (1983): *The Development of the Family and Marriage in Europe*. Cambridge University Press
- Grieg, Rolf (1994): "Sigmund Brestessons saga". I: *Norrøn saga, bind V*, ss 354-355. Oslo: Aschehoug
- Grove, Hjørdis J. (1993): *Barn i norrøn høgmellomalder*. Hovudoppgåve i historie, Universitetet i Bergen.
- Hallberg, Peter (1993): "Sturlunga saga". I: (red.) Wolf, Kirsten & Pulsiano, Philip: *Medieval Scandinavia. An Encyclopedia*, ss. 616-618. Garland Publishing, Inc.
- Hanawalt, Barbara A. (1993): *Growing Up in Medieval London. The Experience of Childhood in History*. Oxford University Press

- Hansen, Anna: *The Precocious Child: A Difficult Thirteenth-Century Icelandic Saga Ideal*.
Upublisert artikkel.
- Heywood, Colin M. (2001): *Barndom*. København: Hans Reizels Forlag (2004)
- Jochens, Jenny (1986): "The Medieval Icelandic Heroine: Fact or Fiction?" i: *Viator: Medieval and Renaissance Studies*, ss. 35-50. Los Angeles: Center for Medieval and Renaissance Studies, University of California
- Kaland, Sigrid H.H. (2008): "Children and Society in the Viking Age". I: Dommasnes, Liv Helga og Melanie Wrigglesworth: *Children, Identity and the Past*. Cambridge Scholars Publishing. ss 51-67
- Kristjánsson, Jónas (2003): "Formáli". I: *Biskupa sögur I, Íslensk fornrit, XV bindi*. Reykjavík: Hið íslenska fornritafélag
- Kålund, Kr. (1904): "Forord", s.III-XV og s. 1-7. I: *Sturlunga saga, første bind*, ss. 210-512, ved Kr. Kålund. København og Kristiania: Gyldendalske Boghandel Nordisk Forlag
- Laqueur, Thomas og Catherine Gallagher (1987): *The Making of the Body: Sexuality and Society in the Nineteenth Century*. Berkeley: University of California Press
- Lie, Hallvard (1994): "Etterord". I: *Norrøn saga, bind V*, ss 357-376. Oslo: Aschehoug
- Lillehammer, Grete (1989): "A Child is Born. The Child's World in an Archaeological Perspective". I: *Norwegian Archaeological Review Vol. 22, No. 2*, s. 89-105. Oslo
- Mause, Lloyd de (1974): "The Evolution of Childhood". I: (red.) Mause, Lloyd de: *The History of Childhood*, ss. 1-73. London: The Psychohistory Press
- Meulengracht Sørensen, Preben (2000): "Ære, politikk og litteratur". I (red.) Hansson, Stina og Malm, Mats: *Gudar på jorden. Festskrift till Lars Lönnroth 2000*, ss 142-151. Brutus Östlings Bokförlag Symposion
- Meulengracht Sørensen, Preben (1995): *Fortælling og ære. Studier i islendingesagaerne*. Oslo: Universitetsforlaget as
- Meulengracht Sørensen, Preben (1989): "Den norrøne litteratur og virkeligheten". I: *Collegium medievale. Tverrfaglig tidsskrift for middelalderforskning nr. 2*, ss 135-145. Oslo: Forening for middelalderforskere
- Miller, William Ian (1990): *Bloodtaking and Peacemaking. Feud, Law, and Society in Saga Iceland*. University of Chicago Press
- Moi, Toril (1998): *Hva er en kvinne?* Oslo: Gyldendal Norsk Forlag as
- Monclair, Hanne (2003): "Utdrag", i: *Lederskapsideologi på Island i det trettende århundre. En analyse av gavegiving, gjestebud og lederfremtoning i islandsk sagamateriale*, ss. 7-141, 259-292. Det historiske fakultet, Universitetet i Oslo.

- Mundal, Else (1994): "The Position of Women in Old Norse Society and the Basis for their Power". I: *NORA nr 1 1994*, ss. 3-11. Scandinavian University Press
- Mundal, Else (1993): "Children, Parents, and Society as Reflected in Old Norse Sources". I: *Nordica Bergensia 27/2002*, ss. 175-191.
- Mundal, Else (1988): "Forholdet mellom born og foreldre i det norrøne kjeldematerialet". I: *Collegium Medievale I*, ss. 9-26. Oslo: Foreningen for middelalderforskere
- Mundal, Else (1985): "Barneutbering". I: *Kvinnors rosengård*, ss. 122-134. Føredrag från nordiska tvärvitenskapliga symposier i aug. Århus 1985 och Visby sept. 1987: Gunneng, Losman, Knudsen og Reinholdt
- Mygland, Sigrid Samset (2003): *Barn i byen. En arkeologisk analyse av gjenstandsmateriale knyttet til barn i Bergen, fra ca. 1100-1700*. Hovedfagsoppgave i arkeologi med vekt på Norden, Universitetet i Bergen
- Nordal, Guðrún (2000): "The contemporary sagas and their social context". I (red.): Clunies Ross, Margaret: *Old Icelandic Literature and Society*, ss. 221-241. Cambridge University Press
- Nordal, Sigurður (1957): *The Historical Element in the Icelandic Family Sagas*. Glasgow: Jackson, Son & Company
- Ólason, Vésteinn (1987): "Norrøn litteratur som historisk kildemateriale". I: *Kilderne til den tidlige middelalders historie. Rapporter til den 20. nordiske historikerkongres. Reykjavik 1987 I*, ss. 30-47
- Ólason, Vésteinn (1993): "Íslendingasögur". I: (red.) Wolf, Kirsten & Pulsiano, Philip: *Medieval Scandinavia. An Encyclopedia*, ss. 333-336. Garland Publishing, Inc.
- Arne Ommedal (1977): "Innleiing". I: *Norrøne bokverk 11, Soga om Grette Ásmundsson*, ss. 7-13. Oslo: Det norske samlaget
- Orme, Nicholas (2001): *Medieval Children*. New Haven og London: Yale University Press (2003)
- Pálsson, Hermann og Paul Edwards: "Introduction". I: *Orkneyinga saga*, ss. 9-20. Edinburgh: Penguin Books
- Percivall, Nic (2000): *Affection Tempered by Pragmatism? The Favouritism Practised by Icelandic Chieftains in the Selection of Heirs in the Twelfth and Thirteenth Centuries up to the End of the Commonwealth*. Master of Philosophy in Nordic Viking and Medieval Studies. Universitetet i Oslo
- Percivall, Nic (2005): *Ideals, Masculinity and Inheritance: A Study of Father/Son Relationships Presented in the Narrative Sources of Iceland and Normandy in the Eleventh to the Thirteenth Century*. Dissertation for the Ph.D, University of Liverpool

- Pollock, Linda (1987): *A Lasting Relationship. Parents and Children over Three Centuries*. Hanover/London: University Press of New England
- Sandberg, Torill (2001): "Empirisk gjennomgang: en komparativ analyse" i: *Kvinner og ære. Kjønnsperspektiv på æresdiskursen i norrøn middelalder*, ss 146-169. UiO
- Schrumpf, Ellen (2007): *Barndomshistorie*. Oslo: Samlaget
- Shahar, Shulamith (1990): *Childhood in the Middle Ages*. London, New York: Routledge.
- Sheehan, Michael M. (1996): *Marriage, Family, and Law in Medieval Europe*. Toronto: University of Toronto Press Inc.
- Skórzewska, Joanna Agnieszka (2007): *Constructing a Cultus. The Life and Veneration of Guðmundr Arason (1181-1237) in the Icelandic Written Sources*. Oslo: Faculty of Humanities, University of Oslo.
- Skórzewska, Joanna Agnieszka: "Sveinn einn ungr fell i syruker" – miracles for Icelandic children. Print av upublisert artikkel.
- Sigurðardóttir, Anna (1985): *Vinna kvenna á Íslandi í 1100 ár*. Reykjavík: Kvennasögusafn Íslands
- Sigurðsson, Jón Viðar; Gjerland, Berit & Losnegård, Gaute (2005): *Ingólfr. Norsk-islandsk hopehav 870-1536*. Selja forlag
- Sigurðsson, Jón Viðar (2005): "Noen hovedtrekk i diskusjonen om det islandske middelaldersamfunnet", i: *Collegium medievale. Tverrfaglig tidsskrift for middelalderforskning nr. 18*, ss 106-143. Oslo. Forening for middelalderforskere
- Sigurðsson, Jón Viðar (1999): *Chieftains and Power in the Icelandic Commonwealth*. Odense University Press
- Steblin-Kamensky, M.I. (1967): "On Nature of Fiction in the Sagas of Icelanders" I: *Scandinavia. An International Journal of Scandinavian Studies* 6, ss. 77-84. Academic Press
- Steinsland, Gro (2005): *Norrøn religion. Myter, riter, samfunn*. Oslo: Pax Forlag As
- Stone, Lawrence (1979): *The Family, Sex and Marriage in England 1500-1800*. London: Penguin Books
- Svanø, Guro Tronstad (2003): *Barns stilling i norrøn middelalder*. Hovudfagsoppgåve: Historisk institutt NTNU Trondheim
- Tulinius, Torfi H. (2000): "Ch. 10: The Matter of the North. Fiction and uncertain identities in thirteenth-century Iceland", i: (red.) Ross, Margaret Clunies: *Old Icelandic Literature and Society 2000*, ss. 242-265. Cambridge University Press
- Undset, Sigrid (1923): "Forord". I: *Tre Sagaer om Islændinger*. Kristiania: Aschehoug & Co (W. Nygaard)

Ward, Benedicta (1982): *Miracles and the Medieval Mind*. Philadelphia: University of Pennsylvania Press

Whaley, Diana (1994): "Miracles in the Sagas of Bishops: Icelandic Variations on an International Theme". I: *Collegium Medievale* 2/1994 (publ. 1996), ss. 155-185. Oslo: Foreningen for middelalderforskere

Weinstein, Donald og Rudolph M. Bell (1982): *Saints & Society. Christendom, 1000-1700*. Chicago og London: The University of Chicago Press

Referanselitteratur

Norske ordbøker

<http://www.dokpro.uio.no/ordboksoek.html>

Zoega, Geir T. (2004): *A Concise Dictionary of Old Icelandic*. Toronto, Buffalo, London: University of Toronto Press / Medieval Academy of America